

Signe Myklebust

”Welcome to this holy mess!”

Kva faktorar er viktige for fleirkulturell integrering i kyrkjelydar i  
Det Norske Baptistsamfunn og Den norske kyrkje?

MGD 300 Masteroppgåve i diakoni

Diakonhjemmet Høgskole

Avdeling for diakoni, familieterapi, helse og leing

Leverd 18.mai 2010 kl. 15.30

Vegleiar: Olav Helge Angell

## Takk ved vegs ende

Å skrive denne oppgåva har eg opplevd som eit stort privilegium. Samstundes har det vore ein krevjande prosess, og eg har fått god nytte av den sosiale kapitalen min (sjå punkt 2.3)!

Eg vil særskilt takke informantane mine, for tid ,tillit, interessante innblikk og gode møter. De er både grunnlaget og ein viktig motivasjon for denne avhandlinga. Valet mitt om å skrive på nynorsk er difor forbunde med ambivalens, då dei av dykk som har innvandrarbakgrunn bruker bokmål. Nynorskbruken min er eit uttrykk for identitet knytt til språk, og språket si evne til både å inkludere og ekskluder - som dermed kjem til uttrykk både i uttrykket og innhaldet ved denne studien.

Eg vil også takke:

- Olav Helge Angell, vegleiaren min, for godt funderte råd og kritiske tilbakemeldingar.
- Lars, Silje H., Sven Thore, Marte og Anders, som alle har bidrege med faglege innspel og/eller språkvask på tekstutkast.
- Alle eg var i kontakt med under kartleggingsarbeidet eg gjorde forut for denne studien, særskilt Sven Thore Kloster, som då var vegleiaren min.
- Magnar Mæland og andre i Baptistsamfunnet som har gitt meg nyttige kontaktar og bakgrunnsinformasjon til studien.
- Lærarar og tilsette ved Diakonhjemmet Høgskule.
- Alle som på ulike måtar har bidrege til å gjere dagane mine gode. Spesiell takk til:  
medstudentane mine på skrivestova, for fellesskap gjennom alt;  
Rabie, for kjærkome påskeavbrekk;  
Anders, for introduksjonen til treningsstudio;  
Iselin, for støtte og delt diakonalt engasjement;  
Kefaya, for verdifull langdistansevennskap;  
mamma og pappa, for oppmuntringar til trening og arbeid;  
Marte, for uunnverleg støtte og kvardagsfellesskap;  
Silje H og Silje K, for vennskap til alle tider.

*Signe Myklebust*

Oslo, 15. mai 2010.

## Innhald

Samandrag .....	5
1.1 Innleiing og bakgrunn .....	6
1.2 Forskingsstatus .....	9
1.3 Problemstilling.....	14
2. Teorikapittel .....	16
2.1 Sosial integrering .....	16
2.2 Språk og identitet.....	17
2.3 Sosial kapital.....	18
2.4 Fleirkulturell integrering - i diakonalt perspektiv.....	20
3. Metode og materiale.....	24
3.1 Utveljing av kyrkjesamfunn og kyrkjelydar .....	24
3.1.1 Det Norske Baptistsamfunn .....	24
3.1.2 Den norske kyrkje .....	26
3.1.3 Utval og presentasjon av kyrkjelydane .....	27
3.2 Metodar for datainnsamling.....	30
3.3 Deltakande observasjon .....	31
3.4 Intervju.....	32
3.5 Analyse av data.....	34
4. Resultat.....	37
4.1 Teologisk tilnærming til fleirkulturell kyrkjelyd.....	37
4.2 Faktorar ved kyrkjelydsleiinga .....	38
4.2.1 Personlege trekk .....	40
4.2.2 Haldning til medlemskap .....	42
4.3 Det første møtet .....	42
4.4 Grunnar til å gå i kyrkjelyden .....	44
4.4.1 Tilhøyrigheit og tillit.....	47

4.4.2 Praktisk hjelp .....	49
4.4.3 Norsk kultur og fleirkulturell fellesskap .....	49
4.5 Aktiv deltaking .....	50
4.6 Tydinga av språk .....	52
4.6.1 Ein stad å lære .....	52
4.6.2 Bruk av fleire språk.....	54
4.6.3 Språk og identitet .....	56
5. Drøfting .....	58
5.1 Teologisk tilnærming.....	58
5.2 Faktorar ved kyrkjelydsleiinga .....	59
5.2 Det første møtet .....	60
5.3 Grunnar til å oppsøke kyrkjelyden .....	61
5.4 Aktiv deltaking og sosial tilhøyrighet .....	63
5.5 Tydinga av språk .....	65
6. Konklusjon .....	67
Litteratur.....	70
Vedlegg .....	74

## Samandrag

Relevante søkeord:

*Fleirkulturell integrering, kyrkjelyd, diakoni, inkluderande fellesskap, sosial kapital*

Studien ser på kva faktorar som er viktige for fleirkulturell integrering i kyrkjelydar i Den norske kyrkje og Det Norske Baptistsamfunn. Bakgrunnen er ein veksande fleirkulturell tendens i det norske samfunnet, deriblant eit stort antal kristne innvandrarak. Studien er kvalitativ, med hovudvekt på intervju med innvandrarak og leiarar i tre ulike kyrkjelydar.

Fleirkulturell integrering er ein tovegs prosess, der første trinn er deltaking. Kristne innvandrarak søker til kyrkjelyden av svært ulike grunnar. Både sosial og sakral fellesskap er sentralt her. Andre behov som ligg til grunn er knytt til borna til innvandrarakane eller eit behov for å bli høyrta. Det sosiale aspektet ved det første møtet er viktig for vidare kontakt mellom kyrkjelyden og innvandraren.

Neste skritt i integreringsprosessen er samhandling. Sosiale møtestader i kyrkjelyden har ei tyding her, men for å skape tilhøyrighet og tillit er kontakt utanom kyrkjelydsaktivitetane også sentralt. Dette er det mindre av i kyrkjelydane i Den norske kyrkje. Kyrkjelydsdeltaking i Baptistsamfunnet genererer difor mest sosial kapital. Medlemskap er mindre viktig for fleirkulturell integrering i Den norske kyrkje, og konfesjonsbakgrunn har heller ikkje avgjerande tyding. Aktiv deltaking er den klart viktigaste faktoren for fleirkulturell integrering i begge kyrkjesamfunna, ved sidan av sosial tilhøyrighet. Desse to aspekta er det sentrale ved tredje og siste trinn i integreringsprosessen.

Den teologiske motivasjonen til grunn for fleirkulturell kyrkjelyd er ønskje om eit inkluderande fellesskap. Leiinga spelar ei viktig rolle for fleirkulturell integrering, mellom anna gjennom å utvise openheit.

## 1.1 Innleiing og bakgrunn

Tittelen på denne oppgåva er ”Welcome to this holy mess!”. Desse orda møtte oss som deltok på ei internasjonal økumenisk gudsteneste i Ljungskila i Sverige tidlegare i år. Presten ønska oss velkomne til eit heilag, kaotisk gudstenestefellesskap. Dobbeltheita i utsegna er talande.

Temaet for oppgåva er fleirkulturell integrering i kyrkjelydar i Det Norske Baptistsamfunn og Den norske kyrkje. Noko av bakgrunnen for at eg vel å skrive om denne tematikken, er at eg budde i Etiopia nokre år under oppveksten min. Her hadde eg gleda av å gå i ein fleirkulturell luthersk kyrkjelyd. I Noreg, som i veksande grad er fleirkulturelt, er religions- og livssynsdialog ei naudsyn og sentral tilnærming. Men eg har også eit ønske om at også kyrkjelydsfellesskapa skal gjenspegle det fleirkulturelle mangfaldet meir enn det som er tilfelle i dag. I samband med dette vil eg i denne oppgåva sjå på faktorar som er viktige for fleirkulturell integrering i kyrkjelyd.

Dette temaet er også relevant i ein større samanheng. Fleirkulturell integrering i kyrkja er eit tema som har fått større merksemd dei siste åra. Dette viser igjen i medieoppslag og dagsorden i kyrkjelege organ og nettverk<sup>1</sup>. Kirkelig nettverk for integrering av flyktningar og innvandrere og Kristent Interkulturelt Arbeid er to økumeniske aktørar som arbeider på dette feltet. Vidare trekk Stortingsmelding nr 49 (2003-2004) ”Mangfold gjennom inkludering og deltakelse. Ansvar og frihet” fram religion som ein døropnar til samfunnsdeltaking<sup>2</sup>. I omtalen av religiøse fellesskap vert det slått fast at kontakta med ”noe velkjent og en følelse av trygghet kan være et godt grunnlag for videre deltakelse i lokalsamfunnet”. Det offisielle Noreg anerkjenner altså at kyrkjelydar som lykkast med integrering av innvandrarar legg eit godt grunnlag for integrering også i storsamfunnet. I denne studien vil eg forsøke å identifisere nokre av faktorane som skaper ei slik ønska integrering, då i kyrkjelyden.

Ei undersøking frå Kristent Interkulturelt Arbeid (KIA) viser at heile 59% av innvandrane i Noreg kjem frå land der kristendommen er største religion (Kristent Interkulturelt Arbeid (KIA), 2009). Undersøkinga justerer den utbreitte oppfatting av at innvandrarar flest er muslimar. Den gir ein klar peikepinn om at det er ein stor andel kristne blant innvandrane i Noreg. Men å komme frå eit land som er dominert av kristendommen,

---

<sup>1</sup>, (Olsen, 16.11. 2009; Oslo, 2010) (Færaas, 16.10.2009; Holbek, 16.11.2009; Vigdis-Merete Rønning, 2010; Vigdis-Merete Rønning, 2010; Sødal, 26.10.2009)

<sup>2</sup> (Stortingsmelding, nr 49 (2003-2004): Avsnitt 1.7.7 )

som er alt denne statistikken seier noko om, er ikkje einstyddande med å ha kristen tilhøyrighet. I følgje SSB finst det ikkje klare tal på religiøs bakgrunn hos innvandrara i Noreg (SSB, 2010).

Talet på innvandrara i Noreg pr 01.01.2009 var 423 000 (SSB, 2010). Både her og elles i denne oppgåva, er ”innvandarar” forstått som utanlandsfødde med to utanlandsfødde foreldre. I tillegg kjem 86 000 personar som er norskfødde med innvandarforeldre. Til saman utgjer desse gruppene 10,6 prosent av den samla folkesetnaden (SSB, 2010). I mange av dei kristendomsdominerte landa som innvandarane i Noreg kjem i frå, er derimot katolisismen største kristne konfesjon<sup>3</sup> (Kristent Interkulturelt CIA; Kristent Interkulturelt Arbeid (KIA), 2009). Men det er ikkje sjølvstund at kristne innvandarar søker til same konfesjonsfellesskap som dei tilhøyrte i heimlandet. Det er difor viktig at protestantiske kyrkjesamfunn har ei opa haldning i møte med alle kristne innvandarar.

Studien til Vad Nilsen er sentral som bakteppe for min studie. Det er difor naudsynt å merke seg at forskinga har nokre svakheiter. Ho intervjuar til saman 24 tilsette i kyrkjelydane<sup>4</sup>, men hadde berre uformelle samtalar med kyrkjelydsdeltakarar med innvandarbakgrunn (Vad Nilsen, 2009: 47-48). Dermed har ho lite førstehandsinformasjon frå dei som er i kjernen av tematikken. Vidare har Vad Nilsen sett vekk frå eit overordna forhold ved studien: Fleirtalet, om ikkje alle, innvandarane i kyrkjelydane ho studerer, er asylsøkarar eller dei har tidlegare vore det. Dette gjer at biletet vert lite representativt for ”innvandarar”, som også omfattar arbeidsinnvandarar, folk som er gifte med nordmenn eller har flytta til landet på grunn av studiar eller heilt andre forhold. Ofte vert omgrepet innvandarar umiddelbart forbunde med innflyttarar frå ikkje-vestlege land (Brochmann, 2006: 63). Dette er det viktig å differensiere, då desse, som i seg sjølv er svært ulike, berre utgjer ei av mange innvandarargrupper. Eg vil seinare kome meir inn på bakgrunnen til informantane i denne studien.

Forstått innanfor ramma til Den norske kyrkje er det ei hake ved diakoniforståinga som Vad Nilsen legg til grunn i studien. Med referanse til Plan for diakoni i Den norske kyrkje (Kyrkerådet, 2008) skriv ho at: ”Det etniske mangfoldet knyttes her opp mot lidende menneske, nye nordmenn blir ikke betraktet som aktive deltakere i menigheten” (Vad Nilsen,

---

<sup>3</sup> Her følger dei kristendomsdominerte landa som har flest innvandarar i Noreg. Talet viser antal innvandarar pr 01.01.2009: Polen 42471, Sverige 27468, Tyskland 19596, Danmark 17787, Russland 12759, Storbritannia 11613, Filippinene 11033. I følgje CIA er katolisismen største konfesjon i to av desse (Polen (89%) og Filippinene (80,9%)). Den russisk ortodokse kyrkja har flest tilhengarar i Russland (15-20 %, dette talet viser aktivt praktiserande). I Tyskland er 34% protestantar, og like mange er katolikkar (CIA).

<sup>4</sup> Nokre av dei tilsette har innvandarbakgrunn.

2009: 46). Ho hevdar også at hjelp og omsorg er dei sentrale aspekta i det rådande diakonisynet i Den norske kyrkje (Vad Nilsen, 2009: 46-47). Vidare set ho diakoni opp i mot integrering: ”Prosessen fra diakonalt arbeid til å integrere innvandrere som likeverdige deltakere i menighetslivet er lang og rekver både omtanke og bevissthet” (Vad Nilsen, 2009: 55) Ser vi på Plan for diakoni er det derimot vanskeleg å forsvare at diakoni og integrering er motpartar. *Inkluderande fellesskap* er nemninga på det diakonale området der fleirkulturell integrering, og møte med innvandrarar vert omtala. I motsetnad til det Vad Nilsen hevdar, vert aktiv deltaking haldt fram som sentralt (Jordheim, 2009: 21-22; Kyrkjerådet, 2008), sjå meir om dette under punkt 2.4. Dette er ei viktig presisering, då diakoni skal utgjere ein dimensjon som gjennomsyrrar alt kyrkjelydsarbeid (Kyrkjerådet, 2008: 12). Det er difor nærliggjande å tenke at diakonisynet får følgjer for tilnærminga til fleirkulturell integrering i kyrkjelyden.

Frå kyrkjeleg hald er det publisert noko stoff om fleirkulturell integrering i kyrkja som er sentralt for denne studien. Ekumenik i Norden ga i 2008 ut rapporten *Together or a p a r t?* i etterkant av ein nordisk konsultasjon om immigrasjon og kyrkjelandskap i endring. Artikkane her er primært erfaringsbaserte. Fordi dei er interessante for analysen min vil eg presentere nokre av poenga herifrå:

- Teologen Saba, som jobbar med fleirkulturelt arbeid i den lutherske kyrkja i Finland, understrekar behovet for ei inkluderande kyrkje. Han argumenterar for at kyrkja må sjå på innvandrarar som eit positivt potensiale for lokalkyrkjelyden, i staden for ei separat gruppe. Inkludering må også vise igjen i samarbeid og i kyrkja sitt leiarskap (Saba, 2008: 47).
- Pastor Mubiri, som jobbar i ei fleirkulturell pinsekyrkje i Gøteborg, er sterkt kritisk til å bruke omgrepet integrering i kyrkja. Han føretrekk bibelske omgrep, som ”familie” og at ”vi alle er lemmer på same kropp” (1.Kor 12: 12:20) . Han hevdar at ved å omtale kvarandre som folk og som kristne, i staden for innvandrarar, unngår vi å sette kvarandre i bås (Mubiru, 2008).
- Munck-Fairwood, nasjonal koordinator ved Tværkulturelt Center i Danmark, fortel at mange innvandrarar opplever at dei ikkje blir sett i den danske folkekyrkja. Men dersom dei startar eigne kyrkjelydar, er folkekyrkja meir interesserte i kontakt. Først då går dei frå å vere ”nobody til somebody” (Munck-Fairwood, 2008: 24). Ho viser til erfaring som fortel at det første møtet mellom innvandraren og kyrkjelyden er avgjerande for kontakta vidare (Munck-Fairwood, 2008: 18). Vidare påpeikar ho at kyrkjelydsleingane må vere opne og fleksible i



forhold til korleis fleirkulturell integrering utspelar seg. Det er viktig å lytte til kva andre treng, ikkje berre trur at ein veit det (Munck-Fairwood, 2008: 25).

## 1.2 Forskingsstatus

Eg vil no presentere den forskinga som er aktuell på dette tematiske området. Dei siste åra er det utført to empiriske studiar av fleirkulturelle kyrkjelydar i Den norske kyrkja, desse er utført av Vad Nilsen (Vad Nilsen, 2008a, 2008b, 2009) og Gullaksen (Gullaksen, 2009a, 2009b). Det er ikkje gjort empiriske studiar om fleirkulturell integrering i Det Norske Baptistsamfunn. Gulsett (2007) har utført ein studie av ein fleirkulturell kyrkjelyd innanfor eit ikkje namngitt frikyrkjesamfunn i Noreg. Hennar tilnærming er fellesskapsdanning. Det er også gjort fleire studiar av immigrantkyrkjelydar, både i Noreg og internasjonalt. Immigrantkyrkjelydar er særleine religiøse forsamlingar basert på etnisitet, som dannar eit alternativ til etablerte religiøse forsamlingar. Slike kyrkjer er initiert av ein innvandrar eller flyktning. Majoriteten av deltakarane er ikkje norske, språket er ikkje (berre) norsk og pastoren er ikkje etnisk norsk<sup>5</sup> (Munck-Fairwood, 2008: 20). Studiane av immigrantkyrkjelydar vel eg å sjå vekk i frå, då tradisjonelle kyrkjelydar er mitt studieobjekt.

Eit mål ved min studie er å samanlikne mine empiriske funn, og analysane av desse, med dei to føreliggande studiane av fleirkulturelle kyrkjelydar i Den norske kyrkje, og då særskilt studien utført av Vad Nilsen (Vad Nilsen, 2008a, 2008b, 2009). Sidan ei forståing av Vad Nilsen si forskning er relevant for utarbeidinga av mi eiga problemstilling vil eg presentere hovudtrekk ved Vad Nilsen sin studie allereie her. Denne studien omhandlar innvandrar si deltaking og plass i tre kyrkjelydar langs Noregskysten, og faktorar som skapar eller motverkar fleirkulturell integrering. Alle kyrkjelydane ligg på stader som er for små til at det er nærliggande å etablere immigrantkyrkjelydar her. Vad Nilsen har brukt deltakande observasjon og intervju som viktigaste metodiske innfallsvinklar. Ho har intervjuar tilsette i kyrkjelydane, og i tillegg hatt meir uformelle samtalar med innvandrara som går i kyrkjelyden (Vad Nilsen, 2009: 47).

Sentrale funn i Vad Nilsen sin studie er knytt til presten si rolle, kyrkjelydsleiinga si tilnærming til det fleirkulturelle og inkludering av ulike språk og kulturelle uttrykk. Vad Nilsen skriv også at ”spørsmål om medlemskap skulle være en indikator på integrering og fullverdig deltaking i menighetens liv” (Vad Nilsen, 2009: 47) Ho finn at medlemskap er eit lite omtala tema i kyrkjelydane. Ei side ved dette er at mange reknar med at dei automatisk

---

<sup>5</sup> Munck-Fairwood sin definisjon er basert på dansk kontekst. Der ho har brukt ”dansk”, bruker eg ”norsk”.

blir medlem av *statskyrkja*, Den norske kyrkje, når dei kjem til landet. Samstundes er prestane redde for å bringe medlemskap på bane i samband med dåpssamtale og vigselssamtale. Vad Nilsen stiller spørsmålsteikn ved denne praksisen, men ho konkluderer ikkje tydeleg i forhold til om medlemskap verkeleg er ein indikator for integrering og fullverdig deltaking (Vad Nilsen, 2008a: 30, 2009: 52).

I følge Vad Nilsen er det få av innvandrarane i dei kyrkjelydane ho studerte som ser ut til å ha eit ønskje om å bli assimilert inn i den norske måten å gjere ting på. Dei fleste har behov for eit kristent fellesskap ilag med "sine egne" som ivaretek den religiøse tradisjonen heimanfrå, gjerne som eit supplement til den meir norskbaserte fellesskapen. I den eine kyrkjelyden i studien hennar har ei afrikansk gruppering ein slik praksis. I følge Vad Nilsen gir dette sosial kapital til dei nykomne afrikanarane, fordi det er ein sosial fellesskap der dei tilbyr kvarandre hjelp og deler kunnskap om norske forhold (Vad Nilsen, 2008a: 32, 2008b: 2).

Inkluderande gudstenestefeiring med bruk av ulike språk og kulturelle uttrykk vert etterlyst av fleire informantar i Vad Nilsen sin studie, men prestane opplever dette som utfordrande og lite ønskjeleg (Vad Nilsen, 2009: 51). Presten si rolle vert framheva som sentral i forhold til om gudstenestefeiringa og kyrkjelyden elles fungerer som ein inkluderande fellesskap (Vad Nilsen, 2009: 54). Vad Nilsen ser også på andre forhold ved kyrkelydsleiinga. Her konkluderer ho med at kyrkjelyden må ha eit samla fokus på integrering for å lykkast (Vad Nilsen, 2009: 54). Ho påpeikar vidare at kyrkjelydane truleg må gjere eit val mellom å invitere til religionsdialog *eller* til fleirkulturelt kristent fellesskap. Bakgrunnen for dette er at mange kristne innvandrarar har negative erfaringar knytt til det å vere kristen minoritet i eit muslimsk land. Ei anna erfaring til grunn for dette er at konvertering frå islam til kristendommen er vanskeleg å akseptere for mange muslimar (Vad Nilsen, 2008a: 30).

Vad Nilsen sin studie konkluderer med at organisert samarbeid mellom kyrkjelyden og ei gruppe av innvandrarar, ofte er enklare enn å integrere innvandrarar enkeltvis i kyrkjelyden. Dette handlar om at dei som gruppe lettare kan definere egne behov og ønskjer, slik at samarbeidet vert likeverdig (Vad Nilsen, 2008a: 33, 2008b: 2, 2009: 54).

I dei kyrkjelydane Vad Nilsen studerte, er diakoni ofte det første skrittet mot fleirkulturell integrering. Grunngevinga er at mange av innvandrarane i studien oppsøkte kyrkjelyden fordi

dei trengte hjelp. Ho trekk også fram at diakonen var den første dei var i kontakt med (Vad Nilsen, 2008a: 27-28).

Eg vil også kort presentere Gullaksen (2009) si masteravhandling i teologi ved MF. Studien omhandlar inkludering av innvandrarakar i Den norske kyrkje, sett i eit ekklesiologisk perspektiv. Ho tok for seg ein lokalkyrkjelyd i ein norsk drabantby med stort mangfald. Her intervjuar ho fire kyrkjelege medarbeidarar og fem ikkje-vestlege innvandrarakar. Hovudfunnet hennar er at behova til innvandrarakane i kyrkjelyden ikkje vert sett. Dei ønskjer seg kyrkjelydsfellesskap for seg sjølv og barna sine, ikkje spesialtilpassingar eller praktisk hjelp. Dei deltek på gudstenester, og nyttar seg av søndagsskuletilbod. Men innvandrarakane har lite kjennskap til andre aktivitetar i kyrkjelyden, og til moglegheit for aktiv deltaking og påverknad. Dei tilsette i kyrkjelyden gir på si side uttrykk for at dei ikkje har ressursar til å inkludere innvandrarakane ytterlegare i arbeidet (Gullaksen, 2009a, 2009b).

Eg vil også presentere evalueringa av eit kyrkjeleg integreringsarbeid i Danmark, fordi eg seinare vil sjå denne evalueringa opp i mot resultata i mi forskning. Folkekirkens Tværkulturelle Samarbejde (FTS) i Odense er ikkje ein kyrkjelyd, men ein organisasjon som har gudstenestefeiring som ein del av tilbodet sitt. Syddansk Universitet i Danmark har stått for evalueringa, som viser at innvandrarakar som kjem hit, uansett tru, verdsett det kristne fundamentet til organisasjonen. Integreringsfremjande aktivitetar knytt til språk og samfunn, det sosiale og det tverreligiøse, utgjer eine del av arbeidet. I tillegg kjem gudstenestetilbodet, som er mynta på kristne innvandrarakar som ikkje finn seg til rette i eit dansk folkekyrkjemiljø. I følgje evalueringa er grunnen til at dei ikkje trivst i den danske folkekyrkja at kyrkjelydsfellesskapen her vert opplevd som lukka og vanskeleg å forstå. I dei fleirkulturelle gudstenestene, som er språkleg og liturgisk tilpassa deltakarane, opplever kristne innvandrarakar stor fridom og tryggleik (Gravesen & Frandsen, 2008: 26).

Evalueringa viser også at Folkekirkens Tværkulturelle Samarbejde spelar ei sentral rolle for innvandrarakane i forhold til læring av dansk språk og kultur, utvikling av sosialt nettverk og tverreligiøs forståing. Både informantane og forskarane i studien trakk fram den udelte varme velkomsten alle vert møtt av her. Mange av innvandrarakane hadde opplevd å bli møtt med mistru, kontroll og enda til av vald, dette var difor ei sjeldan oppleving. Denne møteplassen er difor svært kjærkomen. Her får dei også hjelp til problem dei møter i kvardagen. Gravesen og Frandsen, som utførte evalueringa, understrekar den sentrale tydinga av at det finst slike stader der innvandrarakar vert møtt av venlegheit og interesse. I tillegg svarer det på eit behov

hos flyktningar og innvandrarak for kontakt med ”gamledanskar”(Gravesen & Frandsen, 2008: 19).

I falgje evalueringa har prosjektleiarane ei sentral tyding for organisasjonen (Gravesen & Frandsen, 2008). Leiarane er eit dansk par med lang misjonarerfaring frå Midt-Austen. Nettopp kjennskapen deira herifrå, til språk, kultur og historie har vore med på å bryte ned barrierar i møte med innvandrarak som oppsøker arbeidet. Dei har stått fritt i utforminga av tilbodet, og opplever arbeidet som ein livsstil. Det personlege engasjementet deira vert presentert som avgjerande for arbeidet (Gravesen & Frandsen, 2008: 21).

Det danske integrasjonsarbeidet som eg no har presentert er i stor grad basert på frivillig arbeid. Frivillig arbeid si tyding for samfunnsmessig integrering er eit felt som har fått større merksemd i seinare tid (Christensen, 2006; Christensen & Christensen, 2006; Hagelund & Loga, 2009).

Frå nordisk hald vil eg gå vidare til anna internasjonal forskning på feltet. Innvandring og religion er ein tematikk som har vore mykje belyst dei seinare åra. Forsking viser at kyrkjelydar er sentrale arenaer for opparbeiding av *sosial kapital* (Smidt 2003, Ammerman 2001, Putnam 2000). Studien til den amerikanske sosiologen Ammerman viser at dette har samanheng med at kyrkjelyden er prega av eit tydleg likskapsprinsipp. Det er ein arena med moglegheiter for deltaking for alle, uavhengig av klasse og bakgrunn. Også for folk som ikkje slepp til andre stader er kyrkjelyden ein stad å bli sett og høyr. I falgje Ammerman spelar særskilt immigrantkyrkjelydar ei sentral rolle som talerør for innvandrarak (Ammerman, 1997: 363). Men også tradisjonelle kyrkjelydar opnar for brei deltaking. Studien fortel om ein fleirkulturell som bruker ulike musikalske stilar i gudstenestfeiringa. Slik lærer kyrkjelydsmedlemmene å sette pris på forskjellar hos kvarandre. Felles gudstenester gjer også at dei kvite utviklar eit meir avslappa forhold til tid (Ammerman, 1997: 215).

Kyrkjelydar si tyding for sosial kapital er påvist i ulike religionar. Men tysk forskning viser at i kristendommen, og då særleg protestantismen, har kyrkjelydsengasjement tydlege følgjer også utanfor kyrkjelydsarenaen. Hos tyske protestantar viser kyrkjelydsdeltaking også igjen i auka samfunnsmessig engasjement (Traunmüller, 2009). Dette fører meg vidare til ei norsk undersøgking frå 2004, som omhandlar samanhengen mellom sosial kapital og deltaking/medlemskap i organisasjonar (Strømsnes, 2004). Undersøgkinga viser at formell medlemskap i seg sjølv ikkje bidreg til opparbeiding av sosial kapital, aktiv deltaking må også

til. I demokratiske organisasjonar kan det også forventast at regelmessig deltaking har meir å seie enn passivt organisasjonsmedlemskap. Vidare viser undersøkinga at sosial tillit og toleranse ikkje er høgare blant nordmenn med medlemskap i trus- og livssynssamfunn enn i andre samfunnsgrupper (Putnam, 2000; Strømsnes, 2004: 15). Eg vil gå meir inn på ulike former for sosial kapital samt samanhengen mellom kyrkjelyd og sosial kapital under punkt 2.3.

Sosiologane Ebaugh og Chafetz (2000a og b) har gjort ein studie av tretten kyrkjelydar i nordamerikansk kontekst, som er av ulik konfesjonell og etnisk art. Studien deira viser at språk medfører identitetsrelaterte dilemma i både fleirkulturelle kyrkjelydsfelleskap og i immigrantkyrkjelydar. Eit hovudfunn i studien er at bruk av morsmål i immigrantkyrkjelydar bidreg til å skape tryggleikssoner og til å reprodusere den opphavlege etniske identiteten til medlemmene (Ebaugh og Chafetz 2000a og b). Eg vil sjå nærare på funn som er sentrale for fleirkulturelle kyrkjelydar under punkt 2.2.

### **Bakgrunn for problemstillinga**

Med dette som bakteppe vil eg gå over til å presentere fokus i min studie. Først vil eg slå fast at eg har sett fire grunnar til at dette er eit sentralt tema å ta tak i. Eit utgangspunkt er at eg har personleg interesse for denne tematikken. Vidare er det også interesse for tema blant kyrkjelege og politiske aktørar. Samstundes ser eg at forskinga som er gjort på dette feltet i Noreg er ufullstendig. Som diakonistudent vil eg også slå fast at dette er eit viktig tema fordi det angår mange menneske. Å oversjå behovet for fleirkulturell integrering vil true sentrale diakonale prinsipp knytt til fellesskapstenking og nestekjærleik (sjå punkt 2.4).

I studien av fleirkulturell integrering er målet mitt å identifisere faktorar som er viktige i denne prosessen. Eg har kome fram til faktorane etter ein abduktiv forskingsprosess. Slike forskingsprosessar er kjenneteikna av ein vekselverknad mellom erfaringar frå feltet og teoretiske perspektiv (Thagaard, 2003: 177). I denne oppgåva vil dei teoretiske perspektiva kome fram i ein dialog med eksisterande arbeid, særleg Vad Nilsen og Gullaksen.

Oppgåva til Gullaksen skildrar ein kyrkjelyd som ikkje lukkast i å inkludere innvandrarane på den måten dei har behov for. Analysen av kyrkjelydar som er tydeleg fleirkulturelle i form av deltaking vil difor gi andre resultat og bidra med utfyllande informasjon. Vad Nilsen ser på

fleire forhold knytt til fleirkulturell integrering, men som nemnt over etterlysar eg ei bevisstheit knytt til at langt frå alle innvandrarakar er asylsøkarar. Eg vil difor sjå kva som ligg bak val av kyrkjelyd hos innvandrarane. Her vil eg kome inn på tydinga av sosial kapital. Vad Nilsen ser på kyrkjelyden som generator for sosial kapital, men omtalar dette berre i samband med immigrantkyrkjelydar/segregerte fellesskap. Eg ønskjer difor å sjå på kva tyding sosial kapital har for fleirkulturell integrering i tradisjonelle kyrkjelydar.

### 1.3 Problemstilling

Eg vil begynne der det heile startar, med det første møtet mellom innvandrarane og kyrkjelyden. Det er avgjerande for fleirkulturell integrering at innvandrarane oppsøker kyrkjelyden først ein gong, og at dei seinare gjer det igjen. Erfaringane knytt til det første møtet er difor interessante å sjå på. Kor vidt ein varm velkomst er avgjerande for at dei kjem tilbake, og gradvis blir ein del av kyrkjelydsfellesskapen, er eit aspekt ved dette. Her vil eg gjere merksam på at informantane mine er vaksne, og det er difor vaksne sine erfaringar og behov som står i fokus for denne studien.

Eg vil også ta tak i eit bakanforliggende premiss: Kvifor oppsøker innvandrarane kyrkjelyden? Kva behov og ønskjer ligg til grunn for at dei søker til denne samanhengen? Det er lett å ta for gitt at dette handlar om behov for eit kristent fellesskap, men kan hende ligg det også heilt andre forhold til grunn. Som gruppe er innvandrarar langt meir ulike enn nordmenn. Det er sentralt å ha kjennskap til kva som gjer at dei oppsøker kyrkjelyden, for å vurdere kor vidt kyrkjelyden svarer på behova og dermed tilrettelegg for fleirkulturell integrering.

Kva er så viktig for innvandrarane si deltaking i kyrkjelyden i dag? Er dette dei same faktorane som gjorde at dei oppsøkte kyrkjelyden den første gongen? Kanskje har dette endra seg, slik at det no er andre, eller fleire sider, ved deltakinga i kyrkjelyden som er viktige. Eg vil sjå på tydinga av aktiv involvering, og om dette er noko kyrkjelydane opnar for og inviterer til. Vidare vil eg sjå på kva tyding språk har i den fleirkulturelle fellesskapen. Er det behov for tilrettelegging og tilpassing, som tolking og bruk av eit enkelt språk? Har innvandrarane ein praksis eller eit ønske som inneber bruk av egne morsmål i kyrkjelyden?

Eg vil også sjå på forhold ved kyrkjelydsleiinga. Generelt sett har leiing stor tyding både i og for organisasjonar, eg vil difor sjå på kva faktorar ved kyrkjelydsleiingane som kan ha tyding

for fleirkulturell integrering i kyrkjelyden. På bakgrunn av at eg undersøker desse faktorane vil eg også sjå på kva forhold som har ekskluderande, altså motsett, verknad.

Utgangspunktet mitt for studien er denne problemstillinga:

*Kva faktorar er viktige for fleirkulturell integrering i kyrkjelydar i Det Norske Baptistsamfunn og Den norske kyrkje?*

Eg vil gje ei forklaring på kva eg legg i denne problemstillinga. Med *viktige faktorar* meiner eg forhold som er av sentrale og er av tyding for fleirkulturell integrering (Kunnskapsforlaget). Omgrepet *fleirkulturell* refererer til at kyrkjelydane er samansett av folk med ulik kulturell bakgrunn. Verdiar, livsstil og verdsbilete er sentrale faktorar ved kultur (Døving 2009:7). Også omgrep som tverrkulturell og multikulturell famnar dette, men eg vil primært bruke fleirkulturell. Hylland Eriksen påpeikar at ein fare ved omgrepet fleirkulturell er at det overdriv likskapstrekk internt, både blant nordmenn og i dei andre ”kulturane”. Det opprettheld også ei oppfatting av at kultur er noko statisk, og at det er skarpe kulturelle grenser mellom nordmenn og innvandrarar (Hylland Eriksen, 1997: 29-30). Eg bruker omgrepet det for å understreke at studieobjektet mitt er tradisjonelle norske kyrkjelydar, som har eit større kulturelt mangfald enn tidlegare. Dette forholdet aktualiserer fleirkulturell *integrering* (sjå kapittel 2.1). Eg vil identifisere faktorar som er viktige for fleirkulturell integrering i kyrkjelydane ved hjelp av desse underspørsmåla:

- a) Kva faktorar ved kyrkjelydsleiinga er sentrale for fleirkulturell integrering?
- b) Kor viktig er det første møtet mellom innvandrarane/innvandrarane og kyrkjelyden?
- c) Kva faktorar ligg bak valet av kyrkjelyd for innvandrarane? Og kvifor vert dei verande i kyrkjelyden?
- d) Kva har aktiv involvering i kyrkjelyden å seie for fleirkulturell integrering?
- e) Kva tyding har språk for fleirkulturell integrering i kyrkjelyden?


## 2. Teorikapittel

### 2.1 Sosial integrering

Omgrepet integrering kjem frå latin og tyder ”å gjere heil”. Det vert brukt om å føye saman delar til ein heilskap (Døving 2009:8). Eg vel å bruke sosiologen Martikainen sin definisjon av sosial integrering. Her har eg omsett til norsk dei delane av definisjonen som er relevante for min bruk:

Integrasjon er prosessane som innlemmar enkeltindivid og grupper av innvandrara på ulike sosiale arenaer og segment i det nye vertslandet. Integrasjon er ein tovegsprosess der både innvandrara og vertssamfunnet får nye kjenneteikn/særpreg som resultat av interaksjonen dei i mellom (Martikainen, 2005: 3).

Prosessforståinga av integrering er sentral i Martikainen sin definisjon. Eg er inspirert av sosiologen Christensen si tredeling av denne integreringsprosessen (Christensen, 2006; Christensen & Christensen, 2006: 26). Både prosessforståinga og termane ho bruker er nyttige for prosjektet mitt. Men for å få omgrepsapparatet til å passe inn i mitt forskingsopplegg, har eg gjort litt om på det. Grunnen til dette er at hos Christensen handlar tredje trinn om integrering i *storsamfunnet*. Min analyse avgrensar seg til integrering i *kyrkjelyden*, eg treng difor ei prosessforståing som held seg til dette nivået. Tredelinga vert difor slik:



1. *Deltaking*: Det eg legg i deltaking dreier seg berre om å vere tilstades i kyrkjelyden, uavhengig av kor ofte eller på kva for arrangement denne deltakinga skjer. Deltakinga inneber uforpliktande møter med andre i kyrkjelyden, både frivillige, brukarar og tilsette, og er første skritt på veg mot integrering.

2. *Interaksjon*: Deltaking i kyrkjelyden vil ofte innebere kontakt og uforpliktande møter med andre på denne sosiale arenaen. Gjennom denne interaksjonen kan deltakarane utveksle idear og haldningar. Også praktisk samhandling er ei sentral side ved dette trinnet.

3. *Integrering*: Skrittet som følgjer interaksjon er integrering. Dette skjer ved at den nye deltakaren blir med på planlegging og gjennomføring av aktivitetane ilag med andre frivillig og tilsette. Her kan deltakaren trekke veksle på eigne erfaringar og opplevingar. Det er ein



føresetnad for integrering at deltakaren vert lytta til, og at han vert involvert og får innverknad. I tillegg til aktiv deltaking, er anerkjening og respekt sentrale ingrediensar i sosial integrering. Eit anna viktig aspekt er nettverks- og fellesskapsdanning mellom den nye, som her er innvandrarane, og andre deltakarar i kyrkjelyden (Christensen & Christensen, 2006: 26-27). Også Hagelund og Loga ser på nettverk og organisasjonsdeltaking som uttrykk for sosial integrering (Hagelund & Loga, 2009: 16). Kor vidt også medlemskap er ein premiss for integrering, vil eg kome inn på i drøftingsdelen av oppgåva.

Assimilering og segregering er andre modellar som skildrar etableringsprosessar mellom innvandrarane og storsamfunnet. Integrering er ein motsats, og såleis ein gylden middelveg, til både segregering og assimilering. Segregering tyder utskilling, og innebere lite kontakt og kulturell utveksling mellom ulike etniske grupper. Den andre motsatsen er assimilering, som medfører utvisking av eigne kulturelle særtrekk og at innvandrarane vert absorbert inn i majoritetskulturen. Assimilering kan anten vere eit resultat av eit val hos den enkelte innvandrar, eller det kan vere eit krav frå majoriteten (Døving, 2009: 9; Hagelund & Loga, 2009: 16).

Integrering kan omhandle mange og svært ulike prosessar. I denne studien er fleirkulturell integrering i fokus. Som eg alt har vore inne på inneber forståinga mi av fleirkulturell at folk med ulik kulturell bakgrunn er tilstades samstundes. Med andre ord er den teoretiske forståinga mi basert på sosial integrering. Denne tek eg så i bruk på eit fleirkulturelt felt.

## 2.2 Språk og identitet

Språket er ikke bare en ytre indikator på identitet, det er også en kilde til opplevelse av fremmedhet. Språk er ikke festet som merkelapper på tingene, språk er festet i relasjoner og kultur. Språket skaper på den måten en nærhet til verden – og en fremmedhet. Språket plasserer deg i verden – og utenfor. (Frønes, Alghasi, & Fangen, 2006: 20).

Sitatet påpeikar at språk skaper både nærleik og framandheit. Språket inkluderer, men det fungerer også ekskluderande. Her vil eg sjå spesielt på funna knytt til den fleirkulturelle kyrkjelyden i studien utført av Ebaugh og Chafetz (Ebaugh & Chafetz, 2000a, 2000b). Kyrkjelyden *Assembly of God* representerer 59 språkgrupper, og har valt å bruke berre engelsk på hovudgudstenestene. Tanken er å fokusere på fellesskap i trua, i staden for å vektleggje dei språklege og kulturelle skilja blant medlemmene. Dette fungerer godt på

gudstenestene. Men sjølvsegregering i komfortsoner dominerer sosiale arenaer i kyrkja, og det eksisterer mange etnisk- og språkbaserte klikkar. Bruken av engelsk som kyrkjelydsspråk er likevel strategisk med tanke på born av innvandrarakar, som alle veks opp i eit engelskspråkleg samfunn (Ebaugh & Chafetz, 2000a: 439, 443-444).

På sida av fellesgudstenesta i Assembly of God finst det også ei spanskspråkleg gudstenestefeiring. Dette er ofte tilfelle i fleirkulturelle kyrkjelydar der ei språkgruppe utgjør ein større minoritet. Kyrkjelyden har då valet mellom å møte behova hos denne gruppa, eller å stå i fare for å misse mange, kanskje dei fleste, av dei. Å imøtekomme behova til ei eller fleire språkgrupper på denne måten vil i beste fall gje negative følgjer for einheita i kyrkjelyden. I verste fall vil det forårsake sjalusi og konflikt (Ebaugh & Chafetz, 2000a: 448-449). I den fleirkulturelle kyrkjelyden i studien ønska fleire av dei med engelsk som morsmål ein slutt på dei ikkje-engelskspråklege messene, fordi desse forsinka assimileringssprosessen. Også i ein av dei andre kyrkjelydane såg leiinga på slike gudstenester som ei foreløpig ordning. I den aktuelle språkgruppa var dei derimot svært opptatt av å ha egne gudstenester, for å halde på egne tradisjonar knytt til språk, kultur og religion. Dei såg også for seg å etablere ein eigen kyrkjelyd på sikt (Ebaugh & Chafetz, 2000a: 444, 449, 2000b: 112).

Hylland Eriksen (Hylland Eriksen, 2007: 203) påpeikar at språk ofte vert sett som ein føresetnad for fleirkulturell integrering, men i realiteten er ofte rekkefølga omvendt. Han trekk fram at integrering ofte er nøkkelen til å utvikle gode språkkunnskapar. Også dette er eit interessant bakgrunnsaspekt for å sjå på kva rolle språket spelar for fleirkulturell integrering i kyrkjelydar.

### **2.3 Sosial kapital**

Dei mest sentrale teoretikarane bak omgrepet sosial kapital er Pierre Bourdieu, Robert Putnam og James Coleman. Dei presenterer ulike forståingar av omgrepet, men eit felles element er at aktørar dreg fordelar av deltaking i sosiale nettverk. Normer om gjensidigheit er eit av aspekta som bidreg til at sosiale relasjonar fungerer som ein ressurs. I forståinga av sosial kapital fokuserer Coleman og Bourdieu på korleis personlege relasjonar er nyttige for enkeltindivid. I særskilt tette nettverk kjenner deltakarane kvarandre godt nok til at samhandlinga dei i mellom framkallar sanksjonar som gjer at dei påverkar åtferda til kvarandre (Lauglo, 2010: 7). Kyrkjelydar er døme på slike nettverk. Eg vil difor nytte meg av dette omgrepet, for å sjå om det kan forklare forhold ved innvandrarakar si deltaking i kyrkjelydane.

Som ordet kapital antyder, er sosial kapital noko ein kan nytte seg av og få noko igjen for på ulike arenaer. Putnam skil mellom sosial kapital frå tett sosial tilknytning ("bonding") og frå lausare koplingar mellom individ på tvers av ulike grupper ("bridging") (Lauglo, 2010: 8). Desse er ikkje "anten/eller"-kategoriar, men er heller ein "meir eller mindre"-dimensjon i vurderinga av ulike former for sosial kapital. (Putnam, 2000: 22-23). Tett sosial tilknytning verkar forsterkande på homogene grupper, og fungerer samstundes ekskluderande i forhold til folk utanfor. Slike nettverk i tette sosiale enklavar er viktige for mobilisering av solidaritet. Spesielt for trengande gruppemedlemmer representerer denne sosiale kapitalen avgjerande sosial og mental støtte (Putnam, 2000: 22-23). Men for at sosial kapital skal vere effektivt er det avgjerande med tillit og at forpliktingar vert overheldt (Cnaan, Boddie, & Yansey, 2003: 22).

Ammerman har studert samanhengen mellom kyrkjelyd og sosial kapital, og påpeikar at den inkluderande funksjonen til kyrkjelyden viktig (Ammerman, 1997: 362-363, 365-366). Dette forklarar ho med at kyrkjelyden er ein samanheng for tilhøyring og identifisering i eit samfunn som er dominert av anonyme relasjonar og byråkratiske strukturar. Kyrkjelyden har grobotn for solidaritet og fellesskapsidentitet, noko som gir gode vekstvilkår for tillit mellom kyrkjelydsdeltakarane. Tilliten som blir skapt i ein kyrkjelyd legg grunnlaget for fellesaktivitetar og gjer at deltakarane får det betre. Denne tilhøyrigheita dreg både deltakarane og samfunnet som heilskap fordel av. Eit konkret døme på dette er at kyrkjelydar tilbyr praktisk hjelp når det trengst (Ammerman, 1997: 362-363, 365-366). Å planlegge og leie møter, delta i avgjersler og å ha foredrag og presentasjonar er døme på oppgåver som involverer frivillige i kyrkjelyden. Aktiv deltaking fører til utvikling av ferdigheiter, såkalla sivile dugleikar. Her refererer Ammerman til David Martin sin studie av pinsærørsla i Latin Amerika som understrekar tydinga av frie vitnesbyrd (Ammerman, 1997: 364). Denne forma for deltaking er open for alle i kyrkjelyden, utan å vere styrt eller regissert. Han omtalar det som "ein revolusjonar tilbaketrekkning av sosial orden" (Ammerman, 1997: 364)<sup>6</sup>. Ammerman understrekar at sivile dugleikar som vert utvikla i kyrkjelyden er overførbare, dei er relevante og nyttige utover denne samanhengen.

Cnaan, Boddie & Yansey (2003) trekk fram aktiv deltaking som ein avgjerande nøkkel for generering av sosial kapital i kyrkjelydar. Dei viser til at frivillig arbeid kan utløyse ei kjensle av "gjeld" hos dei som dreg nytte av frivilligheita. Dette resulterer i ulike former for

---

<sup>6</sup> Denne, og andre omsettingar frå engelsk til norsk, er gjorde av meg.

gjenyting. Særleg foreldre som opplever at frivillige bidreg gratis til søndagsskuleundervisning for borna deira, vil ofte ha eit ønskje om gje noko tilbake til dei frivillige. Denne mekanismen institusjonaliserer eit nett av byttetenestar hos kyrkjelydsmedlemmer. Det er aldri slik at alle bidreg like mykje, men aktive medlemmer opparbeidar seg ein godvilje som dei ofte vil få igjen for når dei treng det (Cnaan et al., 2003: 23).

Eg vil avrunde presentasjonen av sosial kapital med Putnam, som påpeikar at innvandring devaluerer sosial kapital. Å slå rot i eit nytt land inneber å reise frå mesteparten av det sosiale nettverket ein hadde. Som innvandrar må ein bygge nettverk og etablere sosiale relasjonar på nytt (Putnam, 2000; Valenta, 2008: 390). Også dette aktualiserar bruken av omgrepet sosial kapital i denne studien.

## 2.4 Fleirkulturell integrering - i diakonalt perspektiv

Eg vil no ta for meg den diakonale tilnærminga i møte med fleirkulturell integrering. Sidan denne studien blir gjort som del av ei diakoniutdanning i Den norske kyrkje, vil eg først og fremst presentere tenkinga frå dette kyrkjesamfunnet. *Plan for diakoni* uttrykk grunnlagstenkinga for det diakonale arbeid i Den norske kyrkje, med særskild fokus på kyrkjelydsarbeidet (Kyrkjerådet, 2008). Eg vil begynne med å presentere definisjonen på diakoni i denne planen:

”Diakoni er kyrkja si omsorgsteneste. Den er evangeliet i handling og blir uttrykt gjennom nestekjærleik, inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kampen for rettferd” (Kyrkjerådet, 2008: 7).

Diakonien er inndelt i fire tematiske områder. To av temaområda er sentrale i denne samanhengen: *nestekjærleik* og *inkluderande fellesskap*. Tenkinga knytt til *inkluderande fellesskap* er basert på 1. Kor 12. Denne bibelteksta skildrar den menneskelege fellesskapen som ein kropp der alle har ulike lemmer og funksjonar (Kyrkjerådet, 2008: 10). Plan for diakoni understrekar også at det er grunnleggjande i den kristne trua at mennesket er skapt til fellesskap. Å arbeide for gode fellesskap er difor ei diakonal utfordring.

Konkret har planen identifisert to målsettingar knytt til inkluderande fellesskap:

1. Fellesskapa i kyrkjelyden er opne og inkluderande.
2. Kyrkjelyden deltek aktivt med å styrkje fellesskap og nettverk generelt i lokalsamfunnet (Kyrkjerådet, 2008: 18).

Her er opne og inkluderande kyrkjelydsfellesskap sentralt, det er også styrking av nettverk og fellesskap i lokalsamfunnet. Fleirkulturelt mangfald går som ein raud tråd gjennom heile kapittelet som omhandlar inkluderande fellesskap. Det vert understreka at fleirkulturelt mangfald gjer både den enkelte og fellesskapen rikare. Kyrkjelydane vert oppmoda til å gje rom for alle, utan at dette inneber at nokon misser sin kulturelle eller etniske identitet. Meir konkret kan dette mangfaldet kome til uttrykk i gudstenester, internasjonale festar og kulturkveldar. Planen trekk også fram viktigheita av religionsdialog som ein veg til større forståing (Kyrkjerådet, 2008: 20-22). Jamfør integreringsteorien eg bruker i denne oppgåva les eg denne inkluderingsmatikken som ei klar oppmoding om integrering, i motsetnad til assimilering og segregering. Å romme alle, og at mangfaldet skal kome til uttrykk i mellom anna gudstenester, inneber aktiv deltaking og bidreg samstundes til å skape tilhøyrgheit. Hausten 2009 understreka også Kyrkjemøtet i Den norske kyrkja tydinga av at innvandrarak får bidra med sine ressursar i kyrkjelydane og i gudstenestefeiringa (Kyrkjemøtet, 2009a).

Vidare reiser diakoniplanen spørsmål om kva som hindrar fellesskap i kyrkjelydane. Potensielle hindringar som vert nemnt, er fysiske forhold som utilgjengelege lokale og geografisk avstand, og haldningar som botnar i manglande kunnskap og frykt for det ukjende (Kyrkjerådet, 2008: 19). I omtalen av slike forhold vil eg i denne studien bruke nemninga *eksklusjonsfaktorar*, fordi det handlar om å ekskludere frå fellesskapen.

I ein artikkel knytt til forståinga av fellesskap og anerkjenning i Plan for diakoni set Karsrud Korslien skilje mellom sakrale fellesskap og sosiale fellesskap. Sakrale fellesskap oppstår innanfor liturgiske samanhengar når relasjonen mellom Gud og menneske er i sentrum. Relasjonen menneska i mellom er derimot det sentrale i sosial fellesskap (Karsrud Korslien, 2009: 88, 97). Dette er nyttige omgrep for å sjå på kva faktorar som ligg bak val av kyrkjelyd for innvandrarakane i denne studien.

Eg vil også kort presentere det diakonale feltet som i Plan for diakoni har fått nemninga nestekjærleik. Slik eg ser det, er også dette sentralt i kyrkjelyden sitt møte med fleirkulturelt mangfald. Som Jordheim uttrykk det, skal kyrkja demonstrere Kristi kjærleik og skape fellesskap som famnar og verdsett menneska (Jordheim, 2009: 17). Målsetjingane i Plan for diakoni har fokus på omsorgsarbeid retta mot utfordringar lokalt, og at kyrkja og kyrkjelyden inspirer til å leve eit liv i nestekjærleik. På denne måten er nestekjærleik eit mål og ei utfordring både for kyrkja og det enkelte menneske (Kyrkjerådet, 2008: 16). Planen understrekar at som menneske har vi ansvar for kvarandre, og at det er kvar sin gong å gje og

ta. Ingen er berre hjelpetrengjande, og ingen er berre mottakar. Likeverd og respekt for den andre sin integritet står sentralt i utøvinga av nestekjærleik. Også tanken om at ”det kunne vore meg” vert trekt fram som ei viktig påminning. Plan for diakoni trekk også fram at i møte med kriser vil behovet for hjelp og medmenneskeleg omsorg vere ekstra stort (Jordheim, 2009: 18; Kyrkjerådet, 2008: 16). Aspekt knytt til innvandring og fleirkulturelt mangfald vert ikkje trekt spesielt fram under denne delen av Plan for diakoni. Likevel vurderer eg nestekjærleik, og den diakonifaglege tilnærminga til dette, som sentralt både som ein grunnpraksis og som ei grunnhaldning hos den enkelte deltakar i eit fleirkulturelt fellesskap.

Etter å ha presentert diakonitenking frå Den norske kyrkje, vil eg også kort sjå på kva diakonal forståing Baptistsamfunnet legg til grunn i møte med fleirkulturelt mangfald. Her vil eg ta for meg det som er presentert i *Strategi for et multikulturelt Baptistsamfunn 2008-2016*. Målsettinga her er at ”Nye landsmenn, etniske grupper og menigheter skal finne sin plass i Det Norske Baptistsamfunn” (Det Norske Bapistsamfunn, 2007: 1).

Til grunn for strategien ligg ei målsetting om å vere eit veksande og offensivt multikulturelt kyrkjesamfunn. Fokuset her er Kristus, kyrkjelydsplanting, integrering, vegleing, fellesskap og misjon. Det vert slått fast at kristne innvandrarar har erfaringar og ressursane som dei kyrkjelege fellesskapa i Noreg treng (Det Norske Bapistsamfunn, 2007: 1). Det vert også påpeika at reell deltaking i alle ledd er ei utfordring, og at ein ”vi og dei”-tankegang må motarbeidast aktivt (Det Norske Bapistsamfunn, 2007: 3).

I omtalen av fleirkulturelle kyrkjelydar uttrykk strategiplanen at idealet her at i Kristus er det ingen grenser, og at dette mangfaldet skal gjenspeglast i kyrkjelyden (Det Norske Bapistsamfunn, 2007: 1). Konkret vil dette kome til uttrykk i eit språkleg mangfald, trass i at hovudspråket i gudstenesta som regel vil vere norsk og/eller engelsk. Det etniske mangfaldet skal også gjenspeglast i kyrkjelydsleiinga. Alle desse aspekta frå strategiplanen i Baptistsamfunnet som er viktige å ha med seg i analysen av funna i denne studien.

Til slutt i presentasjonen av diakonal tilnærming til fleirkulturell integrering, vil eg nemne den bibelske grunngevinga for arbeidet med fleirkulturell integrering som er presentert i den økumenisk produserte ressurspermen "På vei mot et inkluderende samfunn" (Midteide, 2006). Denne er mynta på fleirkulturelle studiegrupper, og har eit diakonalt og lærande formål. I den bibelske grunngevinga er nestekjærleiken det overordna perspektivet. Den første teksten som er trekt fram er frå 3.Mos 19,33-34: om å elske den framande, Gud ikkje gjer skilnad på folk. Vidare er Rom 12,13: om gjestfridom, også presentert. Her vert det sagt at vi aktivt skal

oppsøke framande og lukke dei inn i våre fellesskap. Tredje og siste tekst står i Matt. 25,40 og er ein kjent diakonal tekst: gjennom våre minste brør og søstrer møter vi Kristus sjølv. Med andre ord vert både forplikting og utfordring heldt fram som bibelsk grunngevingar i møte med ”menneske frå andre land og kulturar” (Midteide, 2006: 9).

### 3. Metode og materiale

I dette kapittelet vil eg gjere greie for dei metodiske vala mine, og reflektere rundt datainnsamlingsprosessen. I møte med feltet er eg langt ifrå framand, sidan eg er medlem av Den norske kyrkje og i eit utdanningsløp med tanke på jobb i dette kyrkjesamfunnet. Å studere ein samanheng som ein sjølv høyrer til inneber både fordelar og ulemper. Ei ulempe er at ein lett blir blind for det som er sjølv sagt og vert tatt for gitt. Dette har eg gjort mitt beste for å vere bevisst på undervegs. Samstundes har kjennskapen min til kyrkjelege miljø gjort at eg har forstått ting raskt. Eg fekk raskt tillit, og kunne også delta naturleg fordi eg kjente kodane i miljøet (Nielsen & Repstad, 2004: 238-240). I møte med informantane mine var det også ein fordel for meg at eg har misjonærbarbakgrunn, og dermed erfaring frå det å vere innvandrar og ny i eit ukjent land.

#### 3.1 Utveljing av kyrkjesamfunn og kyrkjelydar

Eg har valt å sjå på to svært ulike kyrkjesamfunn for å sjå korleis fleirkulturell integrering artar seg i forskjellige konfesjonsmessige kontekstar. Både Det Norske Baptistsamfunn og Den norske kyrkje uttrykk i offisielle dokument at dei ønskjer å jobbe med fleirkulturell integrering. Ein årsak til at eg valte å studere forhold i Den norske Kyrkja, er at eg ønskjer å bidra til å auke arbeidet med fleirkulturell integrering i dette kyrkjesamfunnet spesielt. Den fleirkulturelle satsinga er derimot klart mest synleg i Baptistsamfunnet. Men historikken og utviklinga innan det fleirkulturelle feltet i dette kyrkjesamfunnet har i liten grad vorte nedfelt skriftleg. I presentasjonen av Baptistsamfunnet baserer eg meg difor mellom anna på årsrapportar frå 1997-2008, som eg fekk tilsendt frå Magnar Mæland, generalsekretær i kyrkjesamfunnet frå 2003-2009. Noko informasjon fekk eg også direkte frå Mæland, dette kjem fram av presentasjonen.

##### 3.1.1 Det Norske Baptistsamfunn

Visjonen til Det Norske Baptistsamfunn er: "Et fellesskap av levende menigheter, grepet av Kristus, midt i verden med evangeliet!". I 2010 feirar kyrkjesamfunnet 150 år med organisert baptistverksemd i Noreg (Det Norske Baptistsamfunn, 2009). Årsrapporten for 2009 viser at både medlemstalet og talet på kyrkjelydar er i vekst. Ved utgangen av 2009 hadde Baptistsamfunnet 10492 juridiske medlemer, av desse er 5619 døypte medlemer. På landsbasis var det 84 kyrkjelydar, som er ein auke på fire samanlikna med året før. Det er eit



stort mangfald i kyrkjelydane. Nokre er i klar tilbakegang når det gjeld medlemstal, medan andre veks (Det Norske Bapistsamfunn, 2009). I følge tidlegare generalsekretær Magnar Mæland, er 18 av kyrkjelydane immigrantkyrkjelydar, og tre nye søker om kyrkjetilhøyricheit på årsmøtet i 2010. Nokre av immigrantkyrkjelydane har ein fleirkulturell profil, i den forstand at dei har engelsk som hovudspråk og har medlemmer med mange ulike nasjonalitetar. I tillegg anslår Mæland at 25 av kyrkjelydane i Baptistsamfunnet i Noreg har ein fleirkulturell profil, her forstått som at kyrkjelyden har aktive medlemmer av ulik etnisk bakgrunn som pregar og formar kyrkjelyden. Nokre er større kyrkjelydar i byar, medan andre ligg i distriktet. Det er også verdt å nemne at ein av dei noverande hovudstyremedlemmene er ein tamilsk pastor. Framveksten av eit fleirkulturelt kyrkjesamfunn, har skjedd gradvis. Men ser vi på årsrapporten frå 1997 er det tydeleg at utviklinga har gått rask:

Flere av våre menigheter har innslag av innvandrere på møtene, og besøker regelmessig asylmottak og innvandrer miljøer. Hovedstyret tror at der hvor forholdene legger seg til rette bør menighetene satse på å nå disse våre nye landsmenn (Det Norske Bapistsamfunn, 1997).

Årsrapporten frå 2005 (Det Norske Bapistsamfunn, 2005) fortel at medlemstalet var stabilt for tredje år på rad, etter fleire år med tilbakegang. Nye medlemmer med innvandrarbakgrunn er ein av årsakene til den betra medlemssituasjonen. Mange av desse er kvoteflyktningar, frå mellom anna Burma. "Flerkulturelt arbeid/integrering av nye landsmenn" var ein av sju hovudsakar for Hovudstyret i kyrkjesamfunnet i 2005. Dette året vart også stillinga som integrasjonspastor oppretta, det vart også ei "ressursgruppe for multikulturell satsning" (Det Norske Bapistsamfunn, 2005). I 2006 feira Baptistsamfunnet fleirkulturell sommarfest med over 500 deltakarar (Det Norske Bapistsamfunn, 2006).

I 2007 vedtok hovudstyret "Strategi for et multikulturelt Baptistsamfunn 2008-2016". Målsettinga her er: "Mye landsmenn, etniske grupper og menigheter skal finne sin plass i Det Norske Baptistsamfunn" (Det Norske Bapistsamfunn, 2007). Her er fleirkulturelle kyrkjelydar eit av fleire felt. Det vert påpeika at dei fleirkulturelle kyrkjelydane må kjenneteiknast av mangfald, både i gudstenesteuttrykk, i deltaking og i samansetting av leiinga. Strategiplanen understrekar at prosessen frå tradisjonell norsk kyrkjelyd mot fleirkulturelt fellesskap, krev mykje tid og godvilje. Samstundes er erfaringa at nye medlemmer har skapt ei revitalisering i fleire baptistkyrkjelydar. På eit meir generelt plan identifiserer strategiplanen forhold som gir kyrkjesamfunnet gode moglegheiter i å lykkast i inkludering og integrering av kristne innvandrarak. Den evangelisk-karismatiske grunnprofilen, internasjonale tilknytning og

fleksible organisasjonsstrukturar er blant det som vert trekt fram her (Det Norske Bapistsamfunn, 2007: 1).

Etter ein framvekst av nye immigrantkyrkjelydar over fleire år var det 80 kyrkjelydar i 2008, dette var det høgaste talet i kyrkjesamfunnet si historie. Same år tilsette Baptistsamfunnet ein integrasjonsleiar i 100% stilling (Det Norske Bapistsamfunn, 2008). Integrasjonsleiareren er pr. 2010 leiar i styringsgruppa for det økumeniske nettverket i Norges Kristne Råd som har namnet *Kirkelig nettverk for integrering av flyktninger og innvandrere* (Kirkelig nettverk for integrering av flyktninger og innvandrere). Den norske kyrkje, som eg no skal gå over til å presentere, har også ein representant i denne styringsgruppa.

### 3.1.2 Den norske kyrkje

I strategiplanen for Den norske kyrkje for 2009 – 2014 er visjonen for kyrkjesamfunnet formulert slik: "I Kristus, nær livet – en bekjennende, misjonerende, tjenende og åpen folkekirke" (Kyrkjemøtet, 2008). Fleire av dei konkrete målsettingane knytt til diakoni, som er eit av fem satsingsområde for strategiperioden, er aktuelle for fleirkulturell integrering i kyrkjesamfunnet (Kyrkjemøtet, 2008). Sjå også presentasjonen av Plan for diakoni for Den norske kyrkje (Kyrkerådet, 2008) under punkt 2.4. Også i den førre strategiplanen i kyrkjesamfunnet (2005-2008) var fleirkulturelt mangfald understreka som eit viktig, tverrgåande perspektiv (Kyrkjemøtet, 2004a).

80,7 % av den samla folkesetnaden i Noreg var medlemmer av Den norske kyrkje ved inngangen til 2009 (Høeg, 2009: 28). Kyrkjesamfunnet har ein geografisk bestemt struktur som gjer at det dekkjer heile landet. Den norske kyrkje ser på seg sjølv som ei folkekyrkje, og er ein fellesskap bygd på den kristne dåpen (Kyrkjemøtet, 2004b).

Innvandring og integrering har vore tematisert i kyrkjesamfunnet sidan 1970-talet. Den norske kyrkje har seinare hatt fokus på integrering i samfunnet generelt, og seinare på asylpolitikk (Kirkerådet). Dei siste åra har fleirkulturell integrering kome i søkelyset, og tematikken har tre gonger vore handsama på Kyrkjemøtet, som er det øvste representative organet i kyrkjesamfunnet (Kyrkjemøtet, 2005a, 2005b, 2006, 2009a, 2009b).

På nasjonalt plan har Oslo bispedømme og Mellomkyrkjeleg Råd eit særskilt ansvar på vegne av kyrkjesamfunnet for spørsmål knytt til kyrkje, integrering og innvandring. I oktober 2008 var

Mellomkyrkjeleg Råd medarrangør av ein nordisk, økumenisk konsultasjon i Stockholm der tema var innvandringa sin påverknad av kyrkjelandskapet (Ekumenik i Norden (red.), 2008; Kyrkjemøtet, 2009a: 8). Ein rapport herifrå er omtala under punkt 1.1.

Det finst ikkje sikre tal som uttrykk innvandrara si deltaking i kyrkjesamfunnet. Men Magasinet STREK gjorde ei opteljing i etterkant av kyrkjelydsvalet og bispedømmerrådsvalet hausten 2009, og kom til at 83 av 12 050 nyvalde kandidatar har namn som kan tyde på at dei har innvandrarakgrunn (Finnseth, 2009). I november 2009 handsama Kyrkjemøtet i Den norske kyrkje saka Kristne innvandrere og menighetene i Norge (Kyrkjemøtet, 2009a, 2009b) som ei oppfølging av Kyrkjemøte-saka frå 2006 som hadde fokus på fleirkulturell integrering i samfunnet generelt (Kyrkjemøtet, 2006). I 2009 vedtok Kyrkjemøtet å utrede kyrkjerettslege forhold for å mogleggjere innlemming av immigrantkyrkjelydar i Den norske kyrkje sin organisatoriske struktur. Den noverande organisatoriske strukturen opnar ikkje for dette, men dei siste åra har det med støtte frå NMS vorte oppretta nokre internasjonale kyrkjelydar tilknytt Den norske kyrkje i dei største byane i Noreg (Kyrkjemøtet, 2009a: 5-6). I følgje det omtala vedtaket frå Kyrkjemøtet i 2009 skal også formelle krav knytt til kyrkjemedlemsskap for innvandrara (asylsøkarar) utredast. Det vart også vedteke tiltak for å rekruttere fleire kristne innvandrara i kyrkjesamfunnet, både som frivillige og tilsette (Kyrkjemøtet, 2009b).

### 3.1.3 Utval og presentasjon av kyrkjelydane

Eg valte å studere tradisjonelle kyrkjelydar som samlar folk med ulik kulturell og språkleg bakgrunn. Eit premiss var også at norsk er hovudspråk i kyrkjelyden. Dette gjorde at verken immigrantkyrkjelydar eller engelskspråklege kyrkjelydar var aktuelle. Hausten 2009 hadde eg ein praksisperiode på diakonistudiet der eg gjorde ei kartlegging av fleirkulturell integrering i kyrkjelydar i Noreg. Gjennom besøk, samtalar og intervju fekk eg kjennskap til kyrkjelydar i fleire typar kyrkjesamfunn. I etterkant av praksisen orienterte eg meg breiare, både via internett, kontaktar på kyrkjelydsplan og sentralt i trussamfunna. Slik fann eg fram til kyrkjesamfunna og kyrkjelydane eg meinte verka mest interessante for studien. Det var viktig for meg at leiinga i dei ulike kyrkjelydane stilte seg positiv til prosjektet mitt, og at dei vurderte studien som nyttig for eige arbeid.

I utgangspunktet valde eg fire kyrkjelydar, to i kvart av trussamfunna. Dette viste seg raskt å bli for omfattande, eg enda difor opp med to i Den norske kyrkje og ein i Det Norske Baptistsamfunn. Det fleirkulturelle aspektet var det mest avgjerande i utveljinga mi. Som

tabellen under viser, enda eg opp med eit utval som er svært variert med omsyn til storleik, demografisk kontekst og fleirkulturelle forhold. Eit likskapstrekk er at alle tre ligg i by/forstad. Tabellen vert etterfølgt av ein presentasjon av kyrkjelydane, som er basert på informasjon eg fekk gjennom intervju, samt nettsider og kyrkjelydsblad.

Namn	Geografisk kontekst	Fleirkulturell kontekst	Særtrekk	Kyrkjesamfunn
Bykyrkja	I utkanten av småby med høg minoritetsandel.	Låg minoritetsandel. Fleirtalet kom på grunn av arbeid, studiar eller som flyktningar. Ulik fartstid i Noreg.	Har internasjonalt fellesskap som eit av fleire satsingsområde.	Den norske kyrkje
Baptistkyrkja	Sentral plassering i mellomstor by	Høg minoritetsandel. Fleirtalet er nykomne flyktningar.	Svært fleirkulturell kyrkjelyd, med mykje frivillig deltaking. Nordmenn i mindretal.	Det Norske Baptistsamfunn
Drabantkyrkja	Fleirkulturell drabantby	Låg minoritetsandel. Fleirtalet kom på grunn av arbeid, studiar eller ekteskap og har budd lenge i Noreg.	Satsar på openheit og aktiv involvering.	Den norske kyrkje

### Kort om Drabantkyrkja

Drabantkyrkja held til i ei sentralt plassert arbeidskyrkje i ein av drabantbyane som OBOS bygde opp på 1970-talet. I starten var det berre norske familiar i drabantbyen, men utover på 1980- og 1990-talet vart bydelen gradvis meir fleirkulturell på grunn av ei tilstrøyming av kvoteflyktningar og arbeidsinnvandrarar. Av dei 6800 som bur i bydelen no, er 3300-3400 medlemmer av Dnk. Her fins også 500 katolikkar, mange av desse har innvandrarbakgrunn.

Visjonen til kyrkjelyden er *Et fellesskap i liv og tro!* Kyrkjelyden har seks tilsette, og aktivitetar for både barn og unge, familiar og eldre. Dei har ikkje ei særskilt satsing i forhold til det fleirkulturelle, men går aktivt inn for vere ei opa kyrkje og for å synleggjere og involvere innvandrarar som søker til kyrkjelyden. Sidan tidleg på 1980-talet har enkeltinnvandrarar vore aktive i kyrkjelyden. På midten av 1990-talet vart den første med

innvandrarbakgrunn valt inn i menigheitsrådet. Dei siste tre-fire åra har talet på innvandrarak som kjem til gudsteneste auka.

Mangfaldet i bydelen viser igjen i at det årleg er konfirmantar med ikkje-norsk bakgrunn. Ein del av desse er katolsk døypt og har katolske foreldre. På grunn av fleirkulturelle ekteskap, er berre halvparten av dåpsforeldra medlemmer av kyrkjelyden. Dette gjer at pågangen er stor, trass i at medlemstala er synkande. Det påverkar også økonomien, men er ikkje styrande for satsinga i kyrkjelyden, dei er opptekne av å vere kyrkje for alle i bydelen.

### **Kort om Bykyrkja**

Kyrkjelyden vart etablert midt på 1960-talet, og ligg omtrent 4 km utanfor bykjernen. Av omlag 12 000 innbyggjarar i bydelen er 9000 medlemmer av kyrkjelyden. Dei har ni tilsette og held til i ei stor arbeidskyrkje med integrert barnehage og eldresenter. Kyrkjelyden har tilbud for alle aldersgrupper, i tillegg til gudsteneste med kyrkjekaffi kvar søndag. Dei utgjev eit kyrkjelydsblad og har ei informativ nettside med jamlege oppdateringar.

Rundt 1970 kom dei første innvandrarak til bydelen. Fleire har gradvis kome til, men utan at dette viser igjen på medlemslista til kyrkjelyden. Ein del enkeltinnvandrarak søker til kyrkjelydsfellesskapet, og dette talet ser ut til å auke noko. Enkelte av innvandrarak har kome i kontakt med kyrkjelyden gjennom å ha born i kyrkjelydsbarnehagen. Denne er i dag dominert av born med innvandrarakforeldre. I fleire år har kyrkjelyden vore aktivt involvert i religionsdialog, spesielt i kristen-muslimsk dialogssamarbeid. Sentralt her er ei byomfattande årleg feiring av mangfald og fellesskap. Den siste tida har kyrkjelyden hatt eit nettverkssamarbeid med tamilane i bydelen, noko som har omfatta både menneskerettsseminar og internasjonale gudstenester.

Nokre år tilbake starta kyrkjelyden prosjektet ”Vår menighet – et internasjonalt fellesskap”. Som del av denne satsinga har dei tilsett ein evangelist/nettverksarbeidar med afrikansk bakgrunn. Stillinga er delfinansiert av NAV-midlar. Dei har også starta eit internasjonalt gospelkor, som også tiltrekk folk utanfor soknet. Ein del av kormedlemmene har innvandrarakbakgrunn.

## **Kort om Baptistkyrkja**

Baptistkyrkja vart stifta på 1920-talet. Kyrkjelyden held no til i sentrum av byen, med pastor i 50 % stilling som einaste tilsette. Etter mange tiår med høge medlemstal og stor aktivitet, vart situasjonen gradvis endra. For fem-seks år sidan var medlemstalet så lågt at kyrkjelyden vurderte å legge ned aktiviteten. Men på grunn av kristne kvoteflyktningar frå ulike land vart den tradisjonelle baptistkyrkjelyden fornya. I dag er dette ein internasjonal kyrkjelyd med medlemmer i alle aldrar. Hovudvekta er unge familiar, og nordmenn er ein klar minoritet. Kyrkjelyden har rundt 80 døypte medlemmar. I tillegg kjem omtrent 50 born som ikkje er døypte enno. Dei har både ungdomsgruppe og søndagsskule. Song og musikk står sentralt i kyrkjelyden, og det blir brukt ulike språk. Under kvar gudsteneste er det rom for frie vitnesbyrd, noko som opnar for aktiv deltaking. Hovudspråket i kyrkjelyden er norsk, men dei som slikt med å forstå får oversetting i benkeradane.

Halvparten av dei aktive tilhøyrer same etniske gruppe; Chin-Burma. Denne gruppa har hatt eiga gudstenestefeiring heilt sidan dei kom. Dei fleste frå Chin deltek berre her, men nokre går også på hovudgudstenesta. Fleire familiar har sitt opphav frå ei anna etnisk gruppe i det same landet; Karen-Burma. Tre familiar er frå fransktalande land i Afrika, og ein familie er frå Sierra Leone/Liberia. Alle dei største språkgruppene er representert i leiinga i kyrkjelyden. Også folk frå andre nasjonalitetar er vennar av kyrkjelyden og deltek på gudstenestefeiringa.

### **3.2 Metodar for datainnsamling**

For å finne informasjon til studien min brukte eg kvalitativ metode, med fokus på intervju og deltakande observasjon. Gjennom intervju kartla eg, hos både enkeltpersonar og leiinga, informasjon om erfaringar knytt til ulike forhold i kyrkjelyden. Under observasjonen såg eg på samhandling. Denne deltakinga fungerte også som ei førebuing til intervju; slik kunne eg referere til faktiske forhold og dermed aktualisere intervjuet. Eg har også nytta meg av avisartiklar og kyrkjelydsblad, nettsider, programhefter, årsrapportar frå kyrkjelydane, både i forkant og undervegs i feltarbeidet.

Forskningsprosessen har vore ein ”runddans” mellom teori og empiri, fordi eg har veksla mellom induktiv og deduktiv tilnærming til analysen. Induktiv forskning vil seie at analysen av data dannar grunnlag for utviklinga av det teoretiske perspektivet, medan deduktiv forskning tek utgangspunkt i eksisterande teoriar (Thagaard, 2003: 169,173). Analysen min er til dels

basert på det innsamla datamaterialet mitt, noko som viser at eg har hatt ei induktiv tilnærming. Samstundes var tilnærminga mi også deduktiv. Eg tok utgangspunkt i hypotesar frå tidlegare teoriar fordi eg ønskja å teste mine data opp i mot andre empiriske studiar. Teori på feltet har difor påverka analysen min, og også utarbeidinga av intervjuguidane mine.

### 3.3 Deltakande observasjon

Deltakande observasjon er ein god metode for å få kunnskap om samhandling mellom folk på arenaen ein studerer (Wadel, 1991: 11). Eg valde difor å delta på gudsteneste med påfølgjande kyrkjekaffi i alle dei tre kyrkjelydane i studien min. Utover dette deltok eg på eit til to andre arrangement i kvar kyrkjelyd, då mellom anna på korøving, babysong, bønneatt, stabslunsj.

I etterkant av ein sekvens deltakande observasjon skreiv eg eit referat frå det eg hadde delteke på, ofte med utgangspunkt i notat eg hadde teke undervegs. Slik fekk eg sortert og nedskrive inntrykk, og i ettertid ha mulegheit til å hente fram att dette datamaterialet. Eg har også loggført telefonsamtalar og anna kontakt eg har hatt med folk i kyrkjelydane.

Omfanget av den deltakande observasjonen min var lite. Dette handla både om storleiken på oppgåva, og om at intervjuar var hovuddatamaterialet mitt. Den deltakande observasjonen var likevel avgjerande fordi informasjonen ga meg eit betre grunnlag til å gjere intervju. Å vere tilstades ga meg også eit inntrykk av korleis det er å gå i den aktuelle kyrkjelyden. Folk kom og helste på meg, fordi dei trudde eg var ny i kyrkjelyden. Både denne og andre erfaringar, vurderte eg opp i mot intervjudata eg seinare samla inn. Den deltakande observasjonen førte truleg til at eg fekk større tillit, og dermed innpass, enn det eg ville gjort ved berre å intervjuje. Både kyrkjelydsleiarane og dei andre eg møtte var svært imøtekomande mot meg. Eg fekk enda til innpass på eit årsmøte.

Det er sentralt å finne ein god balansegang mellom det å vere ein ikkje-deltakande observatør, og det å vere ein ikkje-observerande deltakar (Fangen, 2004: 106-109). Sjølv deltok eg ofte aktivt, på gudsteneste både song eg og gjekk til nattverd. Og då eg var på bønneatt hos baptistane og bønneundene varte og rakk, då ba eg stille, eg også. Spørsmålet er om eg kan ha gått glipp av interessant informasjon fordi eg deltok for aktivt. For å unngå dette, tok eg alltid feltnotatar. Dette understreka utanforperspektivet mitt som forskar, både for meg sjølv og dei rundt meg (Fangen, 2004).

### 3.4 Intervju

#### *Val av informantar*

I utgangspunktet var eg på utkikk etter tre typar informantar: 1) deltakarar i kyrkjelyden med innvandrarsbakgrunn, 2) innvandrar som har slutta å gå i kyrkjelyden, 3) representantar for leiinga. Eg ønska å intervju innvandrar som har slutta i kyrkjelyden for å avdekke *eksklusjonsfaktorar*, forhold som får folk til å slutte i ein kyrkjelyd. Dette viste seg å vere vanskeleg. Ingen av dei eg snakka med kunne fortelje om innvandrarar som hadde slutta av anna årsak enn flytting eller ekstraordinære forhold som død i nær familie. Dermed utgjekk denne gruppa av informantar. Eg ønska å intervju representantar for leiinga for å sjå denne informasjonen opp i mot informasjonen eg fekk frå intervju med deltakarane. I tillegg var eg ute etter informasjon om satsingar, samt tilnærmingar og refleksjonar til arbeid i ein fleirkulturell kyrkjelyd.

Språk var eit sentralt kriterium i val av informantar. Å bruke tolk ville blitt for komplisert, det var difor avgjerande at informanten kunne uttrykke seg på norsk eller engelsk. Dette avgrensa tilfanget noko i den eine kyrkjelyden, då innvandrane her hadde budd i Noreg i kortare tid enn det som var gjennomsnittet i dei andre kyrkjelydane.

Eit anna omsyn i val av informantar var variasjon i bakgrunn og erfaring. Så langt som det let seg gjere, fekk eg tak i informantar med ulik fartstid i kyrkjelyden og i Noreg for øvrig. Eg la også vekt på variasjon i etnisk og konfesjonsmessig bakgrunn, og at dei var involvert i kyrkjelydsarbeidet i ulik grad og på ulike måtar. Kor godt eg lukkast med dette, var både avhengig av kven som var tilknytt kyrkjelyden og av kven som var tilstades og interessert i å stille opp til intervju i det aktuelle tidsrommet.

Eg kom i kontakt med informantar gjennom leiinga og frå deltakande observasjon. Eg valde bevisst å vere tilstades på arenaer der det var truleg at eg ville kome i kontakt med potensielle informantar. På denne måten fekk eg sikra at informantane mine ikkje berre var folk som leiinga gjekk god for. Men når det var vanskeleg å kome i kontakt med innvandrarar på eiga hand, vart eg meir avhengig av at leiinga stilte opp, både ved å forhøyre seg med folk og ved å gje meg namn og kontaktinformasjon.

Då eg tok kontakt med potensielle informantar, fekk eg stort sett god respons. Dei fleste var positive til tematikken min, og ville difor stille opp. Ein person takka derimot nei, basert på tidlegare erfaring av intervju som slitsamt. Ein av informantane som eg kontakta pr telefon,



takka ja eine og åleine fordi eg viste til presten. Dette viser at det kan vere avgjerande for å få tillit at sentrale personar går god for meg, som individ og forskar, og for prosjektet mitt.

### *Gjennomføring av intervju*

Til saman, med smått og stort, intervjuar eg tjue personar. Alle informantane er vaksne, med unntak av ein som er 17 år. Det er like mange kvinnelege og mannelege informantar i utvalet mitt. Seks personar intervjuar eg i form av å vere leiarar i kyrkjelyden. Dei andre fjorten, som eg omtalar som ”deltakarar”, har alle innvandrarakgrunn.

Talet på deltakarinformantar varierte noko frå kyrkjelyd til kyrkjelyd. I Baptistkyrkja intervjuar eg fem innvandrarakgrunn, då inkludert eit intervju som av tidsmessige årsaker var svara på per e-post. I Drabantkyrkja intervjuar eg fire innvandrarakgrunn, og i Bykyrkja tre. Variasjonen handla om ei vurdering av kor god kjennskap eg etter kvart fekk til dei ulike kyrkjelydane utifrå deltaking, intervjufunn og bakgrunnsmateriale. I Bykyrkja, som var kyrkjelyden der eg gjorde færrest intervju, var utvalet dessutan eit resultat av kor mange informantar eg fekk tak i. For å bøte på dette deltok eg på gudsteneste ein ekstra gong, og gjorde då to kortare intervju under og etter kyrkjekaffien. I to tilfelle intervjuar eg to personar saman, medan dei andre intervjuar eg ein og ein.

Eg intervjuar to representantar frå leiinga i kvar kyrkjelyd, for å unngå ei einsidig framstilling. Samansetnaden her var pastor/prest og menigheitsrådsleiar eller menigheitsrådsmedlem. To av kyrkjelydane har diakon, men eg valde å intervju prestane fordi dei er mest involvert i det fleirkulturelle arbeidet. Eg intervjuar også nokre tilsette og menigheitsrådsmedlemmar med innvandrarakgrunn, men då med intervjuguiden for deltakarar som utgangspunkt. Grunnen til dette var at eg vurderte dei personlege erfaringane deira knytt til bakgrunn, og vegen inn mot aktiv deltaking i kyrkjelyden, som mest relevant for problemstillinga. Det ville dessutan blitt for omfattande å dekke to intervjuguidar hos ein og same informant. Ein del refleksjonar og perspektiv knytt til leiarskap kom likevel fram, spesielt i eit av desse intervjuar.

Alle intervjuar eg gjorde, var semistrukturerte. Som utgangspunkt hadde eg ein intervjuguide med tema og aktuelle spørsmål, men rekkefølga vart bestemt ut i frå kva retning samtalen tok (Kvale & Brinkmann, 2009: 143). I to tilfelle gjorde eg intervju på engelsk fordi informantane hadde dårlege norskkunnskapar. Eit anna intervju gjorde eg på norsk, med ein informant som ikkje snakka språket flytande. Dette ga meg mindre utfyllande informasjon enn om vi hadde

hatt eit språk som begge hadde snakka flytande. Intervjuet ga likevel verdifull informasjon, og var samstundes ei interessant erfaring for meg som forskar, fordi det belyste utfordringane knytt til språk som informantane i kyrkjelyden snakka om.

Dei fleste intervjuar fann stad i kyrkja, andre intervju vart gjort heime hos informantane eller på annan hensiktsmessig stad. Eg tok lydopptak av alle intervju, noko eg informerte om på førehand. Nokre intervju varte i underkant av ein time, dei lengste i nærare to timar. Erfaringa med å intervju to og to saman var at informantane ofte utfylte kvarandre og intervjuet fekk eit tydlegare samtalepreg. Eg tok også notat under intervjuar. Under to av intervjuar hadde eg ein assistent som noterte, slik at eg sjølv skulle bli friare i samtalsituasjonen. Med unntak av desse intervjuar, var berre eg og informanten/ informantane til stades i intervjusituasjonen.

I startfasen av prosjektet vurderte eg å gjere gruppeintervju. Dette gjekk eg raskt vekk i frå, fordi det var vanskeleg å få mange nok informantar til å stille samstundes. Den viktigaste årsaka var likevel at eg såg at intervjuguiden var for omfattande til at det var hensiktsmessig å intervju meir enn to av gangen.

Generelt opplevde eg at informantane var opne, dei var ikkje redde for å snakke om verken erfaringar i kyrkjelyden eller eigen bakgrunn. Det skjedde aldri at vi kom inn på tema som informantane ikkje ville snakke om.

I etterkant av nokre av intervjuar tok eg kontakt på nytt og stilte oppfølgingsspørsmål, då enten per telefon eller e-post.

Eg gjorde også korte intervju med kommunetilsette som arbeider med integrering av innvandrarak og flyktningar, då i nokre nærliggande kommunar. Hensikta med dette var å kartlegge kva praksis dei har for kontaktformidling til kyrkjelydar. Nokre responderte per e-post, desse svara inneheldt lite detaljerte skildringar. Telefonintervjuar ga meg langt meir interessant informasjon.

### **3.5 Analyse av data**

Eg skreiv ned alle intervju kort tid etter at dei var gjennomførte, medan eg hadde intervjuet og intervjusituasjonen friskt i minne. Slik lærte eg også mykje om min eigen intervjustil undervegs (Kvale & Brinkmann, 2009: 189). Etter nedskriving, koda eg meiningsinnhaldet i intervjuar. På bakgrunn av dette systematiserte eg funna i tematiske kategoriar. I første

omgang var kodinga datastyrt, men etter kvart som eg fekk større kjennskap til teoretiske perspektiv og anna empirisk forskning, vart kodinga også til dels omgrepsstyrt (Kvale & Brinkmann, 2009: 209). Notata frå observasjonen og funn frå skriftlege kjelder brukte eg i sin tur til å understøtte eller å motseie intervjufunna. Det fall seg naturleg å gå fram på denne måten, sidan den største informasjonsmengda mi kom frå intervju.

### *Anonymisering av data*

Eg har valt å anonymisere kyrkjelydane i studien, og bruker difor ikkje referansar i presentasjonen av kyrkjelydane i kapittel 3. Desse kjeldene er difor heller ikkje med i litteraturlista. Også informasjonen frå informantane er anonymisert. Eg gjorde likevel informantane merksame på at dei kan kome til å bli identifisert av folk som kjenner dei, då på bakgrunn av opplysningar dei gir under intervju. I etterkant sletta eg alle intervjuopptaka, også dette av anonymiseringsomsyn.

### *Kvalitetsvurdering av forskinga*

Avslutningsvis i dette kapittelet vil eg gjere ei vurdering av truverdigheit, bekreftbarheit og overførbarheit ved mi eiga forskning. Truverdigheit handlar om kvaliteten ved eiga forskning og om anna forskning understøttar tolkingane mine (Fangen, 2004: 195). Her har eg lagt vekt på å skilje tydleg mellom innsamla data og mine eigne vurderingar. Informasjonen eg fekk gjennom deltakande observasjon, var ei hjelp til både å stadfeste og å avkrefte tolkingane mine av intervju (Fangen, 2004: 140-141).

Funna i studien min er basert på tre kyrkjelydar i to ulike norske trussamfunn og kan ikkje seie noko generelt om forholda i alle kyrkjelydar. Men studien min bidreg til å utvikle ei grunnleggjande forståing for kva faktorar som er viktige for fleirkulturell integrering i kyrkjelydar. Fordi kyrkjelydar har nokre av dei same kjenneteikna, kan mine konklusjonar ha relevans for andre kyrkjelydar. Kor vidt dei verkeleg har det, kan testast ved vidare forskning (Thagaard, 2003: 185).

Ingen av informantane mine kunne sette meg i kontakt med folk med innvandrarbakgrunn som har slutta å gå i kyrkjelyden. Dette gjorde at eg i lita grad fekk identifisert kvifor innvandrar sluttar i ein tradisjonell norsk kyrkjelyd. Likevel kan det eksistere langt fleire eksklusjonsfaktorar i kyrkjelyden enn det eg har sett. Det kan ha vore folk innom som ikkje

har blitt lagt merke til godt nok til at dei har blitt sakna, medan andre kan ha blitt gløymt. Eksklusjonsfaktorar kan dessutan føre til at folk let vere å oppsøke kyrkjelyden i utgangspunktet. Det er også heva over ei kvar tvil at det finst langt fleire viktige faktorar for fleirkulturell integrering i kyrkjelyd enn det denne studien rommar. Det er klar svakheit ved studien at eg berre fokuserer på nokre av alle desse faktorane.

## 4. Resultat

I presentasjonen av resultatene mine vil eg ta utgangspunkt i underspørsmåla til problemstillinga mi. Desse fem spørsmåla vil danne strukturen i presentasjonen av funna mine, ved at kvart av dei utgjer eit underavsnitt i dette kapittelet. Men eg begynner med eit overordna forhold; den teologiske tilnærminga til fleirkulturell kyrkjelyd.

Innleiingsvis vil eg påpeike at eg ser det som eit viktigare omsyn å presentere dei mest interessante funna enn å ha ein heilt jambyrdig presentasjon av dei tre kyrkjelydane.

### 4.1 Teologisk tilnærming til fleirkulturell kyrkjelyd

Leiinga, representert ved prest/pastor, fekk spørsmål om kva for teologisk forståing dei legg i det å vere ein fleirkulturell kyrkjelyd. Pastoren i Baptistkyrkja opplevde dette spørsmålet som ”heilt feil”, fordi ho opplever at det baserer seg på ei vi/dei-tenking. Ho uttaler at ”(e)g trur alle kyrkjelydar skal ønskje nye medlemmar velkomne, uansett kvar i verda dei skulle vere fødd og oppvaksne!”. Eit inkluderande perspektiv, utan eksplisitt fokus på kulturell ulikskap, er difor eit sentralt grunnlag for kyrkjelydsfellesskapen i Baptistkyrkja.

Begge dei to andre prestane la vekt på ei fellesskapstenking, ikkje heilt ulikt pastoren i Baptistkyrkja. Med referanse til 1. Kor 12 trakk presten i Drabantkyrkja fram at ”vi er ulike som lemmene på kroppen, men vi utgjer ein heilskap som Kristi kyrkje på jorda”. Ho understreka at dette mangfaldet gir rik signing for alle i fellesskapen, og at det sentrale er å sleppe kvarandre til: ”når vi deler trua vår, veks vi som menneske, kristne og som kyrkjelyd”. Her påpeika ho at kyrkjelyden har ein tradisjon for å vise rausheit, å samlast om det ein kan semjast om, og samstundes respektere at noko vil dei alltid tenke ulikt om. Samstundes påpeika ho at ”det viktigaste deler vi, nemleg at vi har Jesus som vår Herre”. Denne teologiske tilnærminga kjem til uttrykk mellom anna på skulegudstenester og barnehagegudstenester i kyrkjelyden. Det er stort oppmøte på gudstenestefeiringane, noko som i følgje presten kjem av at dei legg vekt på openheit:

Når vi skal be, seier eg at ”no skal vi be, slik som ein også gjer i moskeen og i hindutempelet”. Og eg forklarar kva måte vi ber på i kyrkja. Og når vi skal be Fader Vår, da seier eg at den som vil kan vere med og be.

På julegudstenesta for skulen og barnehagen les dei også Koranen si skildring av Jesu fødsel. Leiinga jobbar samstundes for auka forståing for ulike tru og ulike opplevingar av det heilage. heilagdom. Dei held også fram kristne tradisjonar og kva som er særeige for den kristne trua.

Erfaringa er at dette gjer at fleire over tid opplever at dei får tilhøyrighet til kyrkjelyden, noko eg ser nærare på under 4.2.

Presten i Bykyrkja vektlegg at den kristne kyrkja sletts ikkje er etnisk betinga. Han påpeikar at kyrkja er verdsvid, og difor vert farga av ulike kulturar. Når folk frå ulike stader i verda bur i vår nærleik, høyrer det med å opne opp og bli ein internasjonal fellesskap. Fellesskap med dei kristne kjem først, men samarbeid og fellesskap med menneske av anna tru, ”slik Jesus alltid hadde”, held han også fram som viktig, også for kyrkjelyden si skuld:

Kristne frå andre land representerer ei fantastisk moglegheit til å styrke den kristne fellesskapen i kyrkjelyden. Og det er ein føresetnad for at folkekyrkja skal overleve. Dersom den forvitrar, vert vi vert berre ei seremonikyrkje, der dåpen misser tydinga si fordi dåpen sitt liv blir umogleg, det handlar berre om å få døypt eit born, medan resten blir umogleg å forvente, dåpen vert ein formalitet og ikkje ei sanning.

Også forkynninga til presten i Bykyrkja ber preg av ei fellesskapstenking. Han omtalar ulike kulturelle grupper i eit stort ”vi”, og reflekterer rundt fellesgods i ulike kulturelle og religiøse tradisjonar, då med utgangspunkt i sentrale teologiske poeng. Under borgarkrigen på Sri Lanka stilte Bykyrkja opp for tamilane i bydelen (sjå også 4.2). Leiinga presiserer at det ikkje var noko strategisk tanke bak, at det vil innebere eit langvarig samarbeid eller at det skulle føre til at tamilane blir kristne. Det var snarare eit diakonalt fokus der dei brukte gudstenesta for å uttrykke støtte til tamilane, og å sette situasjonen deira på dagsorden. Presten i Bykyrkja påpeikar at ”det mest spennande med den nye diakoniplanen er inkluderinga av lokale forhold”. Internasjonale forhold, som tidlegare kunne opplevast som utfordrande å inkludere i forkynning og kyrkjelydsarbeidet elles, har no kome nær. Både borgarkrigen på Sri Lanka og flystyrt i Polen har følgjer for folk i nærmiljøet, og er difor lokale forhold som blir tematisert i gudstenestene i Bykyrkja.

## **4.2 Faktorar ved kyrkjelydsleiinga**

Forhold knytt til kyrkjelydsleiinga er sentrale premiss for alt som skjer i kyrkjelyden, og dermed også for vilkåra for fleirkulturell integrering. Eg vil begynne med å sjå på fleirkulturell representasjon i leiinga. Dette er viktig for jambyrdig deltaking, og noko som først og fremst Baptistkyrkja har lukkast med. Dei siste to åra har alle språkgrupper i kyrkjelyden vore representert i menighetsrådet, noko som er avgjerande for kommunikasjonsflyten mellom leiinga og kyrkjelydsmedlemmene. I følge pastoren er mange av burmesarane i kyrkjelyden reserverte og blyge på eigne vegne, noko som kan vere eit

resultat av undertrykkinga dei har vore utsett for i heimlandet. Til dømes tok det tid før dei torde å seie kva dei faktisk meiner i menigheitsrådet. Men menigheitsrådet er no leia av ein chin. På det nasjonale årsmøtet har Baptistkyrkja dei siste åra hatt representantar med afrikansk og burmesisk, i tillegg til nordmenn.

Ser vi på økonomiske ressursar er utgangspunktet i dei tre kyrkjelydane svært ulikt. Bykyrkja er for tida i ein gunstig situasjon med ni tilsette. Drabantkyrkja manglar ei prestestilling, men har likevel seks tilsette, mot Baptistkyrkja, som berre har pastor i halv stilling. I Bykyrkja er ei aktiv satsing i forhold til det fleirkulturelle medverkande til, og samstundes forklart av ressursar på tilsettesida. I Baptistkyrkja er behovet for aktive frivillige i gudstenestesamanheng og elles truleg ein medverkande årsak til at så mange er aktivt involvert.

I Bykyrkja og Drabantkyrkja er innvandrarane langt mindre aktive brukarar av kyrkja, og dei er også mindre involverte i leiinga. Men også i desse kyrkjelydane utfordrar leiinga folk med ulik bakgrunn til å ta leiaransvar. Synleggjering av innvandrar gjennom aktiv deltaking og/eller bruk av nettside og andre informasjonskanalar er ein strategi i alle tre kyrkjelydane i studien. Leiinga i Drabantkyrkja påpeikar at synleggjering er den viktigaste strategien for at folk med ulik bakgrunn skal oppleve at dei er velkomne og at alle kan bidra. No er det ein med innvandrarbakgrunn i menigheitsrådet i Drabantkyrkja, og han er ikkje den første. Den noverande representanten er ny, og gir uttrykk for at han vil føle seg litt fram før han kjem med eigne forslag.

Ingen i menigheitsrådet i Bykyrkja har innvandrarbakgrunn, men ei kvinne med afrikansk bakgrunn var tidlegare med i gudstenesteutvalet. Ho lanserte ideen om å starte eit fleirkulturelt gospelkor for å skape meir liv i gudstenestene. Ideen er no gjennomført og koret er ei av hovudsatsingane i kyrkjelyden. Dette viser at kvinna hadde reell påverknad i utvalet. I interimstyret til koret, som presten har sett saman, er innvandrarane klart overrepresenterte, sett ut i frå talet på innvandrar i koret. Dette er eit uttrykk for openheit og inkludering frå presten si side.

Eit fellestrekk hos leiingane i dei ulike kyrkjelydane er at dei står saman om eit ønskje om ein fleirkulturell kyrkjelyd. Alle har også fleire samarbeidspartnarar i det fleirkulturelle arbeidet. Dei samarbeider med kommunale aktørar, andre kyrkjelydar/kristne organisasjonar og med frivillige organisasjonar. Nokre døme på dette er at Drabantkyrkja legg vekt på å vere synlege på lokale bydelstilstellingar. Baptistkyrkja er involvert i internasjonal kafé, ein sosial treffstad

som ulike kyrkjelege aktørar står saman om. Bykyrkja er engasjert i dialog og samarbeid på tvers av religiøs tilhøyricheit, mellom anna gjennom eit religions- og livssynsforum.

I Baptistkyrkja og Bykyrkja er det tydleg at innvandrarar har påverka kyrkjelyden. Dette kan berre skje dersom innvandrarar får sleppe til, og er difor eit uttrykk for omstillingsevne i kyrkjelydsleiingane. For leiinga i Baptistkyrkja verkar det sjølvstøtt å la nye kyrkjelydsmedlemmer påverke innhald og uttrykk i kyrkjelyden. Også i Bykyrkja uttaler leiarane at ”det vi har gjort er å lytte til kva folk ønskjer”. Kyrkjelyden hadde ikkje i utgangspunktet planar om ei fleirkulturell satsing, men det meldte seg fleire behov. Dei søkte difor om midlar til eit omfattande prosjekt. Då dei fekk avslag på denne søknaden, opna det seg i staden ei moglegheit for å tilsette ein afrikansk evangelist gjennom arbeidstrening i NAV. På denne måten fekk kyrkjelyden ein viktig ressurs inn i det fleirkulturelle arbeidet. Ein følgje av dette er at mange eldre i kyrkjelyden no har fått møte ein vaskeekte kristen afrikanar, noko dei tidlegare berre kjente til gjennom misjonsblad. I følgje kyrkjelydsleiinga har nettverksarbeidaren bidrege til færre fordommar mot innvandrarar, spesielt blant dei eldre.

#### **4.2.1 Personlege trekk**

Dei tre kyrkjelydane i denne studien er svært ulike, men alle ber preg av å ha opne, fleksible og inkluderande leiarar. Informantar i alle kyrkjelydane trakk fram positive sider ved presten/pastoren som er viktige for fleirkulturell integrering. I følgje andre i leiinga har baptistpastoren diplomatiske evner som kjem godt med når det oppstår usemje mellom ulike grupper. Ho understrekar sjølv at ”de har latt seg mekle, den skal de ha!”. Ho er tydleg på at ho aldri kunne tenkt seg ein ”norsk” kyrkjelyd, og understrekar at ho får ”masse gode vener og signing” gjennom å vere med i kyrkjelyden. Ho er tilsett i 50% stilling, men bruker langt meir tid på kyrkjelyden enn stillingsprosenten tilseier. Arbeidet hennar krev stort tolmod. Medan mange kyrkjelydsmedlemmer enno hadde dårlege norskkunnskapar, brukte ho mykje tid på å besøke folk for å gje beskjedar, og til dømes spørje folk om å leie eit møte. Ho var gjerne innom tre familiar på ein kveld. No har det språklege blitt enklare, men på årsmøtet våren 2010 var haldninga likevel at ”det varer så lenge det må, for at alle skal forstå det som skjer”. Dette vitnar om at nordmennene i kyrkjelyden har fått ei anna haldning til tid.

Den personlege openheita er også tydleg hos andre leiarar i Baptistkyrkja. Ein som sjølv har afrikansk bakgrunn uttala at:



Når ting er forskjellige – språk, kultur, utsjånad – blir det desto viktigare for meg å bygge ein relasjon med ein gong, slik at folk kan føle seg trygge på meg (...). Eg prøver å få vekk feiloppfatningar, eg er opptatt av å vise folk at eg er glad i dei, å vise interesse og at eg vil ha kontakt.

Presten i Bykyrkja vart omtala som ”hyggeleg og open” og ”mogleg å ta opp ting med”. Sjølv har han misjonærbakgrunn og har ei uredde haldning i møte fleirkulturelt og fleirreligiøst mangfald. Kulturforståinga hans kom til sin rett då ei asiatisk kvinne kom til kyrkja ein tidleg morgon mange år tilbake. Ho la babyen sin ved altarringen. Dei tilsette som var i kyrkja, var i fullstendig villreie, kva ville ho eigentleg? Då presten kom, forstod han situasjonen, han gjekk fram og velsigna babyen hennar, og kvinna gjekk gledesstrålande heim. Openheita hans kjem også fram i tilnærminga til gudstenesta. ”Det går an og det er lov å delta på gudsteneste utan å legge vedkjenninga si i dette”, påpeiker han, og fortel at både hinduar og muslimar oppsøker gudstenestene i kyrkjelyden. Leiinga i Bykyrkja er oppteken av å famne lokalmiljøet, ikkje berre kyrkjelydsmedlemmene. Dei siste åra har dei samarbeidd også med sikhar, hinduar og muslimar, primært om sosialetiske sakar. Konkrete døme er TV-aksjonsinnsamling og menneskerettsseminar.

I Drabantkyrkja uttala ei kvinne at: ”det at så mange kjem hit, handlar om presten, ho er veldig spesiell. Ho er open og inkluderande, det ville ikkje vore slik her om det ikkje var for henne”. Samarbeidet med ein tamilsk baptistkyrkjelyd oppstod gjennom presten, og vitnar om openheita hennar. Medan ho var på symjekurs med barnet sitt, tok ei tamilsk kvinne kontakt med spørsmål om dei kunne leige kyrkja til sine gudstenestefeiringar. Den tamilske kyrkjelyden var då kasta ut frå ei anna kyrkje, og trengte nye lokalar. Presten og resten av leiinga i Drabantkyrkja stilte seg opne for dette, og samarbeidet har fungert svært godt. No har dei planar om å arrangere ei felles gudsteneste.

Openheita i leiarskapet i Drabantkyrkja viser igjen i mange opne arenaer. På karnevalet, ei feiring med mat, utkleding og leikar for borna, som Drabantkyrkja arrangerte etter fastelavngudstenesta, var det fleire barnefamiliar enn dei som var tilstades på gudstenesta rett før. Karnevalet vart også annonsert separat, og slik vart det ein møteplass for fleire enn dei som ønska å oppsøke gudstenesta. I det daglege har dei kyrkjedørene opne så mykje som mogleg, for at det skal vere låg terskel for å kome inn og tenne eit lys, eller å ta kontakt med dei tilsette.

### 4.2.2 Haldning til medlemskap

Leiinga i alle kyrkjelydane hadde ei open tilnærming til andre konfesjonar, noko som viser igjen i haldninga til medlemskap. Bykyrkja og Drabantkyrkja har berre fokus på medlemskap i samband med menighetsrådsval og når nokon aktivt etterspør innmelding. Men kyrkjelydsvalet i Den norske kyrkje i 2009 ikkje ser ut til å ha medført eit stort fokus på medlemskap. Både Bykyrkja og Drabantkyrkja verkar å nedvurdere tydinga av medlemskap utifrå eit ønske om å inkludere dei mange ikkje-medlemmene i soknet. Dette kan ha inkluderande konsekvensar: Bykyrkja har enda til ein tilsett som er medlem av eit anna kyrkjesamfunn. Leiinga her påpeikar at innmelding kan vere ei utfordring formelt sett, fordi det krev ein utmeldingsattest, noko som kan vere vanskeleg å oppdrive om ein til dømes kjem frå Sierra Leone. Dei er difor ikkje formalistar i forhold til medlemskap, heller ikkje i møte med etniske nordmenn.

Leiinga i Bykyrkja ønskjer å få med fleire med innvandrarakgrunn inn i planarbeidet i kyrkjelyden: ”vi ser at folk har kompetanse, og det å vere innvandrarak i lokalmiljøet representerer ein viktig synsvinkel inn i arbeidet her”. Men fordi få innvandrarak er medlemmer i kyrkjelyden, inviterer dei folk til å vere aktive i utval. I samtale med ei afrikansk kvinne som tidlegare sat i gudstenesteutvalet, vart det tydeleg at medlemskap er eit ikkje-tema i kyrkjelyden. Leiinga hadde fortalt meg at ho ikkje var medlem, men sjølv uttala ho at: ”Klart eg er medlem her. Dei kjenner meg, eg har vore med lenge, nei eg har ikkje fylt inn noko skjema, men eg er med, ja”.

Baptistkyrkja har ein svært inkluderande medlemspraksis. Dei ønskjer nye medlemmer velkomne ved å invitere dei fram til forbøn under gudstenesta. Ved årsskiftet, før innrapportering til det offentlege, sjekkar pastoren kven som vil stå som medlemmer.

### 4.3 Det første møtet

Det sosiale aspektet ved det første møtet er det som sit igjen hos informantane, dette gjeld uavhengig av om dette skjedde i samband med gudsteneste, korøving eller anna. Spesielt dei som ikkje kjente nokon i kyrkja frå før, opplevde den sosiale sida ved det første møtet som sentral. Dei la vekt på velkomsten og stemninga. For dei som hadde eit godt førstemøte, var dette ein viktig grunn for at dei fortsette å kome til kyrkja.

I to tilfelle var det kyrkjelyden som tok første skritt for kontakt. Begge gonger var dette i Baptistkyrkja, og det var kvoteflyktningar frå Burma som var dei nykomne. I det eine tilfellet fekk kyrkjelyden ei melding frå folkeregisteret om at ein baptistfamilie frå Burma, hadde fått barn. Pastoren troppa då opp på døra hos den familien. Den andre gongen meldte lokalavisa at dei første burmesiske flyktningane hadde kome til distriktet. Det kom også fram at dei var kristne. Nokre frå kyrkjelydsleiinga gjekk då på besøk til den aktuelle familien. Kyrkjelyden si aktive inkludering av desse to familiane, var eit viktig utgangspunkt for deira vidare deltaking, begge desse familiane er no aktive i kyrkjelyden.

Særskilt i Baptistkyrkja, men også i Bykyrkja, har innvandrarar kome i kontakt med kyrkjelyden gjennom kommunale aktørar som flyktningkonsulentar eller tilsette på introduksjonssenteret for flyktningar og innvandrarar. Dette skjedde på bakgrunn av at dei hadde uttrykt ønskje om kontakt med ein kristen kyrkjelyd. Fleirtalet av innvandrarane tok derimot sjølve kontakt med kyrkjelyden. Ein burmesisk informant uttrykte at han og familien vart ønska varmt velkomne, då dei, som ein av dei første burmesiske familiane, kom til kyrkjelyden. Dei hadde budd i området ei stund, før dei tilfeldigvis passerte Baptistkyrkja. Det var folk der, dei gjekk spontant inn. Også innvandrarar i Bykyrkja og Drabantkyrkja fortel at dei vart tatt godt i mot då dei kom til kyrkjelyden for første gong. Dei deltok også på kyrkjekaffien etter gudstenesta, og opplevde at det var enkelt å kome i kontakt med nordmenn her. Ei sa at ho kjente seg heime i Bykyrkja frå første stund. Ho etterspurte hjelp frå kyrkja fordi ho var i ein vanskeleg situasjon, og dette fekk ho. Også ei gruppe tamilar tok kontakt med Bykyrkja då dei trengte støtte, og opplevde å få det dei etterspurte. Særleg ei tamilsk kvinne kjente alt til kyrkjelyden gjennom kyrkjelydsbarnehagen, men for dei andre var støtta og omsorga dei fekk truleg avgjerande for den vidare relasjonen til kyrkja. Dette skal eg gå meir inn på under punkt 4.4.

Bykyrkja har som nemnt eit nystarta gospelkor. Dette koret rekrutterer songarar også utanfor soknet. Eit par fortalte at dei vart tatt godt i mot då dei kom på korøving, som var deira først møte med kyrkja. Men ikkje alle får den same gode velkomsten. Ein ung mann fekk høyre om koret på det kommunale introduksjonsprogrammet. Han møtte opp, men enda med å gå midt under korøvinga fordi ingen hadde helst på han. Han hadde fått ordet og presentert seg sjølv, men ikkje ein gong dirigenten introduserte seg for han. Slik kommenterte ein av dei andre kordeltakarane ”velkomstpraksisen” til dirigenten og korleiinga:

Han hadde heller ikkje eit opplegg for å ønske nye folk ordentleg velkommen, dei forventa at du skulle finne din plass, sånn litt help yourself. Vi opplevde at fleire gjekk etter ein time.

Men presten tok tak i problemet. Då dei aktivt begynte å ønske nye velkomne og skreiv ned namna deira vart det slutt på at folk gjekk midt i korøvinga.

Ein informant vart teke godt i mot i Drabantkyrkja der han går no. Men tidlegare budde han i soknet til ein av kyrkjelydane eg var i kontakt med i forkant av denne studien. Han var på gudsteneste der to gonger utan at nokon andre helste på han enn kyrkjeverten og presten, som stod i døra. Det var kyrkjekaffi i etterkant av gudstenestene, men sidan han alt følte seg ekskludert frå fellesskapen, valde han å ikkje delta. Også Munck-Fairwood fortel om innvandrarak som opplever å ikkje bli sett, og at fleire av desse velgjer å gå over til immigrantkyrkjelydar (Munck-Fairwood, 2008: 24). Dette har ikkje eg sett døme på i mine funn.

Ein katolikk frå Burma oppsøkte Baptistkyrkja. Han vart tatt i mot og bedt for, slik praksisen er når det kjem nye. Men sidan han var katolikk, viste leiinga han vidare til den katolske kyrkja på staden. Pastoren la tilrette for at han skulle bli tatt godt i mot ved å kontakte den katolske kyrkja og sende over bilete av mannen. Men etter ei kort stund, kom han tilbake til Baptistkyrkja, kor han igjen var velkomen. Dette viser at det å vere saman med andre som har same etnisk bakgrunn som ein sjølv, kan ha større tyding enn konfesjon.

#### **4.4 Grunnar til å gå i kyrkjelyden**

Eit premiss for fleirkulturelt kyrkjeleg fellesskap som ligg forut for det første møtet, er at innvandrarak vel å kome til kyrkjelyden. Grunnar til at informantane oppsøkte kyrkjelyden, var varierende. Mange søkte ein kristen fellesskap. For andre handla det om eit ønske om å oppdra borna sine i kyrkja, sosial kontakt – eller at dei var glade i å synge. Andre igjen oppsøkte kyrkja i ein krisesituasjon, som ein kanal til å bli sett og høyrte. For mange var kort avstand til kyrkja ein medverkande grunn. Ulikskap i grunnar har sjølvstamt samanheng med at innvandrarakane er ulike som personar. Bakgrunnen for at dei kom til Noreg er også svært ulike. Dei fleste i Baptistkyrkja var nykomne kvoteflyktningar då dei kom til kyrkjelyden. I Drabantkyrkja og Bykyrkja er det fleire som kom til landet på grunn av kjærleik. Andre kom som følgje av studiar, som asylsøkarar eller på grunn av arbeid.

Informantane frå Baptistkyrkja var samstemte på at ønsket om å vere ein del av ein kristen fellesskap, var hovudmotivasjonen deira for å kome til kyrkja. Fleire i dei to andre kyrkjelydane heldt fram det sosiale som ein viktig grunn til å gå i kyrkjelyden, fordi dei opplever at nordmenn elles vanskelege å bli kjent med. Denne informanten i Drabantkyrkja ønskjer at kyrkjelyden skal bidra til å inkludere han i det norske samfunnet:

Då eg kom til Noreg såg eg at det fanst mange kyrkjelydar der folk frå same kultur var saman. Men eg ville ikkje segregere meg, eg ville vere i ei kyrkje som opphavleg var norsk, der dei fleste er nordmenn. Viss eg hadde gått i ein engelskspråkleg kyrkjelyd ville det vore lettare for meg, men da ville eg ikkje følt meg som ein del av det norske, eg ville følt meg ekskludert frå det norske samfunnet, det ville ikkje blitt inkludering.

Fleire informantar i Drabantkyrkja oppsøkte kyrkjelyden på grunn av borna sine. Ei går på babysong fordi ho ønska ein aktivitet saman med babyen sin. Ho er buddhist, og ikkje oppteken av det religiøse ved kyrkja. Men ho set tydeleg pris på babysong, og går også på barnehage-gudstenester saman med det andre barnet sitt. For som ho seier: ”Eg ønskjer å forstå barna mine, det er viktig for meg å kjenne til det dei veks opp med”. Ein annan informant i same kyrkjelyd er sjølv aktiv medlem av den katolske kyrkja i byen, medan barna hans tilhøyrer Den norske kyrkje. Han ønskjer å oppdra dei i Den norske kyrkje, og opplever ikkje dette som ein motsetnad til at han sjølv er katolikk. Borna trivst dessutan betre med barnekor og familiegudstenester i Drabantkyrkja, enn med den meir høgtidlege katolske messa. Ein tredje informant har også katolsk bakgrunn, og kom i kontakt med kyrkjelyden i samband med at borna ville verte konfirmerte der. Han begynte då å gå på gudsteneste i Drabantkyrkja, fekk gradvis ei sterkare tilknytning, og meldte etter kvart overgang til Den norske kyrkje. Han trekk fram den sosiale sida ved kyrkja, gjennom gudstenester og frivillig arbeid kjem han i kontakt med ulike menneske. I Drabantkyrkja fortel dessutan leiinga at mange fleirkulturelle par døyper borna sine i kyrkjelyden. På dei ti siste dåpssamtalane er det berre eitt par der begge er etnisk norske og har medlemskap i Den norske kyrkje. I flest tilfelle er mora thailandsk eller filippinsk, med buddhistisk bakgrunn, og faren er norsk. Tre-fire har polsk mor med katolsk bakgrunn, medan fedrane er norske. På spørsmål om kvifor dei ønskjer dåp i Drabantkyrkja, seier dei tydeleg at ”vi opplever dette som vår kyrkje”.

Vinteren 2009 oppsøkte tamilske innvandrara Bykyrkja, av ein ganske anna grunn enn ønskje om dåp: Dei trengte støtte og å bli høyrte. Dei rundt tjue tamilske familiane i soknet var i ein krisesituasjon på grunn av den brutale borgarkrigen som utspelte seg i heimlandet, Sri Lanka. Dei kontakta difor kyrkjelyden, og saman arrangerte dei støttgudsteneste og menneskerettsseminar med fokus på tamilane sin situasjon. I samband med ein bispevisitas i

kyrkjelyden møtte uvanleg mange innvandrarak til gudsteneste. To tamilar var bedt om å delta på møte med biskopen og menigheitsrådet etter gudstenesta. Men alle dei tjue tamilane som var på gudstenesta følgde på til møtet. Ei av dei tamilske kvinnene heldt eit innlegg der ho understreka for biskopen at dei kjende seg sett, ivaretatt og høyrte i Bykyrkja. På denne måten vart dei synleggjort som gruppe, samstundes som at dei fekk anerkjent kyrkjelyden for støtta dei fekk. Soknepresten kommenterte dette slik:

Vi er ein kanal inn mot menneske som med posisjonar, det er ikkje tilfeldig at så mange innvandrarak kom då biskopen var her.

Dei fleste av tamilane er hinduar. Både desse og andre er døme på at folk oppsøker ein kyrkjelyd som tilhøyrer ein anna konfesjon enn dei sjølv tilhøyrer. Eg har alt nemnt ein ortodoks, ein buddhist og to katolikkar som har begynt å gå i Den norske kyrkje. Også dei andre som går i Drabantkyrkja og Bykyrkja har ikkje-luthersk bakgrunn frå heimlandet. Ein har pinsevennbakgrunn, ein har muslimsk bakgrunn, og enda ein har katolsk bakgrunn. Dei to siste er metodistar og dermed dei einaste protestantane. Fleirtalet av informantane i Baptistkyrkja har derimot baptistbakgrunn frå heimlandet, medan ein har pinsevennbakgrunn.

Informanten med ortodoks bakgrunn har kort fartstid i Noreg og i kyrkjelyden. Han har lite kjennskap til den ortodokse tradisjonen som han tilhøyrer, fordi i heimlandet hans er gudstenesta på gez, eit heilag språk som han ikkje forstår. Han har nyleg døypt dottera si i ein ortodoks immigrantkyrkjelyd, men er open for å bli medlem i den lokale (protestantiske) kyrkjelyden på sikt. Det avgjerande er ikkje liturgiske forhold, men om han opplever at folk i kyrkjelyden lever ut det som dei lærer. Sjølv uttaler han: ”Det er ikkje noko ortodoks kyrkje her, men eg tenker at kristen er kristen – vi trur alle på Jesus, så difor kom eg hit”. For både han og fleire andre er kort avstand til kyrkja ein avgjerande grunn til å oppsøke kyrkjelyden, som kan ha større vekt enn konfesjon.

Ein informant fortel at ho går i koret i Bykyrkja fordi ho er glad i å synge, og fekk på førehand vite at det er greitt at ho ikkje er kristen. Ein ven av henne sjekka for sikkerheits skuld med presten. På dei siste korøvingane har informanten likevel opplevd at det har dukka opp både bønn og andre ting ho har kjent ekskluderande. Ho har difor kome i tvil om ho kan bli verande:

(det) handlar ikkje om menneska, men koret – er det noko eg kan stå for. Eg kan seie masse positivt om dirigenten, presten og alle medlemmene. Men det er det grunnleggande, er det plass til meg der? (...)eg vil ikkje at koret skal endrast på grunn av meg, eller ein eller to personar, men sånn opplegget er no så er eg ikkje komfortabel. (...)Viss det er eit kristent internasjonalt kor så vil eg gjerne vite det, viss det ordet kristent hadde vore med frå starten ville eg ikkje ha kome.

Med denne historia frå koret som bakteppe, vil eg gå vidare og sjå på kva som gjer at innvandrarene vert verande i kyrkjelyden. Mange uttrykte at dei fortset å gå i kyrkjelyden av den same grunnen som dei begynte, då til dømes at dei ønskja å vere del av ein kristen fellesskap. Men for dei fleste er det etter kvart fleire grunnar som gjer at dei blir verande i kyrkjelyden. Den sosiale fellesskapen er sentral her, det er også læring av norsk språk og kultur.

#### 4.4.1 Tilhøyrighet og tillit

Mange uttrykte ein tillit til at dei kan få hjelp frå kyrkja dersom dei skulle trenge det.

Informantane i Baptistkyrkja var særleg tydelege her: ”viss vi hamnar på sjukehus, da kjem folk på besøk med blomster og ber for deg, det er det som er så fint med kyrkja” sa ein informant. Ei anna stadfesta dette, og tydeleggjorde kor viktig hjelpa frå folk i kyrkjelyden er: ”det er dei einaste som kan hjelpe når vi treng det, det er ingen andre her vi kjenner som kan stille opp”. Dei som allereie har opplevd å få hjelp frå folk i kyrkjelyden, er sikrast på at dei vil få hjelp om dei skulle trenge det. Også informantar frå dei andre kyrkjelydane gir uttrykk for tillit, og trur dei ville fått hjelp gjennom kyrkjelyden dersom dei hadde bedt om det:

... eg stoler på dei fleste nordmenn utanfor kyrkja, og eg stolar enda meir på folk i kyrkja. Eg har ikkje hatt behov for hjelp frå nokon i kyrkja, ikkje som eg kan huske. Men viss eg hadde trengt hjelp til noko som eg tenkte eg kunne få frå kyrkja, då ville eg spurt om det.

Ei anna ga klart uttrykk for at ho opplever at folk er til å stole på. Ho trur også at folk vil hjelpe viss du ber om det. Men for at folk skal kjenne til behovet ditt, må ein aktivt etterspørje hjelp.

Tillit og tilhøyrighet heng saman. Mange av informantane uttrykte sterk tilhøyrighet til kyrkjelyden og folk her. ”Eg trur verkeleg at dette er ein av dei beste norske kyrkjelydane,” uttala ein, med referanse til korleis han vart tatt i mot og involvert i Bykyrkja.

Medlemskap verka ikkje avgjerande for tilhøyrighet. Den tidlegare pinsevennen som vart medlem i Den norske kyrkje, opplevde ikkje at medlemskapet endra tilhøyrigheita til kyrkjelyden. Han sa: ”Eg vart allereie rekna med” og ”Dei såg på meg som ein del av kyrkja lenge før eg vart medlem”. Ein annan uttrykte at det norske nettverket han har fått gjennom kyrkjelyden, har blitt ein sosial inngangsport for møte med andre nordmenn:

Kontakta med dei norske i kyrkjelyden er viktig. Den gjer at vi kjenner oss trygge, nettverket vårt blir utvida fordi dei inviterer oss heim når dei har barn og barnebarn på besøk, vi møter vennane deira. Viss vi så møter dei på gata, helsar vi. Slik utvidar vi nettverket og blir kjent med meir og meir folk.

Kommunale aktørar stadfesta at kyrkjelydstilknytning har mange positive følgjer for nykomne flyktningar. Ein flyktningekonsulent uttala at ”det gir ein veldig styrke å vere med i kyrkjelyd” og omtala spesielt det som skjer i Baptistkyrkja som ”integrering”. Han trakk fram at flyktningane blir kjent med nordmenn, og at dei får skyss og anna praktisk hjelp. Ein annan ga uttrykk for at:

Erfaringa er at tilhøyrigheita i ein kyrkjelyd gjer at dei får fred med seg sjølve (...) Målet med kontaktformidlinga er å ha fokus på heile menneske – ein treng også Gud for å vere eit heilt menneske i samfunnet. (...) Behovet for Gud er større hos folk som har mange sterke opplevingar, det har eg stor forståing for.

Kyrkjekaffien i etterkant av gudstenestene er ein sentral arena i alle kyrkjelydane i denne studien, eit lågterskeltilbod. Mange informantar ga uttrykk for at det er lett å kome i kontakt med folk her. Baptistkyrkja har dessutan bilete og namn av alle medlemmene i trappeoppgangen, som ei hjelp for å lære namn og bli kjent.

Både Bykyrkja og Drabantkyrkja framstår som opne i forhold til at innvandrarakar (og andre) søker kyrkja av ulike grunnar. Bykyrkja understrekar at gudstenesta også er ein sosial møteplass. Dei har arrangert fleire internasjonale gudstenester saman med tamar, som er hinduar. Dette er eit uttrykk for at deltaking i gudstenesta ikkje krev nokon form for kristen vedkjenning. Vidare er det eit resultat av eit ønskje om å vere kyrkje for alle i bydelen, noko også Drabantkyrkja har som intensjon. Men det er også ei bakside. Nokre av informantane som i lengre tid har gått i ein kyrkjelyd i Den norske kyrkje påpeikar at dei ser på kyrkjelyden som ein stad å få venner. Her ligg det implisitt at dei så langt ikkje har danna vennskap med andre kyrkjelydsdeltakarar. Både i Bykyrkja og Drabantkyrkja uttala leinga at kyrkjelyden har ei viktig sosial tyding for mange, men så langt i mindre grad for innvandrarakar. Slik forklara presten i Drabantkyrkja denne situasjonen: ”(...) det er mest sosial kontakt mellom dei som har vært med lengst, og det er ikkje så mange innvandrarakar som har vore med lenge”.

Kyrkjelyden har likevel ei viktig tyding for mange innvandrarakar, både for tilhøyrigheit, sosialt nettverk og praktisk hjelp. Men informantane som er eller har vore gift med nordmenn er mindre opptekne av den sosiale sida ved kyrkjelyden enn dei andre, noko som kan tyde på at ekteskapet har bidrege til at dei er sosialt integrert i det norske samfunnet.



#### 4.4.2 Praktisk hjelp

Mange av informantane i Baptistkyrkja har fått praktisk hjelp frå kyrkjelyden. Også i Drabantkyrkja og Bykyrkja har innvandrarakar fått praktisk hjelp frå kyrkjelyden, men det eg fekk kjennskap, til handla primært om akutte krisesituasjonar. I Baptistkyrkja var dei fleste nykomne flyktningar då dei kom til kyrkjelyden, og stod på mange måtar på bar bakke. Nordmennene i kyrkjelyden har difor stilt opp på ulike måtar. Ein familie har fått hjelp til å finne bustad og seinare til oppussing. Andre fortel om øvelseskøyring, flyttehjelp og om norskopplæring med bibelen som lærebok. Mange i kyrkjelyden har vore heilt avhengig av skyss for å kome seg til og frå kyrkja. Medan enkelte har fått svært mykje hjelp, uttrykk andre at dei i større grad må klare seg sjølve, delvis fordi dei har høg terskel for å be om hjelp. Ein trekk fram at han har fått betre hjelp frå kyrkjelyden enn frå det offentlege hjelpeapparatet. Han ber om råd når han skal kjøpe bil eller når det er ting han treng å vite om norsk regelverk. Men samstundes er han mindre avhengig av hjelp no enn før:

I starten då eg kom til Noreg hadde eg ingenting, no har vi alt, mat, førarkort. Eg treng ikkje skyss. No kjem eg til kyrkjelyden fordi eg vil tene Gud, ikkje fordi eg treng praktisk hjelp.

#### 4.4.3 Norsk kultur og fleirkulturell fellesskap

To informantar i Drabantkyrkja brukte karnevalet i kyrkja som døme på at kyrkjelyden er ein viktig arena for å lære om norsk kultur og tradisjon. I fjor visste verken foreldra eller barnet kva karnevalet innebar, men i år stilte dei med karnevalsklede. ”Viss det blir snakk om karneval på skulen no, ja då veit eg kva som skal gjerast,” sa den eine av dei. I barnehagen i Bykyrkja er det mange born med innvandrarforeldre. I følgje kyrkjelydsleiinga uttrykk desse foreldra skepsis til sekulære barnehagar. Dei ønskjer å ha borna sine i kyrkjelydsbarnehagen, slik at den kan lære om ”norsk tru og kultur” her, medan dei sjølve tek seg av deira tru heime.

Babysong i Drabantkyrkja har blitt ein tydeleg verdsett møteplass for thailandske damer som er gift med nordmenn. Her får dei også litt kontakt med nordmenn, og plukkar opp ny kunnskap om det norske språket og den norske kulturen. Ein burmesar trekk fram tydinga av at det er mange andre burmesarar i Baptistkyrkja. Fleire andre i Baptistkyrkja er tydelege på at dei set stor pris på den fleirkulturelle fellesskapen.

C: Det er veldig gøy at det er folk frå forskjellige land, eg ønskjer meg folk frå enda fleire land (...) i Burma hadde eg berre sett afroamerikanarar på tv. Så det er fantastisk å sjå afrikanarar i verkelegheita og bli kjent med dei. (...) Eg er stolt av å vere med her, denne kyrkjelyden er annleis enn andre kyrkjelydar her i byen.

For mange er også aktiv deltaking ein sentral grunn til at dei blir verande i kyrkjelyden, dette vil eg no sjå nærare på.

#### 4.5 Aktiv deltaking

Alle kyrkjelydane i studien inviterer til frivillig deltaking. Enkelte av innvandrarane er ikkje interesserte i å involvere seg i kyrkjelyden, fordi dei er involverte i andre samanhengar. Men desse representerer eit unntak, fleirtalet av informantane med innvandrarbakgrunn involverer seg aktivt.

To informantar ga uttrykk for at dei opplever det som ei slags plikt å stille opp for kyrkja, fordi dei er vane med at kyrkja har svært knapt med ressursar. Fleire informantar har tidlegare gått i kyrkjelydar andre stader i Noreg, utan å vere frivillig involvert. I det eine tilfelle forklarte informanten dette med at ”dei hadde allereie fordelt oppgåvene”. Det var altså ikkje rom for bidrag frå henne og familien hennar. Ein informant i Baptistkyrkja sa det slik: ”Det er trist å berre skulle vere her, sitte og høyre på, prise Gud, men ikkje ha oppgåver”. Ein annan slutta i kyrkjelyden han gjekk i, fordi Baptistkyrkja trengte han som ungdomspastor. Slik omtalar han dei ulike kyrkjelydane:

det var ikkje så opent der, det var ikkje lov å dele ting, snakke og kome med meininga si. Det var reservert (...) Her er det behov! Vi deler vitnesbyrd, det er fridom her, du kan tene Gud på den måten du vil (...) vi planlegg i fellesskap

Pastoren i Baptistkyrkja får ofte høyre at aktiv involvering er avgjerande for at mange blir: ”at dei kan tene Gud, at ikkje dette livet også må settast på vent. Dette er årsaka til at veldig mange blir”.

I Drabantkyrkja valde ein informant å melde seg inn i kyrkjelyden for å bli meir involvert i arbeidet. Det som var utslagsgevande for valet om å bli medlem i Den norske kyrkje, var nærleiken og moglegheita til å engasjere seg meir aktivt i kyrkjelyden. Han omtalar det slik:

kva hjelp det å vere medlem i pinsekyrkjelyden viss eg ikkje kan vere med og bidra, gjere ein jobb der? Eg kjente også folk i Drabantkyrkja, eg kjente meg heime der, og eg hadde allereie vore med ei stund som kyrkjevert og tekstlesar.

Dåpssynet gjorde at han brukte litt tid på å bestemme seg endeleg. Men han valde å bli medlem og meir aktiv i kyrkjelyden, trass tvil knytt til dåpspraksisen i Den norske kyrkje og det teologiske synet som ligg bak. Den nytilsette afrikanaren i Bykyrkja trekk også fram at aktiv deltaking er avgjerande for at folk skal kjenne seg sett og verdsett.

Innvandrarane i kyrkjelydane har ulike oppgåver som frivillige. I Bykyrkja er dei først og fremst involverte i gudstenesteplanlegging og ulike oppgåver i samband med gudstenesta (forbøn, tekstlesing, prosesjon, innsamling av offer, kyrkjevert). I tillegg kjem deltaking i gudstenesteutval og korstyre, (og til tider også planlegging og bidrag ved ulike arrangement.) I tillegg til frivillige med innvandrarbakgrunn har Bykyrkja også fleire tilsette med innvandrarbakgrunn. Medan dei andre har lang fartstid i Noreg, er ein innvandrar relativt nykomen og nytilsett i kyrkjelyden. Han er fornøgd med arbeidssituasjonen:

Leiarskapet her er veldig bra, dei har tatt godt i mot meg og eg samarbeider godt med dei. (...) Folk i kyrkjelyden er også venlege mot meg. (...) I Bykyrkja deltek eg aktivt under gudstenestene. Eg er med og deler ut nattverden. Og ein gong i månaden er eg kyrkjevert, og tek i mot folk når dei kjem. Desse oppgåvene trivst eg godt med.

Dei same gudstenesteoppgåvene er vanlege i Drabantkyrkja. I tillegg kjem nattverdsmedhjelpar og medliturg, og ein som er i ferd med å avslutte presteutdanninga si, deltek av og til som prest. Utover gudstenestearbeid hjelper fleire til med praktiske ting i samband med barnekoret og ein er med i menigheitsrådet. ”Alle som vil kan være aktive og bestemme her,” seier ein informant i Baptistkyrkja. Dette ser ut til å stemme, innvandrarane er involvert i alle sider ved kyrkjelydsarbeidet, bortsett frå det administrative. Pastoren si erfaring er at mange ikkje trur dei greier å ta ansvar for planlegging og oppgåvefordeling. Difor er det framleis nordmennene som trekk i trådane i kyrkjelyden. I gudstenesta er innvandrarar derimot involverte i alt frå møteleiing til preike. Som forsongarar og musikarar er dei dominerande. Ei er søndagsskulelærer, og på ungdomsgruppa, der alle ungdommane har innvandrarbakgrunn, tek dei ansvar for mykje sjølve. Men pastorparet avlastar for tida ungdomspastoren når det gjeld leiing og planlegging. Andre er aktivt involvert i å drifte bygningen, i festkomitear og som leiarar for ulike undergrupper. Vidare skil Baptistkyrkja seg ut frå dei andre kyrkjelydane ved å invitere til frie vitnesbyrd under kvar gudsteneste. Mange bruker denne moglegheita til å opptre med ein song, gjerne på sitt eige morsmål. Etter kvart som dei lærer meir norsk, seier dei også meir.

I Baptistkyrkja har aktiv involvering av innvandrarar påverka kyrkjelyden i svært stor grad. Dette har ført til ei gudstenesteform som fleire trivst med, mellom anna denne informanten:

då vi kom, da var det så stille, alt var planlagt, veldig strukturert: ”No skal vi synge”, så song vi, så var det heilt stille, så talte pastoren, så var det stille (...) Men no er det annleis, det er så mange som er med aktivt, no er det ungdomsgruppe og søndagsskule, det var det ikkje da, vi bidreg med ulike ting, folk syng på ulike språk, har vitnesbyrd, innimellom høyrer vi amen, til og med pastoren seier eit lite Amen, det er ikkje noko stille, det er så gøy, det er mange unge.

I alle kyrkjelydane er det tydleg at den frivillige innsatsen vert verdsett, av både prest/pastor og andre i kyrkjelyden. Men den har også tyding for forhold utanfor kyrkja. Ein informant trakk fram at den frivillige innsatsen gir han erfaringar han kan dra nytte av, mellom anna i jobbsamanheng. Han uttrykte ønskje om å utvikle vennskap gjennom kyrkjelyden, med tanke på læring og kontakter: ”Det er viktig å bli kjent med folk. Nettverk, nettverk, nettverk, det er jo sånn ein høyrer, det er nyttig i forhold til jobbsøking, og for å bli kjent med norsk kultur”. Ei anna som er aktiv som frivillig, fortalte at ho bruker pastoren som referanse ved jobbsøking. Dette fortel at kyrkjetilhøyrigheit og aktiv deltaking har positive følgjer også utover kyrkjelydsgrensene.

## 4.6 Tydinga av språk

I fleirkulturelle kyrkjelydar har deltakarane/medlemmene mange ulike morsmål. Ei side ved dette er at norskkunnskapane kan vere varierende. For mange er kyrkjelyden ein viktig stad for å lære meir norsk, dette er spesielt tydleg i Baptistkyrkja. Ingen av kyrkjelydane har ei fast tolkeordning, men i varierende grad vert det brukt ulike språk i kyrkjelydane, både i arrangementssamanheng og på sosiale arenaer. Det klaraste døme på dette er at ei språkgruppe i Baptistkyrkja har si eiga gudstenestefeiring. Fordi Baptistkyrkja er den kyrkjelyden i studien som er klart sterkast dominert av folk med ulike morsmål, vil eg i dette avsnittet presentere mest funn frå Baptistkyrkja.

### 4.6.1 Ein stad å lære

”Eg har lært masse norsk av å gå her. Først hadde eg berre ei veninne på skulen, ho kunne dårlegare norsk enn meg, så da var det først og fremst i kyrkja, at eg fekk praktisert norsk”, uttala ein informant i Baptistkyrkja. Mange hadde ingen/svært dårlege norskkunnskapar då dei kom til Baptistkyrkja, og språket var difor den klart største utfordringa i møte med kyrkjelyden. Pastoren fortel at dei i starten tok flittig bruk av ”fingrar og tær” i mangelen på felles språk. Fleire av informantane i Baptistkyrkja trekk fram at dei har fått god hjelp til å

lære norsk. Både Baptistkyrkja og Drabantkyrkja har norske medlemmer som har vore utanlands som misjonærar eller anna og difor kan kommunisere på morsmålet til enkelte av innvandrarane. Slik blir ting enklare, reint praktisk, det gjer også at innvandrarane kjenner seg mykje betre forstått.

Som nemnt vert Bibelen brukt aktivt for å lære språket i Bykyrkja og Baptistkyrkja vert. Ein i Baptistkyrkja uttalar at: ”eg lærte å forstå ved å prøve. Eg slo opp i min burmesiske bibel, og samanlikna med det som vart lese på norsk under gudstenesta, slik forstod eg litt av det som vart snakka om. Og etter kvart forstod eg meir”. Slik har mange blitt gradvis flinkare i norsk. Men pastoren i Baptistkyrkja påpeikar at dei no er for få norske til å følgje opp språkopplæringa så godt som dei ønskjer. Men ho har gått strategisk til verks for at det skal bli lettare å forstå forkynninga i kyrkjelyden: ”Eg sette meg inn i norskkurs, stadium første år, ein gong eg skulle lage eit bibelstudieopplegg. Dette ordforrådet er det eg bruker når eg preikar”. Terskelen for aktiv deltaking er svært låg i Baptistkyrkja, også dette er avgjerande for språklæring. Mange har lært norsk raskt ved å involvere seg i kyrkjelydsarbeidet. Ein fortel at han begynte å preike på norsk etter berre tre månader på vaksenopplæring, då hadde han vore i landet under eit halvt år.

I samband med språk er det interessant igjen å vende merksemda til det internasjonale gospelkoret i Bykyrkja. Dirigenten her verka ikkje å ha ei tydleg bevisstheit knytt til at dette er eit fleirkulturelt kor. Han brukte kompliserte ord og uttrykk, både i musikalsk og meir generell forstand. Vanskeleg språkbruk kan ha ein ekskluderande verknad for kormedlem som har dårlege norskkunnskapar.

I Drabantkyrkja fortel ein informant at sosial kontakt også kan handle om meir enn grunnleggjande språklæring. Tidlegare gjekk han i ein annan kyrkjelyd der han vart kjent med ei kvinne frå Trøndelag. Slik vart han kjent med at folk snakkar ulike dialektar, han vart van med det og forstod kvinna.

Heller ikkje Drabantkyrkja eller Bykyrkja har noko fast tolkeordning, men av og til oversett folk for kvarandre. Ein i leiinga i Drabantkyrkja uttalar at ”(d)et er misforstått at vi skal oversette og tolke. Dei som oppsøker kyrkja ønskjer å lære språk, og det som skjer her skaper eit samhald”. Dette stemmer med oppfattinga hos fleire informantar. Ein viste til at onkelen kunne ha behov for tolk, men elles var dei samstemte: ”Eg er prinsipielt imot bruk av fleire språk, i integreringa si ånd. Det vil hemme integreringa”, uttala ein informant i Drabantkyrkja. Ein informant i Baptistkyrkja er samd i dette: ”Vi bur her, vi har akkurat begynt å lære norsk

språk, så det er viktig at vi er aktive og bruker norsk språk”, uttala ho. Ei i Drabantkyrkja trakk fram at det skriftlege, songhefte og program, gjer det enklare for henne å lære.

I Bykyrkja snakkar dei aller fleste godt norsk. For ein informant, som er nyttilsett i kyrkjelyden, er språket ei utfordring. På grunn av språket var han nervøs for å jobbe her, men han har fått god hjelp av både presten og andre i kyrkjelyden. Til dels bruker han engelsk, og opplever at han har ”ei klar moglegheit til påverking. Eg må framleis jobbe med norsken min, men eg snakkar med folk og jobbar for at kyrkja skal vere ein god plass å vere”. Men gudstenesteopplevinga hans vert prega av at han ikkje forstår alt. Spesielt salmesongen blir opplevd som ekskluderande: ”Salmane syng eg ikkje fordi eg ikkje kan dei. Eg føler meg rar når eg sit med lukka munn medan dei andre syng, og at dei ser at eg ikkje syng”.

#### 4.6.2 Bruk av fleire språk

Vi bruker ulike språk i kyrkjelyden (...) Gud forstår alle språk. Det handlar om deg og Gud. Viss det er nødvendig tolkar vi til norsk, viss ein preikar på engelsk for eksempel. Målet er at alle skal bruke norsk, det blir enklare for alle. Samtidig er det litt komplisert no. Men vi tolkar når andre språk blir brukt. For meg er dette også ok.

Baptistkyrkja er den einaste av kyrkjelydane i studien som fast bruker fleire språk under gudstenestene. Dei les bibelteksten på to språk, avhengig av kva den som skal lese vel, til dømes norsk og swahili, chin og norsk eller burmesisk og norsk. Dei bruker simultanomsetting berre viss den som talar, ikkje snakkar norsk. Elles sit dei som treng tolking saman under gudstenesta, medan dei andre flyttar seg for ikkje å bli forstyrra. Den som skal omsette, får av og til pastoren sitt manuskript på førehand. Kyrkjelydsmedlemmene har sjølve valt at alt skal vere på norsk eller omsettast til norsk. Elles har dei to songbøker, ei på chin og ei på norsk, med ein del av dei same songane. Bykyrkja har internasjonal gudsteneste fire (?) gonger i året. Då bruker dei ulike språk under forbøn og tekstlesing, og det nystarta gospelkoret deltek med songar som skaper gir eit internasjonalt preg. Også Drabantkyrkja har tatt inn ulike språk i gudstenesta, både i song og bønner, mellom anna i fastetida. Men ingen av informantane kunne huske å ha opplevd bruk av andre språk enn norsk.

I samband med til dømes bønne møter ber folk på ulike språk. Under gudstenesta er det som nemnt mange som deltek under ”frie vitnesbyrd”, med å synge, gjerne på morsmålet. I dei to andre kyrkjelydane er det mindre opning for spontan deltaking i gudstenesta. Fleire deltek likevel, utan å kunne ”perfekt” norsk. Ein informant i Drabantkyrkja uttalte at ”kanskje ikkje

alle er fornøgd med at eg er tekstlesar, fordi eg les med aksent. Men eg meiner at det er må vere låg terskel for deltaking, det er viktig. Ein i Bykyrkja som er mykje involvert i kyrkjelydsarbeidet uttaler at: ”Slik som det er no er eg fornøgd med oppgåvene eg har i kyrkja. Eg kan noko norsk, eg forstår ein del norsk, men for å vere meir aktivt med i kyrkja må eg lære språket betre”.

Bruken av nynorsk meldte seg som eit tema i Bykyrkja. To innvandrarakar som syng i det internasjonale gospelkoret, reagerer på bruk av nynorske songar: ”Viss ein driv med integreringsarbeid, må ein ta omsyn til ein del ting (...) kva med nye innvandrarakar, korleis i all verda skal dei forstå teksten?”. Dei ga tilbakemelding til leiinga om at dei opplever nynorsk som ekskluderande. Etterpå har dei slutta å syngje den aktuelle songen. (Tilbakemelding fører med andre ord fram).

Ein av informantane uttrykte begeistring over ei internasjonal gudsteneste han hadde vore på i ei anna kyrkje, og ønskja at også Drabantkyrkja kan ta i bruk song og musikk på andre språk. Her forklarar han kvifor han kan tenke seg ein song på morsmålet hans under ei gudsteneste:

Eg ville opplevd det fint for at folk skal vite at slik syng ein andre stader, slik at eg føler meg riktig ein del av det. (...) Sjølv om eg syng på norsk eller engelsk, er ikkje det på same måte som når eg syng på morsmålet mitt. Når eg syng på norsk må eg lese teksten og konsentrere meg for å forstå meininga, det gir ikkje same oppleving som når ein syng ein song som ein kan godt. Enkelte songar gir ei glede, det er eit åndeleg aspekt der, det skal meir til å oppleve det med songar som er på eit språk som ein ikkje kan så godt. Eg kan oppleve det med norske songar, men oftare på morsmålet mitt.

Presten i Drabantkyrkja har av og til foreslått å bruke bønner og songar frå andre kulturar, men har ikkje opplevd at folk har tent på ideen. ”Kanskje har dei ikkje kjent seg fortrulege med å skulle presentere det eller leie det”, uttala presten. Ein informantar uttrykte ei pragmatisk haldning, han syntes ikkje det er ”vits i” å ha song og musikk på morsmålet sidan ”vi forstår norsk”.

I Baptistkyrkja er også søndagsskulen fleirspråkleg. På det meste har dei brukt tre-fire språk på søndagsskulen, fordi mange born var nye i Noreg samstundes. Men til vanleg bruker dei norsk og burmesisk, medan alle songane er på norsk. Også her er bibelen ein viktig nøkkel til forståing. Også nye born forstår mykje fordi dei kjenner att bibelforteljingane. I Drabantkyrkja har dei derimot ikkje søndagsskuletilbod. Ein av informantane er oppteken av å få i gang dette. No tek han ikkje med seg sonen sin i kyrkja fordi ”han er sein med språkutviklinga”. Kyrkja er med andre ord ein stad å lære norsk, men kan også fungere ekskluderande fordi enkelte uteblir på grunn av manglande språkkunnskapar.

I Baptistkyrkja har dei tatt ein ny praksis som bidreg til jambyrdig deltaking trass varierende norskkunnskapar:

Både når vi har bønne møte og husgruppe, bruker vi å be høgt samtidig. Det var burmesarane som gjorde dette først, så kom det til som ein felles praksis. Da gjer vi det først slik at alle kan nemne det dei vil vi skal be for, og så ber vi høgt ilag. Eg synes det er fint at alle kan vere aktive på denne måten.

### 4.6.3 Språk og identitet

Enkelte i Baptistkyrkja opplever at ulikskapar i språk og kultur har medført påkjenningar og misforståingar. Nokre norske er mindre aktive med enn tidlegare. I følgje pastoren har dei ikkje heilt takla overgangen frå norsk til internasjonal kyrkjelyd: ”Dei var innom husgruppa, var ikkje tolmodige nok til å vente på at folk lærte å snakke norsk, til ein kunne kommunisere, dei slit med å finne plassen sin“. Vidare fortel ho at det er mange språklege utfordringar, til dømes at folk misforstår dagar og klokkeslett, og difor ikkje møter opp. Men ho presiserar at: ”Vi har kome på det planet at vi bryr oss såpass mykje om kvarandre at det går an å ha ein del misforståingar, vi veit at dei fleste meiner godt”.

I to av kyrkjelydane er det utbreitt at innvandrarakar bruker morsmål når dei snakkar seg i mellom. I Drabantkyrkja sit dei thailandske damene saman under lunsjen på babysong og snakkar thai. ”Det er kjekt å snakke thai ilag!” uttalar den eine av dei. Den dagen eg var der, fekk nokre av dei klar melding om at dei må begynne å kome på tida:

- Men forstår dei det eigentleg. Nokon av dei snakkar så lite norsk.
- Dei to som gjekk til slutt, dei kan godt norsk, men nokon av dei andre veit eg ikkje heilt kva forstår. Dei syng nesten ikkje heller.
- Jo, bæ bæ lille lam.
- Ja, den kan dei.
- Og det er jo veldig bra at dei kjem, det er så hyggeleg. Så lærer dei jo meir norsk av det også, da. Men det er irriterande at dei kjem så seint.

Ein burmesar som berre går på dei norskspråklege gudstenstene fortel at dei gjerne snakkar chin saman under kyrkjekaffien. Ofte er det nokon der som ikkje kan chin, og då bruker dei heller norsk. Men mange frå chin føretrekk fellesskap med sine egne. Over 50 personar i kyrkjelyden er chin, og dei har si eiga gudstenestefeiring nokre timar etter den norskspråklege gudstenesta. Språket og kulturen er veldig tett samanfiltra for chin, og dei feirar gudsteneste på same måte som i heimlandet. Eit fåtal går både på norsk- og chin-språkleg gudsteneste. Men dei fleste er småbarnsfamiliar, og orkar berre ei gudsteneste. Dermed tek det lenger tid



før dei lærer norsk, og det blir også mindre kontakt med dei andre i kyrkjelyden. For ei tid tilbake tok chin-gruppa initiativ til å bryte ut og danne sin eigen kyrkjelyd. Men etter forhandlingar og mange samtalar vart dette stoppa. Mellom anna pastoren var svært negativ, fordi det skapte splitting både i kyrkjelyden og i deira eiga gruppe. I tillegg meinte ho det var ei dårleg løysing på sikt: ”eg hadde merka meg at ungane deira snakkar norsk seg i mellom (...) altså kjem dei til å bli kristne på norsk”. Eit anna omsyn var tanken på eit tokulturelt kjærastepar i kyrkjelyden: ”felleskyrkjelyd gjer det enklare med doble ekteskap”.

Ein annan i leiinga i Baptistkyrkjelyden er kritisk til at chin har egne gudstenester:

Dei seier at dei ikkje forstår norsk, men det gjorde heller ikkje vi i starten. Viss vi samlast alle ilag blir det stor forskjell, slik som det er no ser det nesten ut som to kyrkjelydar, sjølv om det er to gudstenester i ein kyrkjelyd.

Han påpeikar at det ”ville blitt kaos!” dersom alle skulle hatt si eiga gudsteneste. Han er oppriktig lei seg for den manglande gudstenestefellesskapen, og har tatt opp temaet i menighetsrådet. Men her er tilbakemeldinga at dei må vere tolmodige. Ein annan informant som tilhøyrer chin, er sterkt kritisk til chin-gudstenestene og ivrar for bruken av norsk i kyrkjelyden. Men ho set veldig pris på eit årleg treff med gudsteneste, fotball og konsert for berre burmesarar: ”Eg liker å vere med der, det kjennes som å vere i Burma, det er veldig gøy, det handlar om at alle snakkar same språk”. Men ho presiserar at: ” (...)meir enn å vere med her, treng eg ikkje”.

Også andre arrangement i kyrkjelyden er delte på bakgrunn av språklege skilje. Dette gjeld det nystarta vekentlege bønneområdet. Det er meint å vere for alle, men så langt er det berre afrikanarar som møter opp. På årsmøtet etterlyste dei oppmøte frå andre i kyrkjelyden. Så lenge det berre er afrikanarar til stades bruker dei engelsk, men dersom fleire kjem vil dei bruke norsk. I samband med høgtidene har det fleire gonger vore vanskeleg å få til fellesfeiring. Det kjem av ønskje om å bruke eige språk og egne tradisjonar i feiringa. Sist jul inviterte både afrikanarane og chin-gruppa folk frå andre stader i landet, noko som også gjorde at det vart for mange til at kyrkja ville hatt rom for alle. Felles høgtidsfeiringar er eit tydleg uttala mål, som kyrkjelydsleiinga jobbar aktivt for å få til.

Med dette vil eg avrunde presentasjonen av resultatene i studien min, og gå over til å drøfte desse funna.

## 5. Drøfting

I dette kapittelet vil eg drøfte funna mine opp i mot problemstillinga mi og anna forskning. Med utgangspunkt i funna vil eg vende tilbake til hovudspørsmålet mitt: Kva faktorar er viktige for fleirkulturell integrering i kyrkjelydar i Det Norske Baptistsamfunn og Den norske kyrkje? Eg vil begynne med å drøfte tydinga av faktorane enkeltvis. Drøftinga vil deretter munne ut i ei oppsummering av kva faktorar som har positiv og negativ tyding for fleirkulturell integrering i kyrkjelydane.

### 5.1 Teologisk tilnærming

I staden for eit nestekjærleiksperspektiv (Midteide, 2006) er ein grenselaus fellesskap fellesnemnaren for kyrkjelydane sin motivasjon for ein fleirkulturell kyrkjelyd. Med andre ord er den teologiske grunnlagsforståinga ei ganske anna enn diakoniforståinga som Vad Nilsen viser til, som har lidande menneske som sitt subjekt og som samstundes står i motsetnad til integrering (Vad Nilsen, 2009: 46,55). Baptist-pastoren si tilnærming liknar på Mubiri sin budskap om at ordet integrering ikkje høyrer heime i kyrkja (Mubiru, 2008). Slik ho ser det handlar kyrkjelydsfellesskap om å ta imot alle og at alle finn sin plass. Det er sekundært kvar medlemmene i kyrkjelyden kjem i frå, fordi dette forsterkar ei ”vi-dei”-tenking. Dette liknar på tenkinga som ligg til grunn for den fleirkulturelle kyrkjelyden Assembly of God i studien til Ebaugh og Chafetz (Ebaugh & Chafetz, 2000a).

Gullaksen fann at innvandarane i kyrkjelyden vart gjenstand for spesielle tiltak og hjelp i staden for å bli rekna med på linje med andre kyrkjelydsdeltakarar (Gullaksen, 2009a). Det er avgjerande for fleirkulturell integrering at innvandrarakar ikkje vert redusert til hjelpemottakarar, fordi det kan vere lett å stagnere i denne rolla. Nestekjærleik er ein viktig motivasjon i møte med innvandrar i ein vanskeleg livssituasjon. Plan for diakoni (Jordheim, 2009; Kyrkjerådet, 2008) understrekar dessutan eit jambyrdig nestekjærleiksperspektiv. Slik eg ser det er det likevel viktig for fleirkulturell integrering å legge vekt på inkluderande fellesskap (Jordheim, 2009; Karsrud Korslien, 2009; Kyrkjerådet, 2008). Rollestagnasjonen som Gullaksen fortel om har ikkje vore mogleg i Baptistkyrkja. Kyrkjelyden har heile tida trengt aktive bidrag frå medlemmer med innvandrarbakgrunn, og nykomne flyktningar er difor aktivt involvert i kyrkjelydsarbeidet samstundes som at dei mottek praktisk hjelp og språkopplæring. Resultatet er ein kyrkjelyd med stor aktivitet, der innvandrarakar som tidlegare

stod på bar bakke er sentrale medspelarar. Denne vitale kyrkjelyden var nedleggingstruga berre få år tilbake. Informantar i begge kyrkjelydane som tilhøyrer Den norske kyrkje påpeikar at også kan seiast å vere i fare, fordi medlemstalet går tilbake og talet på aktive medlemmer vert færre. Å opne for innvandrarar og fleirkulturell integrering kan vere ei reddande løysing også i desse kyrkjelydane. Men i tillegg til ei inkluderande og likeverdig teologisk tilnærming er også andre faktorar viktige for fleirkulturell integrering.

## 5.2 Faktorar ved kyrkjelydsleiinga

Vad Nilsen fortel om prestar som ikkje ønskjer å ta nye element inn i gudstenestefeiringa (Vad Nilsen, 2009: 51). Slik eg ser det uttrykk dette ein invitasjon til assimilering, snarare enn integrering. Mine funn viser at kyrkjelydsleiingane er opne for å ta inn musikalske og kulturelle uttrykk frå dei tradisjonane som innvandrarane representerer. Men få av informantane som går i Den norske kyrkje har ønskje om å ta inn aspekt frå eigen kulturbakgrunn i gudstenestefeiringa. I Baptistkyrkja er dette derimot ein vanleg praksis. Ei mogleg forklaring på denne ulikskapen hos informantane kan vere kor lang fartstid dei har i Noreg. Uansett påpeikar Munck-Fairwood og Vad Nilsen eit poeng som er viktig i denne samanhengen. Kyrkjelydsleiinga må spørje, i staden for å alltid tru at ein veit kva innvandrarar ønskjer (Munck-Fairwood, 2008: 25; Vad Nilsen, 2009: 55). Mitt inntrykk er at kyrkjelydsleiingane i denne studien møter innvandrarar med ei open haldning. Dette er ein viktig faktor for fleirkulturell integrering.

Funna mine tyder ikkje på at engasjement innan religion- og livssynsdialog står i konflikt med å invitere til fleirkulturell kristen fellesskap, noko Vad Nilsen hentydar (Vad Nilsen, 2008a: 30). Evauleringa av Folkekirkens Tverrkulturelle Samarbejde i Odense, Danmark, viser også at det er mogleg for same aktør å tilby gudstenestefellesskap og andre, ikkje-religiøse aktivitetar, samstundes. Funna mine viser likevel at balansegangen kan vere krevjande. Det er naudsynt at leiinga har eit klart skilje mellom sakral og sosial fellesskap. Dette skilje må vere tydleg kommunisert både innad i leiinga og til dei som vert invitert til dei ulike kyrkjelydsaktivitetane. Viss ikkje er det fare for at aktiviteten vert opplevd som ekskluderande, og dermed motverkar fleirkulturell integrering i kyrkjelyden.

Vad Nilsen hevdar at fleirkulturell integrering må vere eit resultat av ei aktiv satsing som leiinga står saman om (Vad Nilsen, 2009: 54). Kyrkjelydane i denne studien har heilt ulike inngangar til det å bli ein fleirkulturell kyrkjelyd. I Baptistkyrkja var det ein respons og eit

resultat av at flyktningar kom til kyrkjelyden. Drabantkyrkja har aldri gått inn for ei fleirkulturell satsing, men ønskjer å involvere deltakarar med ikkje-norsk bakgrunn i kyrkjelydsarbeidet. På bakgrunn av at innvandrarar over tid har kontakta kyrkjelyden for fellesskap og samarbeid har Bykyrkja sett i gang ei fleirkulturell satsing. Bykyrkja er med andre ord den kyrkjelyden i studien som organisatorisk sett har gjort mest aktive grep. Trass i desse ulikskapane er det felles for kyrkjelydsleiingane at dei står saman om å vere ein fleirkulturell og inkluderande kyrkjelyd.

Fleirkulturell integrering krev at innvandrarar er innvandrar vert sett som eit positivt potensiale og at dei vert involvert i kyrkjelydsleiinga (Saba, 2008: 47). Berre i Baptistkyrkja er deltakarar med innvandrarbakgrunn godt representert i leiinga i kyrkjelyden.

Vad Nilsen poengterer at kyrkjelydsleiinga i Den norske kyrkje til tider er for forsiktige med å invitere til medlemskap (Vad Nilsen, 2009: 51-52). Dette er eit poeng, sidan kyrkjelydsvalet i Den norske kyrkje i 2009 ikkje ser ut til å ha medført eit stort fokus på medlemskap. Både Bykyrkja og Drabantkyrkja nedvurderer tydinga av medlemskap utifrå eit ønskje om å inkludere dei mange ikkje-medlemmene i soknet. Å fokusere lite på kyrkjelydsmedlemskap har difor både inkluderande og ekskluderande konsekvensar.

Nokre av nordmennene i kyrkjelydsleiingane har internasjonal bakgrunn, noko som ser ut til å gjere dei meir opne i møte med folk med anna kulturbakgrunn. Dette samsvarer med funn hos Vad Nilsen og Gravesen og Frandsen (Gravesen & Frandsen, 2008: 21; Vad Nilsen, 2009: 48).

## **5.2 Det første møtet**

Det første underspørsmålet mitt er knytt til tydinga av det første møtet mellom innvandrarar og kyrkjelyden. Som nemnt er dette møtet ein premiss for vidare deltaking, og dermed for fleirkulturell integrering. Martikainen påpeikar at både som grupper og som enkeltpersonar gjer innvandrarar val i forhold til kor mykje kontakt dei ønskjer med vertssamfunnet (Martikainen, 2005: 4). Deltakarane i denne studien vel å oppsøke ein tradisjonell norsk kyrkjelyd, til fordel for ein immigrantkyrkjelyd eller til dømes ein engelskspråkleg kyrkjelyd. Når dei vel vekk alternativ som er meir nærliggjande med tanke på språkleg og kulturell

bakgrunn vitnar dette om eit ønskje om kontakt med det norske samfunnet og nordmenn. I denne situasjonen er eit godt førstemøte viktig, fordi det inviterer til vidare deltaking.

Mine funn er i samsvar med erfaringar frå fleirkulturelt kyrkjeleg arbeid i Danmark og anbefalingar frå Kyrkjemøtet 2009. Desse understrekar at det sosiale aspektet er viktig i møte med innvandrarakar, ikkje minst i møte med innvandrarakar som har blitt møtt med mistru andre stader (Gravesen & Frandsen, 2008; Kyrkjemøtet, 2009b; Munck-Fairwood, 2008). Det er difor viktig at den sosiale sida ved det første møtet er meir enn eit handtrykk i døra, og spesielt med tanke på at fleire innvandrarakar ga uttrykk for at dei oppsøkte kyrkjelyden i håp om å utvide det sosiale nettverket sitt. For innvandrarakar som ønskjer å gå fast i ein kyrkjelyd, noko det er mange av i Baptistkyrkja, og også dei to andre kyrkjelydane, har det første møtet ei klar tyding.

Det er likevel ingen årsak-verknad samanheng mellom eit godt førstemøte og vidare deltaking, ganske enkelt fordi innvandrarakar kjem til kyrkjelyden i ulike ærend og av ulike grunnar (sjå drøfting under). Enkelte kjem for eit enkeltståande ærend. Ein nærliggjande konklusjon er difor at eit *dårleg* førstemøte er ein grunn til *ikkje* å kome tilbake til kyrkjelyden, i like stor grad som omvendt. For innvandrarakar som kjem til kyrkjelyden i samband med dåp eller ei barnehagegudsteneste, fører sjeldan eit godt møte med presten og ei fin gudstenesteoppleving til at dei kjem tilbake neste søndag. Men dersom det seinare passar å bli med på babysong, eller det melder seg andre grunnar, då er ikkje det første møtet til hinder for å oppsøke kyrkja igjen. Det første møtet mellom innvandraren og kyrkjelyden er difor ein viktig faktor på vegen mot fleirkulturell integrering, uavhengig av om det resulterer i aktiv kyrkjegang eller legg til rette for ei gradvis sterkare tilknytning til kyrkjelyden.

### 5.3 Grunnar til å oppsøke kyrkjelyden

Vad Nilsen slår fast at innvandrarakar oppsøker norske kyrkjelydar fordi dei søker *sakral fellesskap* (Karsrud Korslien, 2009: 88,97; Vad Nilsen, 2008a: 28). Samstundes poengterer ho at Sjømannskyrkja svarer på ulike behov hos nordmenn i utlandet, og at kyrkja i Noreg no må gjere det same (Vad Nilsen, 2008a: 31). Mine resultat viser at kyrkjelydane er opne i møte med at innvandrarakar kjem til kyrkjelyden både med sakrale, sosiale og heilt andre behov som motivasjon. Fleire av dei som går i Den norske kyrkje oppsøker kyrkjelyden på grunn av borna sine, noko som også er eit funn hos Gullaksen (Gullaksen, 2009a). Mine funn viser at dette anten handlar om at dei vil gje dei ei kristen oppseding eller kunnskap og forståing om

kristendommen og norsk kultur. I Drabantkyrkja er det også mange dåpsforeldre der den eine parten har ikkje-norsk bakgrunn og tilhøyrrer ein annan konfesjon. Dei gir uttrykk for at dei opplever Drabantkyrkja som si kyrkje. Det ser dermed ut til at Drabantkyrkja lukkast med å vere ein kyrkjelyd med låg terskel.

Både i min studie og hos Gullaksen (Gullaksen, 2009a) er avstanden til kyrkja ein medbestemmande faktor for fleire av innvandrarane som oppsøker Den norske kyrkje. Kort avstand gjer kyrkjelyden lettare tilgjengeleg enn immigrantkyrkjelydar eller kyrkjelydar innanfor andre konfesjonelle retningar som dei har gått i eller framleis går i. Funna mine viser at konfesjon ikkje treng å vere eit avgjerande kriterium for val av kyrkjesamfunn. Vad Nilsen viser til at lutherske kyrkjelydar har ein tendens til å vise innvandrarakar vidare dersom dei tilhøyrrer ein annan konfesjon (Vad Nilsen, 2008b). Dette har ingen av informantane som no går i Den norske kyrkje opplevd, trass i at ingen av dei var lutheranarakar då dei først kom til kyrkjelyden.

I følge Vad Nilsen sin studie handlar pregar eit behov for hjelp det første møtet mellom kyrkjelyden og innvandrarane, og diakonen er hjelparen dei vert møtt av (Vad Nilsen, 2008a: 27-28). Dette stemmer til dels med mine funn. Hos dei som var nykomne flyktingar då dei kom til kyrkjelyden var hjelp eit sentralt aspekt i den første tida. Men dette var i Baptistkyrkja, med berre ein halvtidstilsett. Både leiinga og andre har difor bidrege aktivt med hjelp. Resultata mine viser dessutan at flyktingane mottek hjelp og bidrege *samstundes*. Ingen, verken i Baptistkyrkja eller i dei andre kyrkjelydane, ser ut til å ha stagnert i ein mottakarrolle, slik som studien til Vad Nilsen og Gullaksen fortel om (Gullaksen, 2009a).

Nokre innvandrarakar oppsøker kyrkjelyden fordi dei søker støtte i politiske sakar. Dette samsvarar med studien til Ammerman som viser at kyrkjelyden er ein arena for folk som ikkje har tilgang andre stader (Ammerman, 1997: 363). Vidare vitnar det om ein lokalsamfunnstankegang som inkluderer alle, ikkje berre medlemmer. Dette er tydeleg i både Drabantkyrkje og Bykyrkja, og dessutan i Vad Nilsen sin studie (Vad Nilsen, 2009: 51).

For andre informantar er moglegheita til å auke kjennskapen til norsk kultur og språk viktige aspekt til grunn for deltaking i kyrkjelyden, dette samsvarer med funn frå fleirkulturelt kyrkjeleg arbeid i Danmark (Gravesen & Frandsen, 2008: 19).

## 5.4 Aktiv deltaking og sosial tilhøyrighet

Anna konfesjonsbakgrunn og manglande kyrkjelydsmedlemskap representerer ikkje sentrale hindringar for deltaking og tilhøyrighet i kyrkjelydane som tilhøyrer Den norske kyrkje. Dette handlar om inkludering og pragmatisk tilnærming til medlemskap hos kyrkjelydsleiingane. Aktiv deltaking og sosial fellesskap er derimot viktig for tilhøyrighet i kyrkjelyden, og dermed for integrering. Spesielt for folk som tidlegare har vore involvert i kyrkjelydsarbeid er avgjerande. Funna mine viser at dersom kyrkjelyden ikkje opnar for aktiv deltaking for innvandrarar kan dette føre til mistriivsel, og i verste fall at dei sluttar i kyrkjelyden. Dette er eit uttrykk for at opplevinga av å bidra er viktig for integrering. For å illustrere dette kan det vere relevant å trekke ein parallell til eit høgare samfunnsnivå og tydinga av statsborgarskap. Den europeiske studien EUMARGINS omhandlar inkludering og ekskludering av unge, vaksne innvandrarar og etterkomarar av innvandrarar i sju europeiske land kjem. Her kjem Noreg best ut på grunn av høg deltaking i arbeidslivet. Konklusjonen er at jobb har minst like stor tyding som statsborgarskap for det å kjenne seg inkludert (Stokke, 2010). Konklusjonen her er at medlemskap har liten verdi dersom han ikkje opnar for vidare involvering. Då har det meir å seie at ein har ei oppleving av å vere inkludert. For Den norske kyrkje som no arbeider med å utrede organisatoriske strukturar for å betre inkludere innvandrarar i kyrkjesamfunnet er dette eit viktig perspektiv (Kyrkjemøtet, 2009b).

Manglande involvering kan føre til at kyrkjelydsdeltakinga mister ein viktig dimensjon for den enkelte, men det har også følgjer for kyrkjelyden som heilskap. Integrering er ein tosidig prosess som krev jambyrdig påverknad, noko som er påpeika frå sentralt hald av begge dei aktuelle kyrkjesamfunna (Det Norske Baptistsamfunn, 2007; Kyrkjemøtet, 2009b; Kyrkjerådet, 2008). Både i Baptistkyrkja og Bykyrkja er det klare døme på at innvandrarar har påverka gudstenesteuttrykket i kyrkjelyden, og også erfaringar frå Danmark viser at dette er eit behov (Gravesen & Frandsen, 2008).

At ein ikkje greier å strekke seg eller forsake noko til fordel for fellesskapen kan også vere til hinder for fleirkulturell integrering. Vad Nilsen fortel om nordmenn som utviser skepsis og mistriivst med ein veksande fleirkulturell tendens i kyrkjelyden (Vad Nilsen, 2009) s 50. Også i Baptistkyrkja er det fleire norske medlemmer som har blitt mindre aktive etter at kyrkjelyden har fått ein svært fleirkulturell karakter. Desse døma viser at norske kyrkjelydsdeltakarar som hegnar om ”det kjente og norske” og set egne behov høgst kan stå i vegen for fleirkulturell integrering.

Fleire av dei som gir uttrykk for dette har sentrale roller som frivillige i kyrkjelyden. Likevel gir dei tydeleg uttrykk for at dei har tillit til folk i kyrkjelyden, noko som viser eksistensen av sosial kapital. I Baptistkyrkja er dette behovet også til stades, men noko mindre. Her har mange kyrkjelydsdeltakarar, både innvandrarakar og nordmenn, størsteparten av det sosiale nettverket sitt i kyrkjelyden. Dette nettverket representerer tilhøyrighet, hjelp og støtte, noko som Cnaan viser til som ein viktig funksjon i kyrkjelydar (Cnaan et al., 2003).

Funna mine viser at kyrkjelydsmedlemmer i stor grad har tillit til kvarandre. Denne tilliten er dels fundert i tidlegare erfaringar, men bygger også på positive forventingar. Dette stadfestar føreliggjande forskning om samanhengen mellom kyrkjelyden og sosial kapital. I denne samanhengen er det sentrale å slå fast faktorar som framkallar former for sosial kapital som har tyding for fleirkulturell integrering i kyrkjelyden. Her er sosial fellesskap og aktiv deltaking sentralt. Nykomne innvandrarakar har reist frå mesteparten av den sosiale kapitalen dei hadde (Putnam, 2000; Valenta, 2008: 390). Behovet for å bygge tillit og sosialt nettverk i kyrkjelyden er tydeleg hos innvandrarakar med kort fartstid i landet, men også hos enkelte andre. Ønske om meir sosial kontakt med folk i kyrkjelyden, og særleg med nordmenn, er felles for fleire av informantane, særskilt i kyrkjelydane i Den norske kyrkje. Dette behovet er gjenkjenneleg frå dansk kontekst (Gravesen & Frandsen, 2008).

I følge Cnaan et al genererer frivillig kyrkjelydsarbeid sosial kapital (Cnaan et al., 2003). Men både i Drabantkyrkja og i Bykyrkja er det sosiale nettverket tettast mellom dei som har vore lengst med i kyrkjelyden. I praksis tyder dette at få med innvandrarbakgrunn er inkludert, trass i at fleire er frivillige medarbeidarar. Dette funnet kan tyde på at tidsaspekt er ein medbestemmande faktor for kor mykje sosial kapital kyrkjelydsdeltakarar opparbeidar seg. Integrasjonsleiaren i Det Norske Baptistsamfunn påpeikar at bygging av personlege relasjonar er viktig for fleirkulturell integrering. Ho rådar difor Den norske kyrkje til å opne heimane sine for innvandrarakar i kyrkjelyden (Olsen, 16.11. 2009). Dette vil kunne føre til at kyrkjelydsdeltakarar med ulik kulturell bakgrunn raskare blir kjente og knytt saman på relativt kort tid. Slik aukar også den sosiale kapitalen til den enkelte, og dermed nytten av å delta i kyrkjelyden.

Stortingsmelding nr 49 slår fast at norske kyrkjelydar har ein integreringsfremjande rolle utanfor kyrkjelydsgrensene. Frå fleire hald vert det derimot påpeika at sosial integrering i kyrkjelyden ikkje treng å føre til styrka tilhøyrighet i storsamfunnet (Døving, 2009: 10-11; Hagelund & Loga, 2009). Enkelte innvandrarakar i studien fortel derimot at dei bruker pastoren



i Baptistkyrkja som referanse ved jobbsøking. Dette er eit konkret uttrykk for at kyrkjelydsdeltaking resulterer i sosial kapital som kan bidra til integrering på andre samfunnsarenaer. Ulike kommunale aktørar har dessutan tett kontakt med kyrkjelydar, nettopp av omsyn til fleirkulturell integrering på samfunnsnivå. Det Norske Baptistsamfunn trekk fram viktigheita av slike samarbeid (Det Norske Baptistsamfunn, 2007).

Sett i samband med studien til sosiologen Valenta vert verdien av den sosiale kapitalen som innvandrarakar kan opparbeide seg gjennom kyrkjelydsdeltaking tydeleg (Valenta, 2008). Studien omhandlar sosial integrering hos førstegenerasjons innvandrarakar i Noreg og viser at innvandrarakane i liten grad deltek i frivillige organisasjonar og på organiserte sosiale aktivitetar. Valenta forklarar dette valet med ein ”meir generell tendens for å unngå potensielle ukomfortable interaksjonar med den etniske majoriteten”, altså med nordmenn (Valenta, 2008: 184). Dette står i sterk kontrast til tilliten som informantane i min studie uttrykk i forhold til andre kyrkjelydsdeltakarar. Denne tilliten er eit viktig grunnlag for innvandrarakar si nettverksbygging både i og utanfor kyrkjelyden (Lauglo, 2010).

## 5.5 Tydinga av språk

Studien min inneheld fleire døme på at innvandrarakar lærer norsk gjennom deltaking i kyrkjelyden. Dette samsvarar med andre fleirkulturelle kyrkjelege samanhengar og med Hylland Eriksen sin teori om integrering som nøkkel til utvikling av språkkunnskapar (Gravesen & Frandsen, 2008) (Hylland Eriksen, 2007: 203). Men biletet er ikkje eintydig. I Drabantkyrkja er det også innvandrarakar som let vere å kome til kyrkja på grunn av manglande språkkunnskapar. Dette viser at manglande språkkunnskapar kan hindre fleirkulturell integrering. Verken Drabantkyrkja eller dei andre kyrkjelydane har noko organisert form for oversetting. Forklaringa kan difor vere for dårleg tilrettelegging kombinert med for lite openheit. Men det kan også vere uttrykk for beskjedenheit eller andre eksklusjonsmekanisamar hos innvandrarakane sjølve.

Også bruk av morsmål har konsekvensar for kyrkjelydsfellesskap. Både i Drabantkyrkja og Baptistkyrkja er det døme på at enkeltgrupper skaper komfortsoner ved å kommunisere på morsmål seg i mellom, noko også studien til Ebaugh og Chafetz viser (Ebaugh & Chafetz, 2000a). Dette reduserer interaksjon en på tvers av ulike språkgrupper, og er difor uheldig for integreringsprosessen i fleirkulturelle kyrkjelydar. I fleirkulturelle kyrkjelydar som er

dominert av eit minoritetsspråket vil denne språkgruppa danne si eiga gudstenestefeiring (Ebaugh & Chafetz, 2000a; Gulsett, 2007: 8-9). Å ha ei slik morsmålbasert gudstenestefeiring på sida av fellesgudstenesta er aldri uproblematisk for ein kyrkjelyd, noko Baptistkyrkja kan skrive under på. Kyrkjelyden her er framleis samla, men kyrkjelydsmedlemmer på begge sider av dette språkskilje verkar å vere misfornøgde med situasjonen. Også dette har likskapstrekk med andre empiriske studier (Ebaugh & Chafetz, 2000a).

Dersom sosiale arenaer i kyrkjelyden ber preg av morsmålsbaserte klikkar er dette eit hinder for fleirkulturell integrering. Funne mine viser at også morsmålbestemte gudstenestefeiringar har uheldige følgjer for kyrkjelydsfellesskapen. Av omsyn til integrering er det likevel grunn til å halde saman som kyrkjelyd. Borna med innvandrarbakgrunn som veks opp i kyrkjelyden vert "kristne på norsk", i følgje pastoren i Baptistkyrkja. Også Vad Nilsen og Ebaugh og Chafetz viser til at bruk av morsmål i kyrkjelyden vert opplevd negativt av born av innvandrarforeldre (Ebaugh & Chafetz, 2000a: 31-32; Vad Nilsen, 2008a).

Med unntak av chin-gudstenestene har Baptistkyrkja ein klar integreringstanke i botn for språkpraksisen sin. Dei oversett berre til norsk, ikkje til andre språk. Vidare er den låge terskelen for deltaking avgjerande for språklæring. Frie vitnesbyrd er ein fast post på søndagsgudstenesta. Denne praksisen tilbaketrekk av sosial orden er unik fordi han opnar for at kven som helst kan sleppe til utan sensur. med frie vitnesbyrd som ein.

Borna til førstegenerasjons innvandrarak får etter kvart norsk som førstespråk, dette inneber at norsk også blir det naturlege språket å bruke i kyrkjelydssamanheng (Vad Nilsen luth krktidende). Dette er eit viktig omsyn i kyrkjelyden på Baptistkyrkja: *fordi barna dei blir kristne på norsk*. Bruk av norsk som hovudspråk i kyrkjelyden har difor ei viktig tyding for integrering, og dessutan for å inkludere born av innvandrarak. (Her: vise til Ebaugh og Chafetz).

Informanten sitt utsegn om at det ikkje er det same å synge på norsk eller engelsk som på morsmålet viser at val av språk bidreg til å plassere nokon innanfor eller utanfor (Frønes et al., 2006). Å synge ein song på morsmålet på ei norsk gudsteneste gjere ein forskjell når ein lever i eit samfunn dominert av det ein sjølv har som andre- eller tredjespråk. Dette kan vere ein grunn til å aktivt ta i bruk ulike morsmål på gudstenesta, fordi dette bidreg til likeverdig deltaking og større kjennskap til ulike kulturelle og språklege bakgrunnar hos

kyrkjelydsmedlemmer. Men ikkje alle informantar uttrykk ønskje om dette, enkelte opplever det som heilt uinteressant at deira morsmål skal brukast på norsk gudsteneste. Dette viser at leiinga heile tida må vere spørjande og opne i møte med kva som er innvandrarar sine behov. Det er ikkje nokon klar fasit, det varierer frå person til person kva faktorar som er sentrale for tilhøyrighet, og dermed integrering. At leiinga er lydhør ser ut til å vere ein viktig for fleirkulturell integrering.

## 6. Konklusjon

Eg har gjort ein analyse av faktorar som er viktige for fleirkulturell integrering i kyrkjelydar i Noreg. Det er no tid for å la drøftinga munne ut i ein oppsummerande konklusjon. Her vil eg først ta tak i fellestrekk hos dei tre kyrkjelydane i studien.

Eit grenselaust fellesskap kan brukast som fellesnemnar for den teologiske tilnærminga til fleirkulturell integrering hos pastor/prestane i kyrkjelydane. Denne står i motsetnad til ei ”vi-dei”-haldning og det motverkar at innvandrarar som mottok hjelp frå kyrkjelyden stagnerer i ei rolle som hjelpemottakarar. Eg har sett at eit førstemøte som sosialt sett er godt er viktig for vidare kyrkjelydsdeltaking. Dette gjeld uavhengig av samanhengen til det første møtet. Vidare har eg sett at leiinga spelar ei viktig rolle for fleirkulturell integrering i kyrkjelydar. Openheit og fleksibilitet hos leiinga bidreg til at innvandrarar kjem til kyrkjelyden, blir verande der og utviklar ei tilhøyrighet.

Vidare vil eg ta for meg kyrkjesamfunna kvar for seg, eg begynner med Den norske kyrkje (Bykyrkja og Drabantkyrkja): Det første skrittet mot fleirkulturell integrering handlar om å kome til kyrkjelyden og delta i fellesskapen. Funna mine viser at eit stort spenn i grunnar gjer at innvandrarar oppsøker kyrkjelydar i Den norske kyrkje. Ein viktig faktor for fleirkulturell integrering er at kyrkjelydane anerkjenner at innvandrarar har ulike interesser og behov i møte med kyrkja. Vidare er det sentralt at kyrkjelydsleiinga møter innvandrarar med ei opa haldning, og ikkje tek for gitt at dei veit kva den enkelte innvandrar ønskjer. Openheit i møte med ulike konfesjonar er også viktig for fleirkulturell integrering, medan kyrkjelyds-medlemskap har mindre tyding. Forklaringa her er at tilhøyrighet primært vert skapt gjennom samhandling og aktiv deltaking. Slettes ikkje alle innvandrarane i kyrkjelydane uttrykk behov for sosial kontakt med folk dei møter i kyrkjelyden. Men den sosiale kontakta stoppar opp ved kyrkjedøra, også for fleire som ønskjer meir kontakt. Sosial kontakt er ein viktig faktor for fleirkulturell integrering, også fordi det heng saman med opparbeiding av sosial kapital. Dette

tyder at manglande sosialisering forsinkar integreringsprosessen. Bruk av norsk språk har ein integrerande funksjon i kyrkjelydane. Å lære norsk er ein grunn til å kome til kyrkja, og det bidreg også til integrering utover kyrkjelydsgrensene.

Vidare vil eg konkludere på bakgrunn av det eg har sett i Baptistkyrkja, som tilhøyrrer Det Norske Baptistsamfunn. Frå å vere ein tradisjonell kyrkjelyd har Baptistkyrkja på få år fått ein svært fleirkulturell karakter fordi eit stort antal flyktningar har kome til kyrkjelyden. I dag er innvandarane involvert på alle nivå i kyrkjelyden, med unntak av i administrasjonen. Den aktive involveringa er viktig for fleirkulturell integrering i kyrkja. Ei følge er at mange har lært norsk raskt, og dermed har kommunikasjonen og samhandlinga mellom kyrkjelydsmedlemmene blitt enklare. Nordmenn i kyrkjelyden har bidrege med hjelp både i språkopplæringa og på andre praktiske felt. Hjelpa som innvandarane mottok gjennom kyrkjelyden stadfestar at kyrkjelydsdeltaking generer sosial kapital. Denne sosiale kapitalen har samanheng med tilhøyrighet og tillit, og også sosial kapital bidreg til integrering i kyrkjelyden. Aktørar utanfor kyrkjelyden stadfestar at kyrkjelydsdeltaking har positive følgjer også for integrering i samfunnet for øvrig.

Norsk er hovudspråket i Baptistkyrkja, men ei anna stor språkgruppe har si eiga gudstenestefeiring. Dette trugar kyrkjelydsfellesskapen, og difor også den fleirkulturelle integreringa. I dag er det lite samhandling og kontakt mellom denne gudstenestefeirande gruppa og resten av kyrkjelydsmedlemmene. Dette er eit døme på at behov for kulturell eller språkleg segregering hos ei kyrkjelydsgruppe motverkar fleirkulturell integrering i ein kyrkjelyd. Samstundes er openheit, tolmod og omsorg for andre kyrkjelydsmedlemmer viktige eigenskapar hos både leiinga og medlemmene i Baptistkyrkja.

Denne studien har identifisert berre nokre faktorar som er sentrale for fleirkulturell integrering i kyrkjelydar. Truleg finst det langt fleire viktige faktorar, noko som er ei oppmoding til vidare forskning.

Eg vil avrunde denne konklusjonen med nokre tankar knytt til utgangspunktet mitt. Vad Nilsen sin studie (Vad Nilsen, 2008a, 2008b, 2009) har vore eit bakteppe for mi forskning. Eit nytt bidrag ved min studie er at den differensierer tydelegare kven innvandarane er og kva behov som ligg til grunn for at dei oppsøker norske kyrkjelydar. Studien min er også interessant fordi den viser andre teologiske motivasjonar til grunn for fleirkulturelt kyrkjelydsarbeidet enn i Vad Nilsen sin studie. Ei inkluderande fellesskapstenking legg til

rette for fleirkulturell integrering fordi både aktiv involvering og tilhøyrgheit står sentralt. Sosial og sakral fellesskap inspirert av ei slik diakonal tenking er difor eit godt utgangspunkt for norske kyrkjelydar i møte med ei fleirkulturell verkelegheit.

## Litteratur

- Ammerman, N. T. (1997). *Congregation and Community*. New Brunswick, New Jersey: Rutgers University Press.
- Brochmann, G. (2006). *Hva er innvandring?* Oslo: Universitetsforlaget.
- Christensen, G. (2006). *Veje til integration. Muligheder i frivilligt socialt arbejde*. København: Socialforskningsinstituttet
- Christensen, G., & Christensen, S. R. (2006). *Etniske minoriteter, frivilligt socialt arbejde og integration. Afdækning af muligheder og perspektiver*. København: Socialforskningsinstituttet.
- CIA. *The World Factbook: Religions*. Retrieved 30.03.2010, from [https://www.cia.gov/library/publications/the-world-factbook/fields/print\\_2122.html](https://www.cia.gov/library/publications/the-world-factbook/fields/print_2122.html)
- Cnaan, R. A., Boddie, S. C., & Yansey, G. I. (2003). Bowling Alone But Serving Together: The Congregational Norm of Community Involvement. In C. Smidt (Ed.), *Religion as Social Capital. Producing the Common Good*. Waco, Texas: Baylor University Press.
- Det Norske Bapistsamfunn. (1997). Årsrapport: Det Norske Baptistsamfunn.
- Det Norske Bapistsamfunn. (2005). Årsrapport: Det Norske Baptistsamfunn.
- Det Norske Bapistsamfunn. (2006). Årsrapport: Det Norske Baptistsamfunn.
- Det Norske Bapistsamfunn. (2007). Strategi for et multikulturelt Baptistsamfunn 2008-2016, *Tilsendt frå administrasjonskonsulent i Det Norske Baptistsamfunn, Håkon Sigland*. : Hovedstyret i Det Norske Baptistsamfunn.
- Det Norske Bapistsamfunn. (2008). Årsrapport: Det Norske Baptistsamfunn.
- Det Norske Bapistsamfunn. (2009, 07.05.2010). *Årsrapport*. Retrieved 13.05, 2010, from <http://www.baptistkirken.no/nyheter/sakspapirene-publiseres/>
- Det Norske Baptistsamfunn. (2007). Strategi for et multikulturelt Baptistsamfunn 2008-2016, *Tilsendt frå administrasjonskonsulent i Det Norske Baptistsamfunn, Håkon Sigland*. Hovedstyret i Det Norske Baptistsamfunn.
- Døving, C. A. (2009). *Integrering. Teori og empiri*. Oslo: Pax Forlag
- Ebaugh, H. R., & Chafetz, J. S. (2000a). Dilemmas of language in immigrant congregations: The tie that binds or the tower of Babel? *Review of Religious Research*, 41:4, 432-452.
- Ebaugh, H. R., & Chafetz, J. S. (2000b). *Religion and the new immigrants: continuities and adaptations in immigrant congregations*. Walnut Creek, Calif: AltaMira Press.
- Ekumenik i Norden (red.). (2008). *Together or a part? Nordic Consultation on Migration and Changing Ecclesial Landscapes*. . Djursholm, Stockholm: Ekumenik i Norden.
- Fangen, K. (2004). *Deltagende observasjon*. Bergen: Fagbokforlaget Vigmostad & Bjørke AS.
- Finnseth, A. (2009). Inkluderende for nordmenn. *STREK*, 04/09.
- Frønes, I., Alghasi, S., & Fangen, K. (Eds.). (2006). *Mellom to kulturer*. Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Færaas, A. (16.10.2009). Ønsker breiare kyrkje. *Vårt Land*.
- Gravesen, M. B., & Frandsen, J. N. (2008). *Rapport fra en evaluering af Folkekirkenes Tværkulturelle Samarbejde i Odense (2007)*. Odense: Syddansk Universitet.
- Gullaksen, J. G. (2009a). Innvandrere i Den norske kirke: Synlige, men ikke sett? . *Luthersk kirketidende*, 144(15).
- Gullaksen, J. G. (2009b). *Synlig, men ikke sett? På hvilken måte kan innvandrere inkluderes i en menighet i Den norske kirke?* , Det teologiske Menighetsfakultet, Oslo.
- Gulsett, H. (2007). *"Dere er alle en i Jesus Kristus" En studie av en flerkulturell menighet*. Universitetet i Tromsø.

Hagelund, A., & Loga, J. (2009). *Frivillighet, innvandring og integrasjon. En kunnskapsoversikt*. Oslo/Bergen: Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor.

Holbek, J. A. (16.11.2009). Folkekirke forutsetter inkludering. *Vårt Land*.

Hylland Eriksen, T. r. (Ed.). (1997). *Flerkulturell forståelse*: Tano Aschehoug.

Hylland Eriksen, T. r. (Ed.). (2007). *Flerkulturell forståelse*: Universitetsforlaget.

Høeg, I. M. r. (2009). *Tilstandsrapport for Den norske kirke 2009. Tema: Medlemskap* Stiftelsen Kirkeforskning.

Jordheim, K. (2009). Plan for diakoni i Den norske kirke - en presentasjon. In K. I. Johannessen, K. Jordheim & K. r. Karsrud Korslien (Eds.), *Diakoni - en kritisk lesebok*. Trondheim: Tapir Akademisk Forlag.

Karsrud Korslien, K. (2009). Anerkjennelsens plass i diakonien. In K. I. Johannessen, K. Jordheim & K. r. Karsrud Korslien (Eds.), *Diakoni - en kritisk lesebok*. Trondheim: Tapir Akademisk Forlag.

Kirkelig nettverk for integrering av flyktninger og innvandrere. *Styringsgruppen*. Retrieved 13.05, 2010, from <http://www.norgeskristnerad.no/index.cfm?id=100670>

Kirkerådet, D. n. k. *Utfordringer og muligheter*, from <http://kirken.no/?event=doLink&famID=6891>

Kristent Interkulturelt Arbeid (KIA). (2009). Tre av fem innvandrere har kristen bakgrunn. Bare en av fire har muslimsk bakgrunn: . Kunnskapsforlaget. *viktig*. Retrieved 29.04, 2010, from [http://www.ordnett.no/ordbok.html?search=viktig&search\\_type=&publications=2&publications=3&publications=17&publications=20&publications=23&publications=33&publications=36&publications=1&publications=5&publications=18&publications=19&publications=21&publications=22&publications=9&publications=10&publications=7&publications=8&publications=15&publications=16](http://www.ordnett.no/ordbok.html?search=viktig&search_type=&publications=2&publications=3&publications=17&publications=20&publications=23&publications=33&publications=36&publications=1&publications=5&publications=18&publications=19&publications=21&publications=22&publications=9&publications=10&publications=7&publications=8&publications=15&publications=16)

Kvale, S., & Brinkmann, S. (2009). *Det kvalitative forskningsintervju* (T. M. Anderssen & R. Johan, Trans. Vol. 2. utgave). Oslo: Gyldendal Norsk Forlag.

Kyrkjemøtet. (2004a). *KM 6/04 Strategiplan for Den norske kirke 2005-2008* Retrieved 16.05, 2010, from <http://www.kirken.no/?event=DoLink&NodeID=22399>

Kyrkjemøtet. (2004b). *KM 11/04 Den norske kirkes identitet og oppdrag. Uttalelse til regjeringens stat - kirke-utvalg* Retrieved 16.05, 2010, from <http://www.kirken.no/?event=DoLink&NodeID=22399>

Kyrkjemøtet. (2005a). Dokument 6.2/05 : "Når så vi deg fremmed og tok i mot deg?" Kirkelig ressursdokument, *Kyrkjemøtet i Dnk*.

Kyrkjemøtet. (2005b). Vedtak sak 06 /05: Norsk asyl- og flyktningpolitikk, *Kyrkjemøtet i Den norske kyrkje*.

Kyrkjemøtet. (2006). sak 11/06 Innvandring og integrering – Den norske kirkes rolle i et flerkulturelt samfunn

Kyrkjemøtet. (2008). *KM 08/08 Visjonsdokument for Den norske kirke 2009-2014 (Vol. 2010). Øyer*

Kyrkjemøtet. (2009a). Saksdokument 7.1/09: Kristne innvandrere og menighetene i Norge, *Kyrkjemøtet i Den norske kyrkje*.

Kyrkjemøtet. (2009b). Vedtak sak 7/09 Kristne innvandrere og menighetene i Norge. Kirkemøtekomiteens merknader og Kirkemøtets vedtak *Kyrkjemøtet i Den norske kyrkje*.

Kyrkjerådet. (2008). Plan for diakoni i Den norske kyrkja. In D. n. k. Kyrkjerådet (Ed.). Oslo.

Lauglo, J. (2010). *Unge fra innvandrerfamilier og sosial kapital for utdanning* Oslo: Norges forskningsråd

- Martikainen, T. (2005). *Religion, Immigrants and Integration*: Akademiet for Migrationsstudier i Danmark.
- Midteide, P. (2006). "På vei mot et inkluderende samfunn": Frikirkelig studieforbund, Norges Kristne Råd, Kirkerådet for Den norske kirke og Kristent Interkulturelt Arbeid (KIA)
- Mubiru, B. (2008). Why the word integration makes me tired, *Nordic Consultation on Migration and Changing Ecclesial Landscapes* (pp. 42-45). Djursholm, Stockholm: Ekumenik i Norden.
- Munck-Fairwood, B. (2008). *Welcome here? Responses to migration from churches in Denmark, Together or a p a r t? Report from the Nordic Consultation on Migration and Changing Ecclesial Landscapes*. (pp. 18-25): Nordic Ecumenical Working Group on Migration, Ekumenik i Norden.
- Nielsen, J. C. R., & Repstad, P. (2004). Fra nærhet til distanse og tilbake igjen. Om å analysere sin egen organisasjon. In *Dugnadsånd og forsvarsverker - tverretattlig samarbeid i teori og praksis* (pp. 234-253): Universitetsforlaget.
- Olsen, R. F. (16.11. 2009). Utfordrer til integrering. *Vårt Land*.
- Oslo, K. (2010). *Hvordan skape et kristent fellesskap på tvers av kultur og etnisitet? Seminar 17.04*. Retrieved 16.04, 2010, from <<http://www.korsvei.no/sider/tekst.asp?side=68>>
- Putnam, R. D. (2000). *Bowling Alone*. New York: Simon & Schuster.
- Rønning, V.-M. (2010, 13.02.). *Dette må vi ha fler av!* Retrieved 14.03, 2010, from <http://www.metodistkirken.no/der/frame.php?artikkel=273&page=1>
- Rønning, V.-M. (2010, 16.04.2010). *Ny prosjektleder i Flytningenettverket* Retrieved 15.05, 2010, from <http://www.metodistkirken.no/der/frame.php?artikkel=283&page=1>
- Saba, M. (2008). Migrants and local churches in Finland, *Nordic Consultation on Migration and Changing Ecclesial Landscapes* Djursholm, Stockholm: Ekumenik i Norden.
- SSB. (2010). *Innvandring og innvandrere: Nøkkeltall pr 01.01.2009*, from <http://www.ssb.no/innvandring/>
- Stokke, O. (2010, 16.04.2010). Innvandring. Integrert, men utenfor... *Aftenposten*. Stortingsmelding. (nr 49 (2003-2004)). Mangfold gjennom inkludering og deltakelse. Ansvar og frihet. Oslo: Det kongelige kommunal- og regionaldepartement.
- Strømsnes, K. (2004). Kirkegang og medlemskap i religiøse organisasjoner: Den brede vei til sosial kapital? In O. G. r. Winsnes (Ed.), *Tallenes tale 2004*. Trondheim: Tapir Akademisk Forlag.
- Sødal, H. (26.10.2009). Kritiserer hvite menighetsråd. *Aftenposten*.
- Thagaard, T. (2003). *Systematikk og innlevelse. En innføring i kvalitativ metode* (Vol. 2. opplag 2006): Fagbokforlaget Vigmostad & Bjørke AS.
- Traunmüller, R. (2009). Religion and social integration *Berliner Journal für Soziologie*, 19(3), 435-468.
- Vad Nilsen, I. (2008a). *Integrating and disintegrating factors in the relation between migrants and the Church of Norway*: Nordic Ecumenical Working Group on Migration, Ekumenik i Norden.
- Vad Nilsen, I. (2008b). Kirkeforståelse og kirkepraksis i migrasjonens tid. *Luthersk kirketidende*, 143. årgang (Nr. 20).



Vad Nilsen, I. (2009). Er integrering av innvandrere mulig? Menighetsarbeid i spenningen mellom segregering og assimilering. *Halvårsskrift for Praktisk Teologi*, 01/2009, 45-56.

Valenta, M. (2008). *Finding friends after resettlement: A study of the social integration of immigrants and refugees, their personal networks and self-work in everyday life*. Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet, Trondheim.

Wadel, C. (1991). *Feltarbeid i egen kultur*. Flekkefjord: SEEK A/S.

## Vedlegg

### Vedlegg 1: Førespurnad/orientering til kyrkjelydsleiingane

## Fleirkulturell integrering

### i Det Norske Baptistsamfunn og Den norske kyrkja

Temaet for dette prosjektet er fleirkulturell integrering i kristne kyrkjelydar og forsamlingar i Noreg. Prosjektet er ei masteroppgåve i diakoni ved Diakonhjemmet Høgskole i Oslo som vert gjennomført våren 2010.

*Prosjektet har som mål å undersøkje kva faktorar som er avgjerande for fleirkulturell integrering i Det Norske Baptistsamfunn og Den norske kyrkje.*

Omtrent 40 % innvandarane som kjem til Noreg, er kristne. Av dei som oppsøker ein norskspråkleg kyrkjelyd eller kristen forsamling, opplever nokre å finne seg til rette og vert verande, medan andre ikkje gjer det. Ved å gjennomføre ein kvalitativ studie vil eg undersøkje kva faktorar som påverkar dette. Eg vil gjennomføre undersøkinga i tre kyrkjelydar og samle data i hovudsak ved å intervju innvandrarak som går i desse kyrkjelydane. Eg vil også prøve å få intervju med innvandrarak som har besøkt kyrkjelyden eller forsamlinga, men ikkje knytt seg til den. Kyrkjelydane og forsamlingane i utvalet tilhøyrer Det Norske Baptistsamfunn og Den norske kyrkja. Dei aktuelle kyrkjelydane er svært ulike, både når det gjeld storleik, etnisk samansetnad og demografisk kontekst.

#### **Studien skal gjennomførast av:**

Signe Myklebust  
Masterstudent i diakoni  
Diakonhjemmet Høgskole  
Mobiltelefon: 480 75 166  
E-post: [signemyklebust@gmail.com](mailto:signemyklebust@gmail.com)

#### **Vegleiar for studien:**

Olav Helge Angell  
Fyrsteamanuensis  
Diakonhjemmet Høgskole  
Telefon 22451962  
Mobil 90838037  
E-post: [angell@diakonhjemmet.no](mailto:angell@diakonhjemmet.no)

## Vedlegg 2: Intervjuguide til informantar med innvandrarbakgrunn

### Eg vil stille spørsmål innanfor følgjande temaområde:

Om møtet med kyrkjelyden  
Om gudstenesta/andre arr. i kyrkja  
Om språk  
Tilhøyrighet og sosialt nettverk  
Deltaking  
Bakgrunn  
Fleirkulturelt fokus i kyrkjelyden

### Møte med kyrkjelyden

1. **KONTAKT** Korleis kom du i kontakt med kyrkjelyden?
2. **FØRSTE MØTE** Kan du fortelje om første gong du kom til kyrkja? Kven/kva møtte deg? Når var det? Kor lenge hadde du da budd i området?
3. **VIKTIGASTE GRUNN** Kva var viktigaste grunn til at du kom første gongen?
4. **KVIFOR FORTSETTE** Kva er viktigaste grunnen til at du fortsette?
5. **VANSKELEG?** Kva var vanskeleg i møte med kyrkjelyden?
6. **TIDSASPEKT/ANTAL** Kor mange gonger (omtrent) har du vore på gudsteneste her/ kor lenge har du gått i denne kyrkjelyden? Deltok du på andre arrangement her?
7. **AVSTAND** Er dette den næraste kyrkjelyden? Er det andre kyrkjelydar i området som kunne vore aktuelle, men som du har velgt vekk?
8. **ANDRE KYRKJELYDAR I NOREG** Har du tidlegare vore innom andre kyrkjelydar i området? På andre stader i Noreg? Kvifor valde du å ikkje fortsette her?

### Om gudstenesta:

1. **GUDSTENESTA** Har du vore på gudsteneste her? Korleis opplever du dei ulike delane av gudstenesta? Kva er det viktigaste for deg i gudstenesta?
2. **FORKYNNINGA** Kva synes du om forkynninga?
3. **ANDRE ARRANGEMENT** Har du vore på andre arrangement i kyrkja, kva arrangement?
4. **KYRKJE I HEIMLANDET** Gjekk du i kyrkja i heimlandet ditt? Kva arr, kor ofte?
5. **TYPE KYRKJELYD** I kva for ein kyrkjelyd? Kva særtrekk har denne? (Kva slags møteform? Hadde du kontakt med folk i kyrkjelyden utanom i kyrkja?)
6. **AKTIV?** Deltok du aktivt/hadde du oppgåver i kyrkjelyden? Kor mykje tid brukte du på det kvar veke? Korleis opplevde du det?

## Språk

1. **NORSKKUNNSKAP I MØTE MED KYRKJA** Kor godt snakka du norsk da du kom til kyrkjelyden første gongen? Hadde du behov for tolking, fekk du det?
2. **BRUK AV SPRÅK** Blir det brukt ulike språk (tekstar eller songar) i kyrkjelyden? Skulle du ønskje at dei gjorde det i større eller mindre grad enn slik det er i dag?
3. **TOLKING** Er det tilrettelagt for tolking (i benkeradene eller tolkeutstyr)? Nyttar du deg av dette eller har du gjort det tidlegare? Viss ja, kva tyding har dette (hatt) for deg?
4. **VANSKELEG** Kva er vanskeleg å forstå i kyrkja?

## Tilhørighet og sosialt nettverk

1. På kva måte er kyrkjelyden viktig for deg?
2. **SAKN/BEHOV** Er det noko du saknar? Kva tenker du om det? Korleis kunne desse behova blitt dekt?
3. Kva liker du ved denne kyrkjelyden samanlikna med andre du har gått i?
4. **SAKN** Kva saknar du, samanlikna med det du har erfart andre stader?
5. **KYRKJEKAFFI** Er det kyrkjekaffi etter gudstenestene i kyrkjelyden? Har du i så fall delteke her? Blei du invitert til det første gongen, i tilfelle av kven? Korleis opplever du å vere med på kyrkjekaffien?
6. **KONTAKT UTANOM KYRKJA** Har du kontakt med folk du kjenner frå kyrkja utanom? Viss ja, kven er desse (tilsette, frivillige, deltakarar på gudstenester/aktivitetar?) Folk frå same kultur som deg, eller andre kulturelle bakgrunnar? Kva var viktigaste grunnen til at de vart kjent? Viss nei, kva tenker du om det?
7. **KJENNSKAP/ TILHØYRIGHEIT** Kva tyding har vennar og kjente for tilhøyrigheita di til kyrkjelyden?
8. **TILLIT** - Meiner du at folk flest i kyrkja er til å stole på, eller meiner du at en må være på vakt og være forsiktig når en har med andre å gjøre?
9. Meiner du at folk i kyrkjelyden for det meste er innstilt på å være hjelpsame mot andre eller meiner du at de stort sett bare tar omsyn til seg sjølv?
10. Trur du at folk i kyrkja vil deg vel og vil hjelpe deg når du har behov for det?

## Deltaking

1. **AKTIV DELTAKING:** Har du bidrege med praktiske oppgåver i kyrkja? Kva? Når var første gongen? Var det noko du blei bedt om eller noko du sjølv tok initiativ til? Faste oppgåver?
2. **RESPONS: Viss ja,** opplever du at det du gjer blir sett pris på av kyrkjelyden? Kva respons får du frå venner/familie på at du er aktiv i kyrkja?
3. **RESPONS: Viss nei,** kunne du tenkt deg å delta aktivt i kyrkjelyden?

4. **INVITERT TIL DELTAKING:** Har du blitt spurt om å bli med i styret, ein komité eller å ha eit verv i kyrkjelyden? Eller har du vurdert det utan å bli spurt?
5. **PÅVERKNAD:** Opplever du at du har moglegheit til å påverke det som skjer i kyrkjelyden (ved å delta aktivt, stemme, ha moglegheit til å delta i komitear og leiarskap, gje tilbakemeldingar og innspel til leiinga)? Har du kome med konkrete forslag? Har dei blitt høyrte?
6. **MEDLEMSKAP:** Er du medlem i kyrkjesamfunnet? Kvifor/kvifor ikkje? Når vart du det?

### **Fleirkulturelt fokus:**

1. **FLEIRKULTURELT PREG?** Gjenspeglar gudstenestene at dette er ein fleirkulturell kyrkjelyd? På kva måte?
2. **ARRANGEMENT?** Kva arrangement i regi av kyrkja liker du best? (gudstenestene, arrangement med tydeleg fokus på det fleirkulturelle (internasjonal kvinnegruppe, internasjonal gudsteneste), andre?)
3. **FOKUS PÅ HEIMLANDET:** Ønskjer du å få spørsmål om heimlandet ditt og din kulturelle bakgrunn frå andre i kyrkjelyden? Opplever du at dette skjer?
4. **FOKUS PÅ HEIMLANDET 2:** Er heimlandet ditt og situasjonen her eit tema i kyrkjelyden? Kva tenker du om det? / Viss ja, på kva måte?

### **Andre forhold:**

1. **ANDRE FORHOLD:** Er det andre avgjerande faktorar for at du går i kyrkjelyden – søndagsskule? Skyss? Andre praktiske forhold? Mat/program under kyrkjekaffien?
2. **INFORMASJON:** Korleis får du informasjon om det som skjer i kyrkjelyden?

### **Avslutningsspørsmål:**

1. **VIKTIGAST:** Kva er viktigast for at folk med ulike kulturelle bakgrunnar skal finne seg til rette i ein kyrkjelyd?
2. **KORLEIS:** Kva skal til for at det blir enklare for folk med ulik kulturell bakgrunn å finne seg til rette her?
3. **VIKTIG FOR ANDRE?** Trur du det er faktorar her som er viktige for andre, som ikkje er så viktige for deg? I så fall kva faktorar?
4. **FOLK SOM HAR SLUTTA?** Veit du om innvandrarar som har gått her før, men som har slutta? Veit du kvifor dei har slutta?
5. **UTAN KYRKJELYD:** Kjenner du kristne innvandrarar som ikkje går i nokon kyrkjelyd? Kvifor gjer dei ikkje det?
6. **ANDRE TING?** Er det andre ting knytt til forhold i kyrkjelyden du vil fortelje om til slutt?

#### Bakgrunnsinformasjon:

Kjønn, alder, barn, utdanning, yrke

Bustad (og avstand til kyrkja)

Etnisk bakgrunn

Kulturell bakgrunn

Morsmål

Årsak til migrasjon

Opphald (permanent/transitt/uavklart)

Framtidsutsikter/framtidsplanar

## Vedlegg 3: Intervjuguide til leiinga i kyrkjelyden

### Tema: Fleirkulturell integrering i kyrkjelyden

*Innleie om tausheitsplikta mi  
frivillig deltaking,  
mogleg å trekke seg,  
bruk av lydopptak.*

- 1. Bakgrunn/historikk knytt til fleirkulturell kyrkjelyd** (Strategisk satsingsområde eller visjon? Teologisk tenking? Andre årsaker? Initiert av kven? Når? Nøkkelpersonar?)
- 2. Deltaking og involvering** (Kva for styrer/verv finst det i kyrkjelyden? Er det folk med ikkje-norsk bakgrunn i nokon av desse? Har nokon med fleirkulturell bakgrunn søkt på jobb her? Korleis går de fram for å involvere nye folk i frivillig arbeid? Når blir nye folk spurt, kva blir dei spurt om?)
- 3. Medlemskap** (Kva form for medlemskap opererer kyrkjelyden med? Vert nye aktivt invitert med som medlemmer? Kva inneber medlemskap? Kva konsekvensar har det å ikkje ha det?)
- 4. Tilrettelegging** (Har kyrkjelyden praktiske tiltak for at folk med ulike kulturelle og språklege bakgrunnar skal finne seg til rette? Tolking? Skyss? Informasjonstiltak på ulike språk?)
- 5. Kommunikasjon** (Kva har det å seie for kommunikasjonen at ein har ulik språkleg og kulturell bakgrunn? Har de konkrete eksempel på at dette har vore utfordrande? Misforståingar? Kva gjer de for at kommunikasjonen og informasjonsflyten skal bli best mogleg?)
- 6. Økonomi** (Korleis påverkar kyrkja sin økonomi satsinga på integrering i kyrkjelyden?)

7. **Samarbeid** (Samarbeider kyrkjelyden med andre kyrkjelydar, kommune eller andre aktørar om prosjekt eller aktivitetar som har med fleirkulturell integrering å gjere?)
8. **Teologi** (Teologisk forståing av innvandrar som del av kyrkjelyden, kva tankegang ligg til grunn?)
9. **Informasjonsformidling og bruk av omgrep** (Korleis presenterer kyrkjelyden seg sjølv (brosjyrar, nettside)? Er det noko i dette som signaliserer at kyrkjelyden er open for fleirkulturelt fellesskap? Har de aktivt jobba med å profilere dette? Kva ord bruker de for å formidle dette? Kvifor akkurat desse omgrepa/uttrykksmåtane?)
10. **Kyrkjelyden som sosialt fellesskap** (Er kyrkjelyden eit sosialt fellesskap utover det som skjer i kyrkja? Møter du personleg folk i kyrkjelyden utanom aktivitetane i kyrkja? Kven er dei? Kva etnisk/kulturell bakgrunn har dei?)
11. **Avrundingspørsmål om avgjerande faktorar** (Korleis kjem det tydelegast til uttrykk at kyrkjelyden er ein fleirkulturell kyrkjelyd? I gudstenesta, i det sosiale fellesskapet, gjennom andre arrangement/andre måtar? Er enkelte arrangement meir fleirkulturelle enn andre? Kva er det mest avgjerande for at folk frå ulike kulturar skal finne seg til rette i kyrkjelyden? )

### **Bakgrunnsinformasjon**

#### **Om kyrkjelyden:**

Namn, særtrekk, aktivitetar.

#### **Om representant(ane) for leiinga:**

Kjøn, alder, barn, utdanning, yrke.

Verv/stilling. Friviljug eller tilsett. Tidsrom (start, eventuell avslutning)

Når vart du med i leiinga? Og i kyrkjelyden? Kva kyrkjesamanheng hadde du vore med tidlegare

Bustad: kor langt er det til kyrkja?

#### **Viss innvandrarbakgrunn:**

Etnisk bakgrunn

Kulturell bakgrunn

Morsmål

Årsak til migrasjon

#### **Situasjon:**

Opphald (permanent/transitt/uavklart)

Framtidsutsiktar/framtidsplanar